

Dei forsvunne drapa.

Ei datateknisk tilnærming til ulikskapen mellom drapsbileta i Absalon Pederssøn Beyer si dagbok 1552-1572 og Bergen rådstueprotokoll 1592-1594.

[Forord](#)

[Innleiing og problemstilling](#)

[Kapittel 1. Eit nærare blikk på kjeldene](#)

- [1.1. Truverdet til kjeldene](#)
- [1.2. 20-års skiljet](#)
- [1.3. "Dårlege år for drap"?](#)

[Kapittel 2. Drapsbiletet i litteraturen](#)

- [2.1. Talet på drap](#)
- [2.2. Kven drap?](#)
- [2.3. Truverdet forskarane tileignar kjeldene](#)

[Kapittel 3. Moglege alternative domstolar](#)

- [3.1. Andre norske verdslege domstolar](#)
- [3.2. Gardsretten ved Slottet](#)
- [3.3. Kontoret og jurisdiksjon](#)
- [3.4. Geistlege domstolar](#)

[Kapittel 4. Oppgjer utanfor domstolane.](#)

- [4.1. Soning ved fogden](#)
- [4.2. Kanslaren som handsamar av drapssaker](#)
- [4.3. Private oppgjer](#)

[Kapittel 5. Oppbygging av analysereiskap](#)

- [5.1. Formålet med databasane](#)
- [5.2. Oppbygging av databasane](#)
- [5.3. Problem ved framgongsmåten](#)
- [5.4. Dei andre sakene](#)

[Kapittel 6. Gjerningsmennene i drapssakene](#)

- [6.1. Drapsmennene sitt kjønn](#)
- [6.2. Drapsmennene sin alder](#)
- [6.3. Sosial plassering av drapsmennene](#)
- [6.4. Plassering av drapsmennene i høve til domstolar og lovverk](#)

[Kapittel 7. Avslutning](#)

[Vedlegg](#)

- [Vedlegg 1](#)
- [Vedlegg 2](#)
- [Trykte kjelder og litteratur](#)
- [Utrykte kjelder](#)
- [Kjelder tilgjengelege på internett](#)

Dei forsvunne drapa.

Ei datateknisk tilnærming til ulikskapen mellom drapsbileta i Absalon Pederssøn Beyer si dagbok 1552-1572 og Bergen rådstueprotokoll 1592-1594.



Historie hovudfag hausten 2000
Historisk institutt UiB
Åsta Vadset

[Avdeling for forskningsdokumentasjon](#), Universitetsbiblioteket i Bergen og [Historisk institutt](#), 06.02.2001



Forord

Alle som har tekje eit hovudfag veit at det er ein møysommeleg og tidkrevjande prosess. Dei siste åra har for min del vore prega av endelause frustrasjonar i det eine øyeblikket og av ny forståing og fornya kunnskap i det andre. Det har vore ein periode der eg sjølv har fått skapt noko nytt, men likevel i samarbeid med andre diskutert meg fram til moment eg ikkje hadde funne ut av åleine. Utan medverknad frå fleire ulike hald hadde ikkje dette prosjektet vorte fullført. Dette er dermed først og fremst eit takkens ord. Takk til Jan Oldervoll og Anne-Hilde Nagel for fagleg rettleiing, tålmodig oppfølging og inspirerande engasjement. Statsarkivar Yngve Nedrebø, som i samarbeid med Jan, gav meg idéen til eit spanande og utfordrande hovudoppgåveprosjekt. Kollokvie-jentene Anne Marie, Grethe, Janniche og Siri for fruktbare tilbakemeldingar, diskusjon, hyggelege middagar og uunværleg vennskap. Mamma, pappa og Ingeborg for fantastisk støtte gjennom år med studier - for evig oppmuntrande ord trass i ein ustoppeleg straum av sutring og grining på telefonen. Brita, Kjetil, Leidulf, Pia, Renate, Rune, Vemund og Yngve for "kvalitetspausar", latter, trivelege turar på Henrik, oppbacking og forståing på mørke dagar. Deltakarar på seminar for tidleg moderne tid for entusiasme og oppbyggjande innspel. Ei særskild takk til Espen for sarkastiske kommentarar med konstruktive følgjer og nyttig utveksling av informasjon. Bodil Erichsen, Anders Bjarne Fossen, Steinar Imsen, John-Ragnar Myking, Jørn Sandnes, Jørn Øyrehagen-Sunde og Randi Benedikte Brodersen for velvillig hjelp og oppklarande samtalar. Kyrre for timar med korrekturlesing og flittig bruk av raud penn. Erik Thorsen for lærerik omvising i den gamle rådstua. Sist men ikkje minst ei stor takk til mellomfagsrettleiaren min Geir Atle Ersland. Dette arbeidet hadde ikkje blitt til utan hans oppmoding om å søkje hovudfag. Tusen takk!

Bergen 20.november 2000

Åsta Vadset

Konvertert til HTML-format med rtf2html 4.19 (<http://www.sunpack.com/RTF/>).

Det er gjort mindre ortografiske endringar frå papirutgåva til nettversjonen.

Bergen 23.november 2000



Innleiing og problemstilling

Bakgrunnen for denne hovudoppgåva er ei førelesing eg gjekk på for fleire år sidan. Staden var Studentsenteret i Bergen og faget var historie. Det som vekte interessa til trøytt grunnfagsstudentar denne morgonen var førelesaren sine skildringar av valdsforekomsten i Norge på 1500 og 1600-talet, det ein på fagspråket kallar tidleg moderne tid.[\[1\]](#) Tilhøva var særleg ille i Bergen kunne professoren fortelje, ut ifrå det slottsprest Absalon Pederssøn Beyer formidla til ettertida. I si dagbok frå siste halvdel av 1500-talet, gjev han eit bilete av eit valdeleg bysamfunn der det var vanleg å ty til handgemeng, som ikkje sjeldan enda i drap. Framstillinga av byen, som for dei aller fleste av oss i dag er ein trygg og harmonisk stad å leve, gjorde inntrykk og gjorde oss nyfikne. Eit par år etter vart eg presentert for den eldste justisprotokollen i Norge. Protokollen viste seg å vere henta frå Bergen rådstue frå om lag same perioden[\[2\]](#) som Absalon si dagbok. Med dei blodige skildringane frå dagboka, og oppfatninga av eit valdeleg og lovlaust bysamfunn klart i minne, gjekk eg laus på rettsprotokollen. Det første som slo meg var variasjonen i type saker som hadde vore oppe for domstolen. Majoriteten av sakene gjekk på økonomiske lovbrøt, av typen skuld som ikkje vart gjort opp for og tjuverisaker. Dessutan inneheld protokollen opp til fleire trolldomssaker. Det overraskande var at eg knapt nok kunne finne drapssaker og andre tilfelle av grov vald i referata. Resultatet var at eg etter gjennomlesinga av Bergen rådstueprotokoll (1592-94) sat igjen med eit heilt anna bilete av bysamfunnet Bergen i siste halvdel av 1500-talet, enn det grunnfagsforelesaren min, på grunnlag av Absalon Pederssøn Beyer si dagbok, gav oss. Korleis kan to kjelder, som er henta frå det same bysamfunnet frå den same perioden, gi to så fundamentalt ulike bilete av vald og drap?

Det som gjer dette arbeidet vanskeleg er det faktum at det, bortsett frå disse to kjeldene, finnes svært få dokument som er bevarte frå Bergen i denne perioden. Berre eit avgrensa utval kongebrev og lensrekenskap kan hjelpe oss å finne fram til korleis drapsbiletet i 1500-tals byen verkeleg var. I tillegg er dei to kjeldene mine, Absalon Pederssøn Beyer si dagbok og Bergen rådstueprotokoll, vesensforskjellige. Den eine er ei dagbok, som skildrar positive og negative, små og store hendingar i byen Bergen; ei personleg framstilling av eit samfunn. Den andre er ein offisiell justisprotokoll frå rettssaker haldne ved rådstua i Bergen; eit offentleg dokument som gir bilete av kva som foregår i retten. Felles for dei to kjeldene er at dei er skrivne i Bergen i andre halvdel av 1500-talet, og er difor baa framstillingar frå det same bysamfunnet. I dagboka finn eg, ut ifrå Absalon sine nedteikningar og mine tolkingar av nedteikningane[\[3\]](#) 38-53 drap.[\[4\]](#) Noko som gir maksimum 4,1 og minimum 2,9 drap per år i gjennomsnitt.[\[5\]](#) I perioden Bergen rådstueprotokoll dekkjer kom berre to drapssaker inn for retten ved rådstua. I det eine tilfellet vart den tiltalte frikjend. I den andre saka lyste drapsmannen på seg drapet, som var eit vådeskot, og vart forlikt ved drapsbot med arvingane til offeret og kongen. I følgje protokollen vart med andre ord ingen dømt for overlagt drap i Bergen i treårsperioden 1592-94. I løpet av denne treårs-perioden kom med andre ord berre ei drapssak inn for domstolen rådstueprotokollen vart ført ved. Noko som skulle tilsei 0,3 drap i gjennomsnitt per år. Om tilstandane verkeleg var så ille som Absalon skildrar, kvifor gir då ikkje rettsprotokollen frå rådstua i Bergen same biletet av drapførekømt?

Eg vil med bakgrunn i dette finne ut kvifor Absalon si dagbok og Bergen rådstueprotokoll, som skriv seg frå omlag same periode, gir så vidt forskjellige framstillingar av drap begått i den same byen. Denne gjennomgongen vil med andre ord vere *eit søk etter årsaker til ulikskapen i drapsbileta* dei to kjeldene teiknar. Versjonen av dagboka eg har lagt til grunn for analysen min vart gitt ut på Universitetsforlaget Oslo-Bergen 1963. Dette er tekstbindet, medan eg har brukt andre utgåva av kommentarbindet som vart gitt ut på same forlag i 1970. Kommentaranane er skrivne av Halkild Nilsen. Versjonen eg har brukt av Bergen rådstueprotokoll er den Gro Bastiansen transkriberte for Ættehistorisk institutt i 1996.

Det første eg vil sjå på i drøftinga av moglege løysingar til ulikskapen er truverdet til dei to hovudkjeldene mine. Som offentleg dokument er rettsprotokollen ei kjelde eg som historikar i utgangspunktet vil tileigne stor truverd. Ei dagbok derimot, som er ei personleg framstilling og ikkje har det same offentlege kontrollaspektet ved seg, bør ein tradisjonelt sett vere meir kritisk til. Stemmer dette hjå mine kjelder? Trass i disse elementa vil eg vere like kritisk til baa kjeldene. Om det viser seg at éi av dei er lite truverdige, kan ulikskapen mellom kjeldene forklarast ved ulik grad av truverd. Konsekvensen vert at eg då må festa større lit til den mest truverdige kjelda, og leggja tilsvarande mindre vekt på den andre.

Dessutan er det 20 år mellom då Absalon avslutta dagboka si i 1572, til 1592 då dei første referata i rådstueprotokollen startar. I og med at det for åra 1560-1572 er skildra ei rekkje drap, medan det i løpet av treårs-perioden 1592-94 knapt nok finnes noko drap å spore – kan det tenkjast at drapførekømt har gått drastisk ned i løpet av dei 20 åra som skil kjeldene. Eg vil sjå på kva litteraturen seier om ein eventuell nedgong av drap og vald.

Det er òg mogleg at det i løpet av åra 1592, 1593 og 1594 ikkje vart begått noko drap i Bergen, at denne treårs-perioden var ”dårlege år for drap”. Det kan vere interessant å undersøke om det i Absalon sine dagboksnedteikningar finnes liknande periodar på fleire år etter kvarandre utan at drap vert nemnt.

Deretter vil eg gå til litteraturen for å finne ut kva som er skriva om drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Er drapsbiletet nyansert eller skildrar samtlege historikarar, som har tekje for seg dette emnet, byen som drapsinfisert? Kor mange drap reknar dei med vart gjorde i Bergen i denne perioden? Eg vil sjå på kva kjelder forskarane legg til grunn for skildringane sine og kva truverd dei tileignar kjeldene. Om drapsbiletet i litteraturen syner seg å vere nyansert kan eg kanskje alt her finne løysinga på ulikskapen mellom kjeldene. Det vert òg interessant å finne ut av om forskarane peiker ut særskilde grupper i samfunnet som drapsmenn. Slike opplysningar kan eventuelt gi meg ein peikepinn vidare i søket etter grunnane til dei ulike drapsbileta.

Eg vil òg sjå på om der fanst andre domstolar i Bergen, enn den rådstueprotokollen vart skriven ved, som kan ha dømt i drapssaker. Eit viktig moment å ha i minnet er at rettsmakta i siste halvdel av 1500-talet ikkje fungerte etter noko klart definert system. I denne perioden står 1600-talets lovrevidering og instansordningar på trappene, ein finn eit rettssystemet som er i støypeskeia. Korleis rettsystemet fungerte er uklårt for oss, og det var kanskje ikkje noko spesielt klårare for menneska som skulle forhalde seg til det i praksis. Det vert naudsynt å presisere at ein ikkje må prøve å lage system av ei rettsmakt som i realiteten ikkje fungerte som system. Eg vil derimot gå til litteraturen og sjå på kva som er skriva om alternative domstolar og kva deira funksjonsområde var. Det kan dessutan tenkjast at ulikskapen kan forklarast med at drapa som er nedteikna i dagboka ikkje vart påtalde, eller at dei på anna vis vart gjort opp for utanfor domstolane. Eg vil undersøkje om drap kunne gjerast opp for utanfor domstolane. Lovverket eg har å forhalde meg til er Magnus Lagabøte si lands- og bylov, recessar og kongebrev. I tillegg vil eg sjå på Christian 4 si norske lov av 1604, med den grunngevinga at lover ofte bekreftar ein praksis.

Etter å ha sett på moglege løysingar til ulikskapen i drapsbileta vil eg gå til kjeldene, dagboka og rådstueprotokollen, å sjå nærare på kva dei fortel meg om etterspel etter drap. Med etterspel meiner eg utfall, kva som skjedde med drapsmannen etter at drapet vart begått; kva straff han fekk eller om han i det heile vart straffa. Teorien min er at eg ved å sjå på særtrekk ved drapsmennene kan finne løysinga på ulikskapen i drapsbileta mellom dei to kjeldene. Med særtrekk meiner eg karakteristika ved drapsmennene som gjorde at enkelte drapssaker ikkje vart klaga inn for domstolen ved rådstua. Om til dømes drapsmennene vart dømde etter ulike lover og ved ulike domstolar, avhengig av om dei tilhørte ei spesiell gruppe i bysamfunnet, vil det kunne forklare kvifor så få drapssaker finnes i rådstueprotokollen. Eg vil sette opplysningane eg finn i drapssakene i dei to kjeldene inn i databasar. På denne måten kjem særtrekk ved drapsmennene og dei ulike etterspela klart fram. Målet med å byggje databasar over kjeldematerialet mitt er todelt. Eg vil for det første ha nytte av basane sjølv i tilknytning til denne oppgåva. Dessutan vil basane ligge tilgjengelege for andre forskarar som treng å nytte Absalon si dagbok eller Bergen rådstueprotokoll som kjelder. Synleggjinga av resultatane mine, graden av dokumentasjon og etterprøving av kjeldene er svært gode ved denne framgangsmåten.

Før diskusjonen kan byrje er det naudsynt å definere eit par omgrep. Når eg snakkar om ”drap” vil eg i denne undersøkinga referere til både overlagt drap, drap i naudverje og uoverlagt drap, vådeskót. Grunnen til dette er at det ut ifrå Absalon sine dagboksnedteikningar ikkje vert skilt mellom disse ulike typar drap. Det kjem med andre ord ikkje klart fram frå notata kva som var ulukke med døden til følgje og kva som var drap med hensikt. I rådstueprotokollen, der denne skilnaden nettopp vil vere eit hovudpoeng for straffeutmålinga, kjem naturleg nok dette skiljet klart til uttrykk. I og med at eg skal lage ei komparativ undersøking vert det derimot naudsynt å la omgrepet ”drap” femne om både våde og vilje. Andre omgrep som må omtalast er ”drapsmann” og ”gjerningsmann”. På norsk har vi ikkje tilsvarende ord som er kjønnsnøytrale,^[6] så eg vil igjennom denne oppgåva nytte ordet drapsmann og gjerningsmann om kvinner så vel som menn som tok livet av ein annan person.

[1] Hilde Sandvik i Blom og Sogner 1999: 83, 85.

[2] 1592-1594.

[3] Ved hjelp av tilleggsopplysningar i Halkild Nilsen sitt kommentarbind.

[4] Alt etter kor sikkert ein kan fastslå at lovbrotet enda med døden.

[5] Eg deler talet drap på dei 13 åra, frå og med 1560 til og med 1572, Absalon skildrar drap. I perioden frå og med 1552 til og med 1559 nemner han ingen drap. Frå og med 1560 får notatane ein annan karakter, dei vert meir

utfyllande og notatet for ein dag fyller like mykje plass som det notatet for eitt år gjorde før 1560. Eg har difor valt å rekne drapstalet eg finn ut ifrå åra 1560-72. I dei åtte første åra har han tydelegvis konsentert seg om andre emne i notatane sine, og unngått å nemne lovbrott i det heile. Eg kan difor ikkje vite noko om drapsførekomsten i byen ut ifrå disse første åtte åra av dagboka.

[6] Omgrepet ”mordar” er kjønnsnøytralt, men har ei anna meining enn omgrepet ”drapsmann”. Mordar er ein person som har begått ei viljestyrt handling. Dette omgrepet innlemmar difor ikkje drap av våde.



Kapittel 1. Eit nærare blikk på kjeldene

I dette kapitlet vil eg sjå nærare på dei to kjeldene mine, og undersøke om det er trekk ved dei som kan forklare ulikskapen i drapsbiletet. Først vil eg sjå nærare på truverdet til dei to kjeldene. Er båd brukbare til å gi eit korrekt drapsbiletet? Eller kan ulikskapen i drapsbileta forklarast ved at den eine kjelda er meir til å lite på enn den andre? Vi ser dessutan at det er 20 år som skil kjeldene i tid. Kan ulikskapen forklarast ved at valdsforekomsten gjekk ned i løpet av disse åra? Om så er tilfelle kan drapsbileta i båd kjeldene vere korrekte. Eg vil finne ut kva litteraturen seier om auke eller nedgang i valdsforekomst i denne perioden. Ei anna mogleg løysing på ulikskapen kan vere at det ikkje vart begått drap i Bergen i åra 1592-94. Finn eg liknande drapsfrie periodar i dagboka, som kan legitimere ei slik forklaring?

1.1. Truverdet til kjeldene

Eg vil vurdera dei to kjeldene ut ifrå opphavssituasjonen deira, for å sjå om det er noko ved opphavet til kjeldene som gjer den eine meir truverdig enn den andre. Om så er tilfelle, kan ulikskapen mellom framstillingane i dei to kjeldene forklarast ved ulikt truverd, det vil sei at den eine kjelda gir eit urett bilete av førekomsten av drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Konsekvensen vert at eg då må festa større lit til den mest truverdige kjelda, og leggja tilsvarende mindre vekt på den andre.

Absalon Pederssøn Beyer si dagbok

Kva truverd kan eg tileigne Absalon som skribent? For å finne ut av dette vil eg sjå nærare på kven han var. Absalon Pederssøn Beyer(1528-1572) vaks opp i huset til superintendent Gjeble Pederssøn i Bergen. Etter studiar ved universiteta i København og Wittenberg vart han som 25-åring lektor i teologi ved Bergens katedralskole.[1] Han vart i 1560 utnemnd til notar ved domkapitlet og frå 1566 fungerte han som slottsprest ved Bergenhus.[2] Grunnen til at Absalon ikkje tok over Gjeble Pederssøn sin plass på bispestolen, var at han var av norsk lavadelssett[3] og at kongen sin politikk var å tilsette danske menn i høge norske embetsstillingar.[4] Absalon var snaut ti år då reformasjonen braut inn over Bergen. Han vaks difor opp med den nye læra og vert framstilt som ein from lutheranar.[5] Han er dessutan rekna som den fremste i krinsen av bergenshumanistane.[6] Både Absalon si oppseding, utdanning og leveveg skulle tilsei at han var eit menneske som heldt seg til sanninga og dermed for oss er truverdig. Rolla hans som humanist understrekar meir enn undergrev dette argumentet.[7] Dette er derimot det biletet vi, ut ifrå våre oppfatningar av geistlege og humanistar, dannar oss av Absalon Pederssøn Beyer. Var han verkeleg slik vi forventa at han skulle vere? Eller var han kanskje heilt annleis? Kan det tenkjast at Absalon ville skape sensasjon ved å teikne eit bilete av samfunnet han levde i som umoralsk og valdeleg? At dagboka hans i stor grad er fiksjon? At drapa og lovbrota i røynda ikkje fann stad? Eller var Absalon kanskje ein person sterkt prega av den religiøse trua si, eit verdsbilete som var gjennomsyra av overtru og tilknytninga til høgare sosiale lag? Var dette bakgrunnen for at han såg umoral og drapsmenn i alle tenkelege høve? At han rett og slett laga ei framstilling av bysamfunnet Bergen med overdreven fokusering på og utgreiing om drap og andre lovbrot? Det er mogleg at så er tilfelle når det gjeld umoral. Noko heilt anna når drap og henrettingar vert skildra skulle eg tru - med mindre Absalon var ein lystløgnar! Tap av menneskeliv, vere seg ei kriminell handling eller ein dødsdom, er noko som bit seg fast i minnet. Eit anna spørsmål er om drapa Absalon, til tider berre kort og utan utfyllande opplysningar har notert, verkeleg var drap.[8]

Kva kan så typen kjelde sei meg om truverdet til dagboka? Absalon Pederssøn Beyer sine nedteikningar høyrer heime i dagbokgenren. Dagbøker er som oftast klart private, der forfattaren er ærleg og oppriktig i talen sin. Likevel er enkelte dagbøker skrivne for å offentleggjerast, eller i alle fall med tanke på å kunne lesast av andre.[9] Dermed er det sannsynleg at modifiseringar, som meir formell språkbruk, og andre tilpasningar, som utelating av svært personlege tankar og kommentarar, har blitt gjort.

Kva var formålet med dagboksnedteikningane til Absalon? Og kva kan dette fortelje meg om truverdet til kjelda? Absalon må ha sett stor verdi i å formidle opplevingane sine. Ikkje minst med omsyn til at han brukte ressursar på noko så kostbart som skrivepapir var den gongen. Nedteikningane har delvis form som privat dagbok, delvis som forteljing til eit større publikum.[10] Notatane fortel frå dag til dag om store og små hendingar i bysamfunnet Bergen. Det kan vere alt ifrå skildring av at kona hans, Anne Pedersdotter, kom heim frå Danmarks-tur.[11] til

eksekvering av dødsdomar.[12] I følge Sverre Steen skreiv Absalon til opplysning for sine etterkomarar og kollegaer ved domkapitlet i Bergen.[13] Dagboka er dermed truleg skriven for å bli lest av andre, som eit offentleg dokument. Dette sansynleggjer på den eine sida at Absalon har uttrykt seg på ein noko annleis måte og skrive om andre emne enn han ville gjort om dagboka berre var meint for privat bruk. På den andre sida syns eg det offentlege preget styrkjer truverdet til kjelda, ved det at Absalon var klar over at andre, som hadde godt kjennskap til miljøet han skildra, ville lese nedteikningane. Disse ville dermed få ein slags kontrollfunksjon på om det som stod der var i samsvar med røyndomen eller ikkje. Eit viktig moment når det gjeld Absalon si dagbok som kjelde til drapsforekomst er at hensikten med nedteikningane truleg ikkje var å registrere drap. Difor kan eg ikkje vite om han har kartlagt alle drap som vart gjorde i Bergen 1552-72, samstundes som eg må ta atterhald om at alle drapa Absalon har festa til papiret ikkje verkeleg var drap. Eit anna moment som styrkjer truverdet til Absalon som formidlar er atterhalda han sjølv tek når han fortel om hendingar han ikkje deltok i, men berre hørde om.[14] Frå og med 1560 endrar notatane karakter. Skildringane frå 1552-60 fokuserar på kjenningar som døde ein naturleg død eller dato for avreise og når vedkomande returnerte til byen. Dei siste 13 åra av dagboka vert meir nedteikningane meir utfyllande og notatet for ein dag fyller like mykje plass som det notatet for eitt år gjorde før 1560. Dette er bakrunnen for at eg har valt å rekne drapstalet eg finn ut ifrå åra 1560-72. I dei åtte første åra har Absalon tydelegvis konsentrert seg om andre emne i notatane sine, og ikkje nemnt lovbrøt i det heile. Eg kan difor ikkje vite noko om drapsforekomsten i byen ut ifrå disse første åtte åra av dagboka.

Etter denne gjennomgangen ser eg at der er fleire argument som talar *for* truverdet til Absalon sine dagboksnotat enn dei som talar imot. Eg vel difor å tillegge Absalon tilstrekkeleg truverd til å handsame dagboka hans som ei kjelde det er legitimt å bruke i diskusjonen om drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Vi må likevel hugse at vi aldri kan slå fast om Absalon si dagbok verkeleg er fakta eller om den rett og slett er fiksjon, på grunn av at vi manglar tilsvarende kjeldemateriale frå denne perioden.

Bergen rådstueprotokoll

Før eg tek til å diskutere truverdet til rådstueprotokollen vert det naudsynt å fastslå kva domstol protokollen vart skriven ved. Når eg så har fått plassert den, vil eg kunne gå vidare med å sjå på kor brukbar protokollen er som kjelde til drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet.

Kva er Bergen rådstueprotokoll? Det er Norges eldste berga justisprotokoll. Truleg vart protokollen, grunna dei mange trolldomsprosessane den inneheld, sendt ut av byen og var mange år utanbys – før den i 1791 kom attende til Bergen. Den har dermed unngått mange store bybrannar som gjennom hundreåra har herja byen, og er difor éin av ytterst få 1500-tals protokollar som er berga for Bergen.[15] Protokollen går vanlegvis under namnet Bergen rådstueprotokoll. Den må derimot ikkje forvekslast med justisprotokollar frå domsmøte ved rådstueretten, som er ein annan domstol ikkje oppretta før først på 1600-talet.[16] Rådstueprotokollen er med andre ord *ikkje* ein rådstuerettsprotokoll. Rettargong og handsaming av juridiske saker på 1500-talet er ikkje enkelt å forhalde seg til. For det første fanst der inga fast instansordning mellom domstolane,[17] dessutan er det lett å gå i surr når det gjeld omgrepa på dei ulike domstolane, som av ettertida, og muligens òg samtida, hadde ulike og overlappende nemningar.

På 1500-talet var det lagtinget, òg kalt lagmannsretten, lagmannsstemnet[18] eller alminneleg lagting[19] som var underrett i byen sine saker.[20] Lagmannen sat som fagdommar[21] og byrådet danna den faste domsnemnda - gjerne kalla lagrette.[22] Det var lagtinget som både fungerte som førsteinstans i byen sine saker og frå 1590 som andreinstans i bygda sine saker. I byane fanst der ingen lågare domstol enn lagtinget.[23] I Bergen hende det at rådet eller rådsmedlemmane opptredde som domstol åleine, utan lagmannen. Dette kan eg derimot ikkje finne døme på i Bergen rådstueprotokoll 1592-94.[24] Vanlegvis vart derimot alle saker som vedgjekk bybuarane og innbyggjarane i landdistrikta under Bergen lagdømme, tekne opp på lagtingssamlingar under leiing av lagmannen, med borgarmeistrar og rådmenn som dommarar saman med meinig lagrette.[25]

Denne retten eller domsmøtet hadde utspring i det årlege lagtinget, Gulatinget, som ein finn påbod om i Magnus Lagabøte si landslov av 1274 og som igjen vart lovfesta ved Christian 4 si norske lov av 1604. I Bergen skulle dette haldast St.Botolfsdag, nærare bestemt 16.juni kvart år.[26] Praksisen med faste lagtingssamlingar om sommaren heldt fram òg etter at det alminnelege lagtinget, som skildra ovanfor, fekk meir eller mindre regelmessige møte i byen gjennom heile året. Lagtingssamlingane om sommaren utmerkte seg ved i tillegg til lagmann, borgarmeistrar og byråd, å ha større deltaking frå distrikta som lagrettesmenn.[27] Hjå Absalon finn eg notat som nemner ”lagtinget om sommeren” 18.juni 1565[28], 17.juni 1566[29], 17.juni 1569[30], 16.-23.juni 1571.[31] Dessutan finn eg at

Absalon har notert at ”lagtinget om sommeren” vart samla 2.april 1562[32]. Enten så har Absalon skrive denne opplysninga ned under feil dato, eller så var ein ikkje konsekvent med at tidspunktet for sommarlagtingssamlinga skulle haldast i midten av juni. Jørgen Lykkes, Bjørn Andresøns og Kristoffer Valkendorfs recess av 13. mars 1568 seier at ”lagting skal normalt holdes til sedvanlige tider”[33], noko som kan tyde på at tids-påbodet for dette rettsmøte i praksis ikkje vart overheldt. 14.april 1572 kjem det derimot ein recess som pålegg alle lensmenn og lagmenn nordafjells å møte til årleg lagting i Bergen 29.juli[34].

Inneheld så Bergen rådstueprotokoll referat frå sommarlagtingssamlingar? Protokollen går frå og med 15.juli 1592 til og med 18.april 1594, noko som skulle tilseie at ein kunne forvente å finne referat frå minimum eitt eller maksimum tre sommarlagtingssamlingar i den – alt etter kor konsekvent ein var med å følge den lovfesta lagtingstida. I rådstueprotokollen kan eg ikkje finne referat frå noko tingmøte verken 16.juni eller 29.juli, slik som var påbode i lovene. Andre rettsmøte sommarstid utmerker seg heller ikkje på noko vis.

Litteraturen seier at talet lagrettemenn ved sommarlagting skulle vere større enn ved vanlege lagting.[35] Kan eg finne ein slik større representasjon ved noko rettsmøte i Bergen rådstueprotokoll? Talet lagrettemenn i protokollen går frå to[36] til tjuufem.[37] Når talet lagrettemenn var så høgt som tjuufem skuldast det kanskje at ei trolldomssak, som enda i dødsdom, vart teken opp ved rådstua.[38] I andre tilfelle der trolldomssaker vart handsama, eller dødsdomar vart avsagde, var talet lagrettemenn derimot ikkje noko større enn ved møte der slike saker ikkje vart handsama.[39] Heller ikkje ser det ut til å ha vore høgare ved dei to drapssakene, ”anklage for dødsfall”[40] og ”ulukke og dødsfall”, som kom opp for rådstua iløpet av denne treårs-perioden.[41] Eg kan med andre ord ikkje finne noko som tyder på at referat frå sommarlagting finnes i protokollen ut frå kriteriet om at eit større tal lagrettemenn var tilstades ved slike samlingar.

I recessen står det dessutan at lensherrane og lagmennene i det nordafjellske Norge skulle møte ved sommarlagtinget i Bergen. Om eg ser på representasjonen ved dei ulike møta finn eg at lensherren over Vardøhus og Senja len møtte ved rådstua, som medlem av domsnemnda, ei rekkje gongar. Dette skjer på tilsynelatande vanlege lagtingsmøte, i april, september og november, utan at nokon borgar frå hans len vart stemnd for retten.[42] Lensherren ved Bergenhus, Peder Thott, er stort sett òg tilstades ved rettsmøta. Eit rettsmøte som utmerker seg fann stad 23.august 1593. I tillegg til lensherrane Kaas og Thott, var lagmennene i Nordland, Stavanger og sjølvstøtt Bergen tilstades ved tingmøtet. Pålegget om at lagmennene i det nordafjellske skulle møte til lagting i Bergen er dermed så godt som oppfylt. Talet på lagrettemenn er derimot ikkje noko større enn ved vanlege lagting. Dei involverte i saka er ikkje geografisk sett knytta til disse representantane på ein slik måte at det ville vore naturleg for dei å møte.[43] Saka gjaldt ”bebyggelse etter brann” og dei stridande partane var fogden for Apostelgods og ein Bergens borgar. Eg kan heller ikkje finne noko liknande ved andre rettsmøte i protokollen. Oppmøtet av lensherrane Thott og Kaas finn ein med ujamne mellomrom i referata i protokollen, så det er ikkje noko spesielt for nett dette møtet. Å finne lagmennene i Nordland og Stavanger samstundes på eit rettsmøte skjer derimot berre denne eine gongen i referata. Eg kan på grunnlag av disse momenta *ikkje* slå fast at dette er ei sommarlagtingssamling. Ei mogleg forklaring er at referat frå sommarlagting i Bergen 1592-94 verkeleg finnes i Bergen rådstueprotokoll, men at eg på grunnlag av dei opplysningane eg har ikkje finn at slike referat utmerker seg i protokollen. Ei anna løysing er at drapssaker frå Bergen kan ha kome opp for sommarlagtinget i dette tidsromet og dermed vorte førte i ein eigen rettsprotokoll for sommarlagtingssamlingar.

I tingskipingsbolken i Magnus Lagabøte si bylov vert det pålagt byborgarane å halde bylagting. Dette var første lagtingsmøtet i januar kvart år.[44] var sett av til byens saker og fungerte som den høgaste domstol i byen.[45] Dette tyder at lagtinget under namnet bylagtinget fungerte som høgaste rettsinstans for byen sine saker.[46] Slike domsmøte som vart kalla bylagting finn vi òg i Absalon si dagbok; 5.januar 1566 og 1.januar 1570.[47]

Kva med referat frå bylagtingssamlingar? Finn vi slike i Bergen rådstueprotokoll? I referata ser vi at domsmøte haldne i byrjinga av januar vart kalla ”Julle Laugting”. Disse må ha vore den same rettssamlinga som bylagting. Her er det berre saker som gjaldt byborgarane som vart tekne opp.[48] Av rådstueprotokollen ser det ikkje ut som om lagtinget har konstituert seg som noko anna, har annleis domssamansetjing, når dei har handsama saker frå byen enn ved handsaming av saker frå andre stadar i lagdømet. Ulikskapen er at det ved bylagtingssamlingar vert presisert om lagrettemennene er ”inden wæbond” eller ”uden wæbond”. Elles er talet lagrettemenn noko større enn ved dei fleste andre rettsmøte i protokollen.

Det alminnelege lagting, lagtinget om sommaren og bylagtinget var med andre ord tre ulike rettar, med om lag same domsnemnd - berre med små variasjonar som gjorde at rettsmedlemmane konstituerte seg som enten den eine eller

den andre domstolen. Bergen rådstueprotokoll 1592-94 er ein lagtingsprotokoll,[\[49\]](#) der referat frå rettsmøta ved bylagtinget òg er innførte. Eg kan derimot ikkje finne opplysningar som gjer det mogleg å slå fast at referat frå sommarlagtinget er nedteikna i protokollen. Namnet har protokollen fått på grunn av at domsmøta for det meste vart haldne ved rådstua i Bergen.[\[50\]](#) Samansetjinga av domsmedlemmar, type saker og aktørane i dei ulike sakene understrekar stadfestinga av protokollen som eit dokument henta frå lagtinget. Domstolen var oftast samansett av Bergens og Gulens lagmann, byens råd; borgarmeistrar og rådmenn, i tillegg til meinige lagrettemenn. Sakene som vart tekne opp er av svært ulikt slag; gjeldssaker, eigedomstvistar, trolldomssaker, handelstvistar, arvetvistar, overfall, skjellsord, bedrageri, falskneri, valdtekt, leiermål og drapsskuldinger.[\[51\]](#) Protokollen inneheld òg brev, oppnemning av rett, vakter og lover.[\[52\]](#) Dette er i samsvar med recess av 1587, der det vert lovfesta at ved alle lagting skal der førast tingbok, der dommar, orskurder, skøyte, vitnebrev og andre brev skal førast inn.[\[53\]](#) Aktørane er av byen sine innbyggjarar så vel som folk frå bygdene kring byen og resten av Bergen og Gulen lagdøme, som frå 1590 brukte lagtinget i Bergen som andre instans.

I denne gjennomgangen har vi sett at Bergen rådstueprotokoll vart skriven ved lagtings-[\[54\]](#) og bylagtingssamlingar i Bergen 1592-94. Eg kan derimot ikkje finne spor etter sommarlagtingssamlingar i referata, noko som seier meg at drap i Bergen 1592-94 kan ha vore oppe ved slike samlingar og førte i ein annan protokoll. Med bakgrunn i disse opplysningane slår eg dermed fast at Bergen rådstueprotokoll inneheld referat frå lagtings- og bylagtingssamlingar. I 1592-94 var lagtinget førsteinstans i byen sine saker. Vi skulle dermed forvente at drap som vart gjort i Bergen i løpet av disse åra kom opp for lagting- eller bylagting, og vart førte i rådstueprotokollen. Når denne stadfestinga er gjort kan eg gå vidare til å sjå på truverdet til protokollen som kjelde.

Kan protokollen sin utsjånad sei oss noko om truverdet? Frå 1633 kjenner vi den første lova om føring av tingbøker i Norge,[\[55\]](#) truleg etter føredøme frå tingskrivarane i Danmark eller frå lagmennene i Norge, som hadde ført rettsbøker lenge. I denne forordninga står det at lagmenn og sorenskrivarar skulle ha kvar si nummererte tingbok, som var gjennomdregen med lensmannen og lagtinget sitt segl. Alt som føregjekk på tinget skulle førast direkte i boka, og ikkje på laust papir for sidan å reinskrive notatane heime. Når tingbøkene var fullskrivne, skulle dei leggjast til side og takast vare på av lensmennene. Bøkene skulle vere tilgjengelege slik at folk som hadde vore for retten kunne lese referat frå sakene dei hadde vore innblanda i.[\[56\]](#) På 1600-talet skulle altså tingboka vere ein offentleg autorisert protokoll. Enten framme eller bak i boka stod det at protokollen var utsteda av ein særskild instans. Meininga var at protokollane skulle leverast attende til instansen som gjorde autorisasjonen. Det var òg vanleg å forsegle protokollane, ved å tre eit band igjennom eit høl som gjekk gjennom øvste delen av boka, for så å sette eit segl over bandet. Praksisen med forsegling av offentlege protokollar fungerte som eit tryggingstiltak på den måten at ein såg om nokon hadde sett på, og eventuelt endra på nedteikningane i, protokollen – om seglet var brote.[\[57\]](#) Bergen rådstueprotokoll manglar autorisasjon, segl og høl for gjennomtrekking av bandet som skulle forseglast. Ein hadde tydelegvis ikkje begynt med denne forma for kontrolltiltak i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Om ein faktisk hadde byrja med denne praksisen andre stadar alt ved slutten av 1500-talet, kan mangelen på autorisasjon vere noko som svekker truverdet til kjelda. Dette veit vi derimot ikkje sikkert og argumentet kan difor ikkje vere tungtvegande i avgjerda om truverdet til protokollen.

Korleis gjekk protokollføringa føre seg, og kva seier det om truverdet til kjelda? Først i kvart saksreferat får vi vite år, dag og stad for rettsmøtet. Deretter er det opplista kven som sat i domstolen. Opp til 41 personar var tilstades som rettsmedlemmar.[\[58\]](#) Ved slutten av rettsmøtet står det ”Thill Widnisbyrdh Vnder wore Zignetter”.[\[59\]](#) Ved utskrivning av ”opne brev” står namna på domsmennene under dokumentet.[\[60\]](#) Denne praksisen skulle tilsei at medlemmane av domstolen gjekk god for domen dei hadde fatta, noko som svart på kvitt stod oppført i protokollen. Det er derimot ikkje dei sjølve som har signert domane. Pennen er ført av den same handa som har skrive referata, nok eit element som svekkjer truverdet til kjelda.

Kven var det så som skreiv referata? Vi veit at det frå 1535 fanst ein byskrivar i Bergen, lenge før nokon annan norsk by fekk ein slik embetsmann.[\[61\]](#) Dette embetet var knytt til byen og byfogden - ikkje til lagtinget, som utover på 1500-talet i aukande grad vart styrt av statsmakta direkte.[\[62\]](#) Ved kongeleg forordning av 31.juli 1591 vart sorenskrivarembetet oppretta. Sorenskrivaren skulle vere lagretten sin hjelpesmann og fungere som bygdetinget sin sekretær.[\[63\]](#) Rådstueretten hadde òg sin spesielle skrivar, som kunne vere den same som vart brukt ved bytinget. Dette skjedde etter perioden eg tek for meg, då rådstueretten vart lovfesta instans i 1607 og bytinget i 1662.[\[64\]](#) I Bergen rådstueprotokoll derimot ser det av formuleringar i referata ut som om det var lagmannen sjølv som førte pennen.[\[65\]](#) Dette skuldast kanskje berre ein måte å formulere seg på, av ein skrivar som var fast ved lagtingssamlingane? Eller kan det hende at lagmannen sjølv fungerte som referent?[\[66\]](#) I forordning av 13.03.1568, som omhandlar retningsliner for lagtinget, står det at ”lagmannen skal holde ei klar bok, der han fører inn dommar

og brev”.[\[67\]](#) Dette påbodet byggjer under påstanden om at lagmannen sjølv førte pennen ved lagtinget.

Korleis vart referata skrivne? Var det slik at referenten sat med protokollen framom seg og noterte direkte medan rettsmøtet pågjekk? Truleg ikkje. Sedvanen var å protokollere forhandlingane på laust papir, for så å føre dei inn i tingboka etter at rettsmøtet var avslutta.[\[68\]](#) Om referenten slurva med innføringa av referata, slik at ikkje alle sakene vart førte inn i protokollen, kan det hende drapssaker fanst blant disse uinnførte sakene. Der finnes ingen overstrykingar i original dokumentet, noko som skulle underbygge argumentet om at sakene berre vart kladda under rettsmøta, og deretter protokollerte. Sidan det var slik at lagmannen var den som førte sakene inn i protokollen kan eg tileigne protokollen som kjelde meir truverd. Lagmannen var den personen som hadde størst autoritet på lagtinget og på mange måtar stod med det øvste ansvaret for at domane vart sette etter lova og at det som stod i protokollane var sant.

Innheld protokollen *alle* saker som var oppe for lagting og bylagting i Bergen 1592-94? Vi sit i dag igjen med 443 av dei 484 sidene protokollen opprinneleg gjekk over.[\[69\]](#) Dei 41 sidene som har kome vekk *kan* altså ha innheld drapssaker. Ved eit høve finn eg i Bergen rådstueprotokoll referanse til ei tidlegare pådømt sak som manglar i referata. I dette tilfellet vart det ikkje ført referat frå og med 5. desember 1592 til 9.april 1593. Saka som vert referert til skal ha vore oppe for lagtinget 29.mars ”næst forleden”.[\[70\]](#) Om ”næst forleden” tyder 1592 inneheld ikkje protokollen dette referatet – grunna protokollføringa i denne særskilde protokollen ikkje byrja før 15.juli 1592. Om ”næst forleden” tyder mars 1593 derimot, har referatet ikkje vorte ført i protokollen.[\[71\]](#) Dette argumentet svekkjer truverdet til kjelda. I ein transkribert versjon av rådstueprotokollen gjengitt i Norske Samlinger I, vert det i ein appell til lagtinget datert 11.februar 1594, referert til ei sak som vart dømt av tinget i Nordfjord 5.november ”sist forledenn”.[\[72\]](#) I og med at denne domen er ført i tingboka for Nordfjord, og eg av tidsmessige årsaker ikkje har slått opp i den, veit eg ikkje om domen refererer til ei sak pådømt i november 1593 eller november 1592. Av samanhengen i saka ser eg derimot at uttrykket ”sist forledenn” må tyde ”den forrige, siste”. Då kan ”næst forledenn” oversetjast med ”den som kom før den forrige, siste”, noko som får uttrykket til å referere til 29.mars 1592. Saka er difor truleg ikkje ført i Bergen rådstueprotokoll på grunn av at den var oppe for retten før Bergen rådstueprotokoll 1592-94 vart påbegynt.

Vi veit òg at lagmannen i Bergen Paul Helljesøn oppheldt seg i Oslo i perioden som inkluderte 29.mars 1593.[\[73\]](#) Utan lagmannen tilstades kunne ein ikkje stille lagting, noko som kan forklare kvifor der ikkje er skrive referat i rådstueprotokollen frå denne perioden. Denne siste opplysninga styrkjer òg teorien om at ”næst forledenn” viser til ei sak som er ført i ein annan protokoll, den protokollen som kom før Bergen rådstueprotokoll 1592-94. Om tolkinga mi av dette uttrykket ikkje stemmer er spørsmålet kvar referatet frå 29.mars ”næst forleden” er?

Ei mogleg forklaring kan vere at det vart skrive ekstrarets-protokollar ved lagtinget i Bergen 1592-94, og at saka vart ført i ei slik bok. Praksisen med ekstrarets-protokollar kjenner vi først og fremst frå 1800-talet, men enkelte slike protokollar finnes jamvel frå slutten av 1600-talet. Vi veit at ekstraretsprotokollar vart brukte til å føre saker som ikkje vart handsama på tinget.[\[74\]](#) Om dette, reint hypotetisk sett, skulle vere praksisen i siste halvdel av 1500-talet òg, vil det då sei at lagtingets medlemmar tok domsavgjerdar, i kraft av sine roller som lagttingsmenn, andre stadar enn ved sjølve lagtingssamlingane og førte disse inn i ei ekstra tingbok; ein ekstrarets-protokoll. Det er vel sannsynleg at dette kunne vere tilfelle i til dømes eigedomstvistar[\[75\]](#) der domsmennene reint fysisk hadde nytte av å ta stridens eple i augesyn. Noko heilt anna når det kom til drapssaker skulle eg tru. Ei drapssak var av ein slik art at domfelling kravde regulerte former, både når det kom til stad for rettssamlinga og oppmøte av rettsmedlemmar. I slike høve var det nettopp rådstua og vanlege lagtingssamlingar som skulle brukast.

Når det gjeld truverdet til Bergen rådstueprotokoll 1592-94 har vi sett at den er eit offentleg dokument som er underteikna av fleire personar. Diskusjonen kring omgrepet ”næst forledenn” ser òg ut til å ende opp i at referansen er til ein dato før rådstueprotokollen vart byrja på. Både disse momenta styrkjer truverdet til kjelda. Det kan derimot tenkjast at enkelte drapssaker som kom opp for lagtinget ikkje vart førte referat frå i protokollen. Dette vert spekulasjonar og eg har ingen betre argument for å svekke tilliten til kjelda enn eg har for å tileigne kjelda truverd. Eg vil dermed tru at Bergen rådstueprotokoll er ei kjelde eg kan setje stor lit til når det gjeld skildringa av drap.[\[76\]](#) Denne gjennomgangen har òg synt meg at drapssaker kunne ha vore førte på dei 41 sidene som opprinneleg var ein del av protokollen men no er forsvunne.

Gjennomgangen har vist at dei to kjeldene er av ulik type. Absalon si dagbok er i utgangspunktet eit privat dokument, men har i tillegg eit offentleg preg som gjer at truverdet til protokollen vert styrkt. Når det gjeld Bergen rådstueprotokoll er den eit offentleg dokument, som vi i alle fall i utgangspunktet kan feste lit til. Det finnes derimot

element ved både kjeldene som *kan* svekke truverdet deira. Til dømes har vi ingen måte å etterprøve om Absalon overdriv eller ikkje, eller at alle referata frå saker som var oppe for lagtinget verkeleg vart ført i rådstueprotokollen. På trass av dette ser eg at der er fleire argument som talar *for* truverdet til både Absalon si dagbok og Bergen rådstueprotokoll enn dei som talar imot. Eg vel difor å tillegge både kjeldene rimeleg truverd som kjelder til drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet, og meiner det er legitimt å ta utgangspunkt i dei trass i at dei har ulikt opphavsmiljø og funksjon. Den eine kjelda kan med andre ord ikkje tileignast meir eller mindre truverd enn den andre. Ulikskap i truverd kan dermed ikkje vere svaret på ulikskapen i drapsbileta.

1.2. 20-års skiljet

Det er 20 år mellom då Absalon avslutta dagboka si i 1572, til 1592 då dei første referata i rådstueprotokollen starta. I og med at det for åra 1560-1572 er skildra ei rekkje drap, medan det i løpet treårs perioden 1592-94 ikkje finnes nokon drapsanklagar å spore – kan det tenkjast at drapsførekomsten rett og slett har gått drastisk ned iløpet av dei 20 åra som skil kjeldene.

Om ein går til litteraturen er valdsførekomst i tidleg moderne tid omdiskutert. Drap må òg reknast til denne førekomsten. Sverre Steen er den første historikaren som har skrivne noko om emnet. På bakgrunn av Absalon si dagbok, Peder Claussøn Friis si Norges-beskrivelse og sakefallslistar, hevda han at valdsførekomsten auka sterkt frå 1520-åra. Steen var derimot skeptisk til å lage kriminalstatistikk over dette tynne kjeldematerialet. Hans Eyvind Næss har laga ein slik statistikk. Kjeldematerialet han nytta var rett nok av ein noko annan art enn det Steen brukte. Ved å byggje på sakefallslistar og tingbøker, hovudsakleg frå 1600-talet, underbyggjer Næss Steen sin påstand om at det i løpet av tiåra sist på 1500-talet og først på 1600-talet fann stad ein eksplosiv auke i valdsførekomst.[\[77\]](#) Jørn Sandnes hevdar at graden av vald og råskap auka fram imot 1620-åra, då førekomsten gjekk kraftig attende. Han strekar under at åra kring 1600 særleg var prega av auke i valdsførekomsten.[\[78\]](#)

Gjennomgangen har vist meg at forskarane er enige om at det norske samfunnet på 1500- og tidleg 1600-tal kan karakteriserast som eit valdssamfunn,[\[79\]](#) og at valdsførekomsten var særleg høg i tiåra før og etter århundreskiftet. Ingenting i litteraturen tyder på at valdsførekomsten gjekk ned iløpet av dei 20 åra som skil kjeldene. Av dette ser vi at nedgang i valdsførekomst ikkje kan forklare ulikskapen i drapsbileta.

1.3. ”Dårlege år for drap”?

Skuldast det låge talet drapssaker i Bergen rådstueprotokoll at det ikkje vart gjort fleire drap i Bergen i åra 1592, 1593 og 1594? At dette rett og slett var ”dårlege år for drap”? Om eg ser på Absalon sine nedteikningar nemner ikkje han drap før i 1560. Det vil sei at i løpet av ein åtteårs-periode, frå og med 1552 til og med 1559, har ikkje Absalon registrert noko drap i dagboka si. Drapsnedteikningane som faktisk finnes går frå og med 1560 til og med 1572. Kva er så grunnen til at Absalon ikkje har gjort notat om noko drap i løpet av disse første åtte åra? Forklaringa kan vere at det ikkje vart begått noko drap i løpet av denne perioden. I så tilfelle styrkjer det teorien om at også 1592-94 var drapssfrie år. Ei anna årsak kan vere at Absalon ikkje brydde seg med å skildre drapa som vart gjort. At han i disse første åtte åra av dagbokføringane sine konsentrerte seg om saker av meir privat art, men at han etter kvart fatta interesse for drap. Om eg ser på emneområda han tek for seg i løpet av disse første åra av nedteikningane, finn eg at dei skil seg merkbar ut ifrå resten av dagboka ved å omhandle andre emne. Skilnaden er at notatane er mykje knappare og færre i disse første åra. Om eg tek for meg år for år i dagboka og tel antal drap eg finn under dei ulike åra ser eg ingen tendens i utviklinga av drapsførekomst i nedteikningane, bortsett ifrå den drapssfrie perioden 1552-1559 som kan forklarast ved ei endring i karakteren av notata. Av Absalon sine notat ser det dermed ikkje ut som om det fanst ein liknande drapssfri periode. Eg vil likevel ikkje utelukka at åra 1592-94 verkeleg var drapssfrie år.

I dette kapitlet har vi sett at ulikskapen i drapsbileta mellom Absalon Pederssøn Beyer si dagbok og Bergen rådstueprotokoll ikkje skuldast truverdet til kjeldene. Vi kan altså ikkje tileigne den eine kjelda større truverd enn den andre og forklare ulikskapen ut ifrå det. Ingenting i litteraturen tyder på at årsaka kan vere at førekomsten av grov vald, og dermed drap, gjekk ned i løpet av dei 20 åra som skil kjeldene. Det er derimot mogleg at der rett og slett ikkje vart gjort fleire drap i Bergen i løpet av åra 1592-94, at dette var ”dårlege år for drap”. Det låge talet drap

kan òg skuldast at 41 sider av rådstueprotokollen har kome vekk. Disse sidene *kan* ha inneheldt referat frå drapssaker.

- [1] Latinskulen.
- [2] Aschehoug og Gyldendals Store Norske leksikon, bind 1: 286.
- [3] Steen 1935: 274.
- [4] Same stad: 141.
- [5] Steen 1969: 92.
- [6] Same stad: 92, Fossen 1979: 113, Cappelens leksikon, bind 4: 16.
- [7] Humanismen var nemninga på ei åndsstrøyming i renessansen (1300-1500-talet). Dei som tok del i den søkte tilknytning til og førebilete i klassisk kultur og dannelsesideal. Arbeidet deira hadde brodd mot mellomalderskolistikken og den katolske kyrkja, indirekte også mot føydalismen. Dei meinte at folk skulle lære å tenkje med si eiga fornuft istadenfor å halde seg til autoritetsdefinerte dogme. Aschehoug og Gyldendals Store Norske leksikon, bind 7: 88.
- [8] Dette skal eg kome attende til seinare når eg tek for meg omstenda kring drap, i kapittel 5.
- [9] Kjelstadli 1992: 180.
- [10] Nielsen 1877: 327.
- [11] Beyer 1552-72: 1.
- [12] Same stad: 86, 201-202.
- [13] Steen 1969: 92, 93.
- [14] Døme Beyer 1552-72: 74 , 88 og 217.
- [15] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: forord.
- [16] NHL 1974: 189.
- [17] Det er først i 1607 at det vert orden i instansrekkefølga i det norske rettssystemet, NOU 1980: 12 og NHL 1974: 189 – sjølv om det frå 1580-åra kom ulike påbod vedrørande instansrekkefølga, Fladby 1986: 187.
- [18] Bloch/NOU 1980:12: 164.
- [19] Nilsen 1970:113.
- [20] Fladby 1986: 186.
- [21] Same stad: 186.
- [22] NHL 1974: 162.
- [23] Fossen 1979: 262.
- [24] Byrådet som domstol vil eg kome attende til i kapittel 3.
- [25] Fossen 1979: 77.
- [26] Chr.4s no.lov 1604, tingfarebalken, kap.I./Hallager&Brandt 1855: 8. Magnus Lagabøtes landslov 1274, tingfarebolken, kap.I./Taranger 1915: 5.
- [27] Seip 1934: 120-121, Supphellen 1966: 69.
- [28] Beyer 1552-72: 89.
- [29] Same stad: 116.
- [30] Same stad: 148.
- [31] Same stad: 214.
- [32] Same stad: 17.
- [33] Winge 1988: 101.
- [34] Same stad: 116.
- [35] Seip 1934: 120-121, Supphellen 1966: 69.
- [36] 6.september 1593, 13.november 1593.
- [37] 3.oktober 1592.
- [38] Talet lagrettemenn er òg større 14.mars 1594 og 18.september 1593. Ved baa disse rettsmøta vart dødsdom avsagt.
- [39] 26.september 1592, 28.oktober 1592, 2.mars 1594, 9.april 1594
- [40] 25.september 1593, sak 71.
- [41] 8.november 1593, sak 84.
- [42] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 28.september 1592, 30.april 1593, 4.september 1593, 18.september 1593, 13.november 1593. 17.august 1593 sat lensherre Jørgen Kaas, saman med blant andre lagmannen på Steig/i Nordland, i domstolen ved ei sak der fogden i Vesterålen og Lofoten stemmer ein borgar derifrå for retten.
- [43] Slik som for lensherre Jørgen Kaas 17.august 1593, då han saman med blant andre lagmannen på Steig/i

- Nordland, i domstolen ved ei sak der fogden i Vesterålen og Lofoten stemnde ein borgar derifrå for retten.
- [44] Søndag etter 13.dag jul, 7.januar. Magnus Lagabøtes bylov 1276, tingskipingsbolken, kap.I/Taranger 1923: 2.
- [45] Seip 1934: 36-37.
- [46] Viser til samtale med Steinar Imsen 18.11.99.
- [47] Beyer 1552-72: 107 og 156.
- [48] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 62-67.
- [49] Jmf. NHL 1974: 190, Fossen 1979: 78.
- [50] Ein finn òg opplysningar om at lagtingsmøte vart sett på Erkebispegarden, Beyer 1552-72: 116, 214. Nilsen 1970: 89. I Bergen rådstueprotokoll 1592-94 står det at to rettsmøte vart haldne i lagmannens hus og ein av borgarmeisterane sitt hus, Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 38(17.august 1593) og 60f(27.november 1593).
- [51] Jmf. Fossen 1979: 78, Bergen rådstueprotokoll 1592-94.
- [52] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 51f, 67f.
- [53] Winge 1988: 216.
- [54] Dette stemmer overeins med opplysningane i NHL 1974: 190.
- [55] Den første forordninga som påla lagmannen å halde ei ”klar” bok, der han førte inn dommar og brev, kom i 1568. Winge 1988: 102. Først ved lova av 1633 derimot fekk lagmannen ein detaljert instruks.
- [56] Kiil 1969: 77ff.
- [57] Samtale med Anne-Hilde Nagel 26.01.00.
- [58] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 13.
- [59] Same stad: til dømes 38, 41.
- [60] Same stad: til dømes 7.
- [61] Fossen 1979: 84.
- [62] Samtale med Fossen 20.01.00. Eg finn byskrivaren i referata i protokollen; han skriv under på eit pantebrev og det verkar som om han berre var i retten som representant for bymyndet. Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 53.
- [63] NHL 1974: 312.
- [64] Same stad: 281.
- [65] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 16, 56.
- [66] Lagmennene i Norge hadde lenge ført rettsbøker, då sorenskrivarane etter deira føredøme tidleg på 1600-talet byrja føre tingbøker. Kiil 1969: 78. I recess av 13.03.1568 står det at lagmannen skal halde ei klar bok, der han fører inn dommar og brev. Winge 1988: 102.
- [67] Winge 1988: 102.
- [68] NOU 1980:12 : 168. Praksisen med lause notatar under rettsmøta og deretter reinskrift i sjølve protokollen vart forboden ved forodning av 15.03.1633. Odd Sandaker i forordet til Fredrikstad lagtingsprotokoll nr.I-VIII, 1607-15: viii.
- [69] 242 folioer eller ark, i motsetning til side – som ein finn to av på ein folio.
- [70] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 24.
- [71] Eg har i samarbeid med amanuensis i dansk språk, ved nordisk institutt UiB, Randi Benedikte Brodersen, undersøkt kva tydinga av ”29. mars næst forleden” kan vere. Forklaringa ”Ordbog over det danske sprog” gir er tvetydig.
- [72] Norske Samlinger I: 334. Gro Bastiansen har i si oversetjing oversett uttrykket til ”forledenn”, og utelete ”sist” – Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 92.
- [73] Lagmann Paul Helljesen var i Oslo frå 5.desember 1592 til 9.april 1593, Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 24.
- [74] Kiil 1969: 84.
- [75] Det var gjerne slike saker som vart førte i ekstraretsprotokollane. Kiil 1969: 84.
- [76] Kjelstadli 1992: 168.
- [77] Sandnes 1990: 24-25.
- [78] Viser til samtale med Jørn Sandnes 16.11.99.
- [79] Sandmo 1999: 22.



Kapittel 2. Drapsbiletet i litteraturen

Kan litteraturen gje meg noka forklaring på ulikskapen i drapsbileta mellom Absalon si dagbok og Bergen rådstueprotokoll? I dette kapitlet vil eg sjå nærare på kva som er skrive om drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Først vil eg finne ut om litteraturen gir eit nyansert bilete av drap i byen, eller om dei ulike forskarane er samde når det gjeld dette spørsmålet. Eg er med andre ord interessert i å sjå på kva som er skrive om talet på drap. Vert Bergen på 1500-talet skildra som ein by med mange drap, i samsvar med det biletet vi får gjennom Absalon si dagbok? Eller skildrar litteraturen Bergen som ein fredeleg og drapsfri by, slik rådstueprotokollen gjer? Dessutan vert det interessant å sjå på kven forskarane peikar ut som drapsmenn. Er det til dømes spesielle grupper i bysamfunnet som utmerkjer seg som drapsmenn? Om det syner seg at somme grupper ikkje hadde noka tilknytning til domstolen rådstueprotokollen vart skriven ved, kan dette dra diskusjonen om ulikskapen i drapsbileta vidare.

Eg vil òg sjå nærare på kva kjeldegrunnlag forskarane byggjer teoriane sine på. Legg historikarane både Bergen rådstueprotokoll og Absalon si dagbok til grunn for resultata sine? Eller nyttar dei kanhende andre kjelder? Kor mykje truverd tileignar dei kjeldene? Om forskarane syner seg å ha ulike framstillingar av drapsmenn og drapsbilete i Bergen i siste halvdel av 1500-talet, vil eg sjå på årsakene til det. Kan forskarane sin ståstad, meir enn bruk av ulikt kjeldemateriale, vere årsaka til eventuelle ulikskapar i drapsbileta?

2.1. Talet på drap

Kor mange drap reknar så forskarane med vart gjorde i Bergen i andre halvdel av 1500-talet? Og kva kjeldemateriale byggjer dei utrekningane sine på? Eg er interessert i å finne ut om dei brukar rådstueprotokollen eller Absalons dagbok i denne samanheng. Er det kanhende andre kjelder dei legg til grunn for utrekningane sine?

Sverre Steen brukar dagboka når han, i "Bergen byen mellom fjellene", skriv om talet på drap. Han viser til at Absalon fortel om ei rekkje drap innan alle sosiale lag. I året 1562 og 63 finn han at Absalon nemner 10 "drap eller mord".[\[80\]](#) Ein annan stad at dagboka fortel om 24 drap på et ti-år. Her kommenterer Steen at vi ikkje veit om Absalon har registrert alle drapa.[\[81\]](#) Han reknar derimot aldri ut noko gjennomsnittleg årleg drapstal.

I "Bergen bys historie" reknar Anders Bjarne Fossen med minst 34 drap frå november 1560 til oktober 1571. Kjelda han legg til grunn for utrekningane sine er Absalon si dagbok. Fossen er samd med Steen i at vi ikkje har nokon garanti for at Absalon har omtalt alle drapa, særleg ikkje i dei første åra då dagboksnotatane er korte og heller tilfeldige.[\[82\]](#) Fossen reknar ikkje ut noko gjennomsnittstal for drap per år, men ut ifrå opplysningane han gir seier det seg sjølv at han opererer med eit minimumstal på 3-4 drap i året.

Jørn Sandnes byggjer vidare på Fossen sine utrekningar av det årlege drapstalet, i boka "Kniven, ølet og æren". Han seier likevel at etter ei nærare analyse av Absalon tyder det på at heller ikkje tala Fossen har kome fram til er fullstendige tal. Blant anna nemner han Absalon si opprekning av drap under år 1567. Her finn Sandnes fleire drap som ikkje er kome med i dei årlege dagboksnotatane.[\[83\]](#) Han reknar fem drap som eit nøkternt årleg minimumstal i denne perioden.[\[84\]](#) Til liks med Fossen ser han ikkje på dette som usansynlege tal i eit så samansett og labilt samfunn som Bergen var den gongen.[\[85\]](#) Sandnes seier at forskarar med rette har peikt ut Bergen som draps- og valdssamfunnet framom andre i Norge på 1500-talet.[\[86\]](#)

I "Aschehougs norgeshistorie" skildrar Øistein Rian 1500-talets Bergen som "en drapsinfisert by".[\[87\]](#) Vidare skriv han at vi har opplysningar som tyder på at det i Bergen i 1560-åra vart begått fem drap i året, og at styresmaktene i byen henretta omlag fem tjuvar og drapsmenn kvart år.[\[88\]](#) Av samanhengen kan det sjå ut som om det er i Absalon si dagbok Rian finn disse opplysningane. Der finnes derimot ingen fotnoteanvisningar til denne påstanden, men i litteraturlista er både Absalon si dagbok, "Bergen bys historie" av Fossen og Jørn Sandnes si "Kniven, ølet og æren" oppførte. I og med at dette er eit oversiktsverk er det naturleg at forfattaren byggjer på andre historikarar og deira resultat.

I "Norge i dansketiden 1380-1814" skriv Knut Mykland at han reknar med 24 drap i Bergen i løpet av ei tiårsperiode.[\[89\]](#) Han kjem derimot ikkje med noko gjennomsnittleg årleg drapstal. Grunnlaget for utrekningane finn han

i Absalon si dagbok. Dagboka er likevel ikkje oppført som kjelde eller i litteraturlista, det er derimot Anders Bjarne Fossen si "Bergen bys historie" og bind IV av "Det norske folks liv og historie" av Sverre Steen. Det er tydelegvis Steen sine utrekningar Mykland byggjer på.[\[90\]](#)

Samtlege forskarar byggjer på Absalon Pederssøn Beyer si dagbok, og kvarandre, når dei reknar ut drapstalet gjort i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Tala dei kjem fram til ligg mellom tre og fem drap per år. Ingen av dei har i denne samanhengen sett på Bergen rådstueprotokoll 1592-94.

2.2. Kven drap?

Var det til dømes ei spesiell gruppe, tilreisande, fastbuande eller menneske på samfunnet si skuggeside som utmerka seg som drapsmenn? Eller var folk frå alle sosiale lag og ulike nasjonar innblanda i drap? Eg meiner det er naudsynt å finne ut av kven det var som gjorde drap. Om eg til dømes finn ut at ei spesiell gruppe utmerka seg som drapsmenn, kan der ligge ei forklaring på kvifor Absalon si dagbok og rådstueprotokollen gir to ulike bilete av drapforekomst i Bergen i siste halvdel av 1500-talet.

I si "Bergensbeskrivelse" frå 1600-talet hevdar Edvard Edvardsen, at det særleg var folket ved Det Hanseatiske Kontor som stod for umoral og drap på slutten av 1500-talet.[\[91\]](#) I "Den norske soe"[\[92\]](#) finn han opplysningar om korleis hanseatane tedde seg. Han seier at dei opptredde ugudeleg og urettvist overfor fattig folk, ved bruk av falsk mål og vekt. Tyranniserte dei ved mishandling og til og med drap, hogg fingrane av handverkarar og kjøpmenn. Ved si uærlege framferd gjorde dei heile riket og landet skade.[\[93\]](#) Vidare brukar han Absalon si dagbok, Mikel Hofnagel sine "optegnelser", H. Hans Nielsenn si "Strelovij Gutthilandske Historie", Iens Larisen si "Norriga illustrata et Calendrium" når han skildrar hanseatane sin valdelege og usympatiske natur. Edvardsen framstiller hanseatane som frekke og vonde menneske, som tok seg til større fridom enn det som hadde vorte gitt dei i privilegia. Dei tvang borgarane under seg, låg over vinteren i Bergen – for så å segle nordover for å drive handel. Dei hadde usømeleg omgang med "aktverdige" menn sine koner, slo i hel borgarar som før hadde tilhørt Kontoret, og hogg fingrane av tyske embetsmenn som hadde fått seg borgarskap.[\[94\]](#) I dei same kjeldene finn Edvardsen at kong Fredrik I såg det naudsynleg å gjere endringar i bysamfunnet. Kongen fekk rive mange av horehusa på Øvregaten, på grunn av at drap vart gjort der, og det var uråd å finne ut av kven gjerningsmennene var.[\[95\]](#) Kongen såg altså samanheng mellom prostitusjonen på Øvregaten og grov vald og drap. Kong Fredrik I si regjeringstid gjekk frå 1524-33, altså innanfor første halvdel av 1500-talet. Eg er interessert i andre halvdel, men tidsrommet som skil går over så få år at eg meiner opplysningane er relevante i denne samanheng.

Når Edvardsen skriv om drap og kriminalitet generelt går han hovudsakleg ut ifrå Absalon si dagbok, og fortel i forfærda ordelag om Bergens borgarane sin ukristelege livsførsel; lauslivnad, umoral, fyll, hat, drap. Han peikar ut garpane ved det hanseatiske Kontor som dei største sydebukkane.[\[96\]](#) Edvardsen seier altså at det var vanskeleg å finne ut av kven gjerningsmannen var, men at det ofte var tyskarane på Bryggen og dei prostituerte på Øvregaten som var innblanda i drap.

Sverre Steen, som skreiv om dette emnet på 1900-talet, deler Edvardsen sitt syn på hanseatane. Han hevdar at det var tyskarane ved Kontoret som sat med makta i byen. Dei tok seg til rette, handsama innbyggjarane i byen som tenarar – og veik ikkje unna for vald og drap.[\[97\]](#) Òg når det gjeld hanseatane sine kvinner, som prostituerte, valdelege og drapsmenn, seier Steen seg enig med Edvardsen.[\[98\]](#) Det finnes ingen kjelde- eller litteraturlistingar hjå Steen, så det er vanskeleg å peike på kva kjelder han byggjer resultatane sine på. Det er derimot sannsynleg at han legg Edvardsen til grunn for teoriane sine.

Anders Bjarne Fossen brukar Absalon si dagbok som kjelde når han hevdar at det var menneske frå svært ulike grupper som drap. I somme høve var det til og med born som var drapsmenn. Andre gongar var det kvinner som drap. Gjerningsmennene var ofte frå dei høgaste sosiale lag i byen. Både slottsskrivarar, fogdar, lagmenn og ein tidlegare rektor ved Latinskulen var å finne som sikta i drapssaker.[\[99\]](#)

Jørn Sandnes nyttar dei same døma som Fossen, ut ifrå Absalon, når han spør etter kjenneteikn ved drapsmenn. Han understrekar derimot at det i Bergen, samanlikna med bygdenorge, var mange kvinner som drap.[\[100\]](#) Dette er i samsvar med det Edvardsen og Steen skriv om drapforekomst i prostitusjonsmiljøet på Øvregaten. Sandnes finn at minst 12-15% av "manndreperne" som vert nemnt i Absalon si dagbok er kvinner.[\[101\]](#) Sandnes seier dessutan, i

likskap med Fossen, at det i Bergen var ein klar overrepresentasjon av folk frå dei øvre sosiale lag blant drapsmennene.[\[102\]](#)

Ut ifrå eit kjeldemateriale som er samansett av ”Den norske soe”, ”Bergen fundas”, Mikel Hofnagel sine ”optegnelser”, H. Hans Nilesen si ”Strelovij Gutthilandiske Historie”, lens Larisen si ”Norrigia illustrata et Calendrium” og hovudsakleg Absalon Pederssøn si dagbok, har forskarane kome fram til at det ikkje alltid var lett å finne ut av kven gjerningsmannen bak eit drap var. Edvardsen og Steen peikar ut tyskarane ved Bryggen og dei prostituerte på Øvregaten som gjerningsmenn bak drap. Fossen og Sandnes er enig ei at ein overraskande stor del av drapsmennene var kvinner, men framhevar at folk frå dei øvre sosiale lag, til dømes lagmenn og slottsskrivarar, var klart overrepresenterte. Elles framhevar Fossen at fleire born gjorde seg til drapsmenn.

2.3. Truverdet forskarane tileignar kjeldene

Kva truverd tileignar så historikarane dei ulike kjeldene dei brukar i undersøkingane sine av drap i Bergen på 1500-talet? Fossen finn støtte i ”Bergen fundas” der det vert klaga over utbreid førekomst av vald og drap, medan ingen kunne finne gjerningsmennene bak valdsepisodane.[\[103\]](#) Det er derimot eine og åleine Absalon si dagbok Fossen legg til grunn for utrekningane sine av det årlege drapstalet i Bergen i andre halvdel av 1500-talet. Dette gjer han utan å ta atterhald om mangel på fleire kjelder. Det seier seg dermed sjølv at Fossen må tileigne Absalon ein svært stor porsjon truverd. Fossen karakteriserer Absalon som den fremste av bergenshumanistane, og dagboka hans som eit kjeldeskrift utan sidestykke i norsk historie frå denne perioden.[\[104\]](#)

Kor mykje truverd tileignar så Sandnes Absalon? Sandnes meiner at dagboka er ei unik kjelde. Den inneheld ei mengd konkret og fargerikt stoff om kriminalitet; drap, slagsmål, hor, tjuveri og anna.[\[105\]](#) Dagboka er prega av Absalon sin rike, levande personlegdom og kunstneriske temperament. Utvalet av kriminelle saker er derimot tilfeldig meiner Sandnes.[\[106\]](#) Han ser på Absalon som svært konkret og detaljert, dagboka hans vert dermed ei god kjelde. Problemet er at ein ikkje har noka tilsvarende kjelde, skriven av magister Absalon eller hans like, for noko anna lokalsamfunn. Dermed er det ikkje mogleg å samanlikne dagboka direkte med liknande kjelder. Det er hasardiøst å måle opplysningar om kriminalitet i ei dagbok mot til dømes lensreknskapa understrekar Sandnes.[\[107\]](#)

Sandnes seier vidare at ein ikkje kan legge stor vekt på dagboka som kjelde, i alle fall ikkje når det gjeld tilhøva på 1500-talet. Framstillingane, av det svært umoralske samfunnet, er åpenbart prega av ynskje om å rose den innsatsen Bergens første lutherske biskop, Gjeble Pederssøn, gjorde for å betre moralen og få slutt på dei lovause tilstandane i byen.[\[108\]](#) Når det gjeld dagboka som kjelde til drap derimot, ser Sandnes på Absalon som ei meir fullstendig kjelde enn det til dømes sakefallstestene er.[\[109\]](#) Han tek derimot atterhald om at både tid- og stadfestingane i dagboka somme gongar kan vere uklare. Så eit heilt nøyaktig drapstal er det vanskeleg å fastslå med bakgrunn i Absalon sine notatar. Han legg til at dagboka dessutan ikkje er skriven med tanke på eller krav om nokon slags heilskap.[\[110\]](#) Bergen rådstueprotokoll 1592-94 er ikkje ført opp på Jørn Sandnes si kjeldeliste. Sandnes kommenterar derimot bruken av rettsprotokollar som kjelder. Han reknar protokollar som den aller mest sentrale kjeldegruppa til historie om kriminalitet i tidleg nytid. Han legg derimot til at i praksis er ikkje dette tilfelle for 1500-talet, og berre med unntak for 1600-talet.[\[111\]](#)

Av denne gjennomgangen har vi sett at ved utrekning av det årlege drapstalet i Bergen byggjer forskarane på Absalon si dagbok. Tala dei kjem fram til ligg mellom tre og fem drap i gjennomsnitt per år. Grunnen til at dei får ulike tal sjølv om dei går ut ifrå det same kjeldematerialet, skuldast at somme reknar det som sannsynleg at drapsforekomsten var høgare enn den ein kan finne ut ifrå dagboka.

På spørsmålet om kven drapsmennene var får forskarane ulike svar ved å ta utgangspunkt i det same kjeldematerialet. Grunnen til dette kan vere at dei er påverka av samtida si, og tolkar kjeldematerialet gjennom sine egne kulturelle briller. Edvard Edvardssen, som skreiv på 1600-talet, utpeikar hanseatane ved Kontoret som hyppige gjerningsmenn bak drap. Han var truleg påverka av samtida sine haldningar til folket på Bryggen. Sverre Steen byggjer i stor grad på Edvardsen og får dermed same resultat. Ut ifrå same kjeldematerialet meiner Anders Bjarne Fossen at folk frå dei øvre sosiale lag, i tillegg til born, var overrepresenterte blant drapsmennene. Jørn Sandnes byggjer vidare på Fossen sine resultat. Felles for alle forskarane er at dei peikar ut kvinner, og då særleg dei prostituerte på Øvregaten, som drapsmenn. Både Edvardsen si skildring av hanseatane som drapsmenn og Fossen si framstilling av at til dømes menneske frå høgare sosiale lag ofte stod bak drap, seier meg at spesielle grupper innan

bysamfunnet kan ha utmerkt seg som drapsmenn. Det vil difor seinare i oppgåva vere interessant å sjå på ulike domstolar og lovverk som eksisterte i byen, for deretter å finne ut kven av drapsmennene som hørde til ved disse.

Det er ingen av forskarane som har sett på Bergen rådstueprotokoll 1592-94 når dei skriv om drap i byen i siste halvdel av 1500-talet. Jørn Sandnes kommenterer derimot bruken av rettsprotokollar som kjelder. Han reknar protokollar som den aller mest sentrale kjeldegruppa til historie om kriminalitet i tidleg nytid. Sandnes legg derimot til at i praksis er dette likevel ikkje tilfelle for 1500-talet, og berre med reservasjonar for 1600-talet. Det forekjem meg likevel rart at Sandnes ikkje brukar dei protokollane han faktisk har tilgjenge til, om han meiner dei er ei så viktig kjeldegruppe til kriminalitet i denne perioden.

Samtlege forskarar byggjer på Absalon si dagbok når dei skildrar drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Problemet er at dei dermed ikkje har god nok kjeldedekning for å hevde det dei gjer i forhold til førekomsten av drap. Sjølv om resultatet av mine undersøkingar viser seg å stemme overeins med deira teoriar og drapsbilete, kan forskarane kritisera for dårleg kjeldedekning. I og med at dagboka er det einaste dokumentet av sitt slag som er bevart for ettertida, og at det fortel om mange ulike aspekt ved bysamfunnet, verkar det som om forskarane vert blinda av det unike ved kjelda. Dette resulterer i at dei tileignar Absalon si dagbok ein stor porsjon truverd utan å vere kritiske til det dei gjer. Unntaket er Jørn Sandnes, som seier seg kritisk til dagboka både når det gjeld framstillinga av det umoralske bysamfunnet og skildringane av drap. Sandnes meiner likevel dagboka er ei betre kjelde til drap enn det sakefallslister og kongebrev er.

Det er altså ingen av forskarane som tidlegare har sett Absalon si dagbok og rådstueprotokollen opp mot kvarandre. Litteraturen gir dermed ikkje hjelp til å finne svar på kvifor det finnes så få drapssaker i rådstueprotokollen. Det forskarane derimot fortel om er at Absalon skildrar mange drap, noko dei forklarar ved at Bergen den gongen var ein smeltedigel av folk frå ulike kulturar og nasjonar, eit samansett og labilt samfunn,[\[112\]](#) med alvorlegare lovbrøt og grovare vald enn i resten av landet.[\[113\]](#)

Eg vil ta vare på dette biletet forskarane før meg har gitt av drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Felles for dei alle er at dei byggjer på Absalon si dagbok. Eg vil stille spørsmål, på grunnlag av det rådstueprotokollen viser og eventuelle feiltolkningar av dagboka, om forskarane har teikna eit urett bilete av drapførekomsten. Etter gjennomgangen min av Absalon og innføringa av rådstueprotokollen som kjelde, vil eg sjå på om det biletet eg får stemmer overeins med dette tradisjonelle.

Det eg då sit igjen med er eit drapsbilete som er teikna ut ifrå Absalon si dagbok. Forskarane tileignar Absalon stor grad av tillit. Eg finn, etter ein kritisk gjennomgang av dagboka og diskusjon om Absalon sitt truverd som skribent, ingen grunn til ikkje å gjere det same. Absalon skildrar bysamfunnet som heilskap, medan rådstueprotokollen berre syner dei sakene som kom opp for lagtinget og bylagtinget. Eg vel difor å sjå på drapsbiletet Absalon teiknar som det mest realistiske for Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Det må derfor ha blitt gjort fleire drap i Bergen 1592-94 enn det Bergen rådstueprotokoll fortel om. I dei neste kapitla vil eg finne ut kva som skjedde med disse drapa som aldri kom opp for domstolen ved rådstua.

[\[80\]](#) Steen 1969: 99.

[\[81\]](#) Steen 1935: 151.

[\[82\]](#) Fossen 1979: 120.

[\[83\]](#) Sandnes 1990: 73.

[\[84\]](#) Same stad: 74.

[\[85\]](#) Same stad: 50.

[\[86\]](#) Same stad: 75.

[\[87\]](#) Rian 1995: 219.

[\[88\]](#) Same stad: 126.

[\[89\]](#) Bagge og Mykland 1987: 96.

[\[90\]](#) Steen 1935: 151.

[\[91\]](#) Edvardsen 1951.

[\[92\]](#) Frå ca.1584.

[\[93\]](#) Edvardsen 1951: 400.

- [94] Same stad: 385.
[95] Same stad: 421f.
[96] Same stad: 430.
[97] Steen 1969: 73.
[98] Same stad: 94.
[99] Same stad: 120.
[100] Sandnes 1990: 70.
[101] Øistein Rian estimerer talet til 1/6, eller 16,7%. Han manglar derimot fotnotar, men i litteraturlista er både Absalon si dagbok og Sandnes oppførte. Rian 1995: 126.
[102] Sandnes 1990: 70.
[103] Fossen 1979: 122.
[104] Same stad: 113.
[105] Sandnes 1990: 41.
[106] Same stad: 42.
[107] Same stad: 51.
[108] Same stad: 62.
[109] Sakefalls-listene manglar dei tilfella der det ikkje var noko å hente for kongen si kasse. Dessutan vart nok ein del drapssaker gjort opp direkte med lensherren, og kom difor ikkje i fogden sine sakefallslistar. Sandnes 1990: 73.
[110] Same stad: 73.
[111] Same stad: 39. Ingen tingbøker for sorenskrivar- eller bygdeting finnes berga før 1613.
[112] Sandnes 1990: 75.
[113] Same stad: 50.



Kapittel 3. Moglege alternative domstolar

På bakgrunn av kjeldekritikk og litteratur kom eg i løpet av dei to første kapitla fram til at drapsbiletet Absalon skildrar i si dagbok er det mest realistiske for Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Det må derfor ha blitt gjort fleire drap i Bergen 1592-94 enn det rådstueprotokollen syner. Spørsmålet vert dermed kvar disse drapa vart av. I dette kapitlet vil eg finne ut av om drapssaker frå i Bergen i denne perioden kan ha vore handsama ved andre domstolar enn lagting og bylagting. Med stadfestinga om at rådstueprotokollen inneheld referat frå lagtings- og bylagtingssamlingar i minne, vil eg først sjå på kva litteraturen seier om andre norske verdslege domstolar. I kapittel 2 kom der fram at ulike grupper i samfunnet vart utpeikte som drapsmenn, til dømes hanseatane ved Kontoret. Eg vil i dette kapitlet sjå nærare på om der fanst ulike lovverk og domstolar som gjaldt avhengig av om ein drapsmann hørte heime ved Kontoret eller ein annan maktbastion i bysamfunnet. Til slutt vil eg ta for meg geistlege domstolar.

3.1. Andre norske verdslege domstolar

I kapittel 1 såg vi at Bergen rådstueprotokoll er skriven ved lagtings- og bylagtingssamlingar i Bergen. Dette var den domstolen som sto som første instans i byen sine saker og andre instans i bygdane sine saker i siste halvdel av 1500-talet. Drapssaker gjorde i Bergen 1592-94 skulle altså i teorien inn for lagting eller bylagting og dermed finnast i Bergen rådstueprotokoll. I den same gjennomgangen kom det fram at eg ikkje kunne finne spor etter sommarlagtingsmøte i protokollen. Det kan dermed tenkjast at disse vart førte i ein eigen rettsprotokoll for sommarlagtingssamlingar og at drapssaker frå åra 1592-94 kom opp ved slike møte.

I denne perioden eksisterte det inga fast instansordning i rettsvesenet i Norge.[\[114\]](#) Rettssystemet var i støypeskeia og det vert difor vanskeleg å finne ut akkurat korleis det fungerte. Dette inneber at drapssaker frå Bergen i praksis kan ha vorte klaga inn for andre domstolar enn lagting eller bylagting som førsteinstans. Eg vil i dette delkapitlet ta for meg dei ulike domstolane, og ved hjelp av litteratur finne ut om drapssaker kunne kome opp for disse domstolane som førsteinstans. Om eg finn at det var tilfelle at ein kunne gå direkte til ein høgare domstol, utan å gå vegen om lagtinget med ei drapssak – kan dette gi ei forklaring på kvar drapssakene frå 1592-94 har blitt av.

Mangelen på fast instansordning mellom dei ulike domstolane resulterte i at saker gjekk direkte til det som i utgangspunktet var høgare domstolar; overlagtinget, herredagen eller kongen og rådet i København. Sakene vart dermed handsama av overlagtinget, så vel som herredagen, som førsteinstans.[\[115\]](#) Sakene var difor like varierende som ved lagtinget,[\[116\]](#) og ofte gjaldt dei reine bagatellar.[\[117\]](#) Den domstolen som hadde størst kompetanse kunne avseie dom med sterkast rettskraft.[\[118\]](#) Avgjerande for ein domstol sin kompetanse var samansettinga, ikkje plasseringa i rettsapparatet.[\[119\]](#)

I 1558 vart det avgjort at ingen saker normalt kunne gå vidare til overlagting eller herredag utan at dom først var avsagt ved lagtinget.[\[120\]](#) I 1590-åra vart så lagmennene i bygdene pålagde å dømme i alle saker som vart innstemna for dei.[\[121\]](#) Om disse påboda vedrørande instansrekkefølgja umiddelbart vart følgde er tvilsamt, påbodet til lagmennene vart til dømes innskjerpa i 1589,[\[122\]](#) noko som tyder på at påbodet ikkje vart følgt i praksis. Det er difor sannsynleg at drapssaker frå Bergen gjekk rett til overlagting og herredag.

Overlagtinget

Overlagting var domsmøte ved lagtinga i Oslo eller Bergen der lensherrar og lagmenn frå andre lagsogn møtte, for saman med kanslaren,[\[123\]](#) å dømme i saker som var for store eller for kompliserte for bygdeding eller lagting.[\[124\]](#) I Bergen fungerte overlagtinget som domstol for Vestlandet og Trøndelag, i Oslo for Austlandet og delar av Sørlandet.[\[125\]](#) Tingtidene var faste i Bergen ved St.Hans, i Oslo i slutten av januar månad.[\[126\]](#) Vi veit at saker vart handsama av overlagtinget som førsteinstans.[\[127\]](#) I Riksarkivet si diplomsamling finnes der nokre spreidde domsbrev frå overlagtinga. Disse breva har eg av tidsmessige årsaker ikkje fått høve til å sjå på. Dombøker eller andre protokollar frå overlagtinga er ikkje bevarte[\[128\]](#), og det vert dermed uråd å leite etter drapssaker frå Bergen 1592-94 i disse.

Herredagen - kongen og rådet

Den øvste domsmakta i Norge låg hjå dei norske herredagane. Nokon *fast* høgsterett i eit hierarkisk oppbygd

rettsapparat var derimot ikkje den norske herredagen før ut på 1600-talet.[\[129\]](#) Herredagen var domssamlingar der danske riksrådar på vegne av kongen og riksrådet var sende til Norge for å dømme saman med den norske kanslaren og lagmennene. Herredagssamlingar fann stad om lag kvart tiande år.[\[130\]](#) Når herredagane, som òg hadde lovgivande mynde og administrative plikter,[\[131\]](#) fungerte som domstol skjedde det i samarbeid med eit av overlagtinga så lenge dei eksisterte,[\[132\]](#) utan at disse to institusjonane smelta saman.[\[133\]](#) Mellom herredagssesjonane kunne norske saker bli sende til herredagen i Danmark,[\[134\]](#) som var samansett av kongen og rådet. Disse sakene vart ofte sende attende til Norge, med den grunngevinga at dei burde dømast etter norsk lov. Kompetanseforholdet mellom disse to instansane var noko uklart.[\[135\]](#) Det kan difor i teorien finnast drapssaker frå Bergen i herredagsdombøkene i Danmark. Av tidsmessige årsaker kjem eg ikkje til å undersøke disse. Norske herredagsdombøker 1578-1664 har eg derimot sett nærare på, i og med at vi veit at saker vart handsama av herredagen som førsteinstans.[\[136\]](#) For å få med meg eventuelle drapssaker som vart gjorde i Bergen 1592-94, er det naudsynt òg å sjå på referat frå dei første herredagane som vart heldne på 1600-talet. Det kunne ta tid den gongen før ein fekk saka si opp for domstolane. Eg har difor sett på domar frå herredagssamlingane fram til 1604, noko som inneber referat frå seks herredagsmøte for åra 1597, 1599 og 1604. Dessutan har eg sett på saker tekne opp ved herredagane i Oslo, Marstrand, Trondhjem, Fredrikstad, Moss, Stavanger, Lister og Akershus i tillegg til dei som vart haldne i Bergen. Grunnen til det er at bergenssaker kunne kome opp for herredagane andre stadar enn i Bergen.[\[137\]](#)

Eg er først og fremst interessert i om drapssaker frå Bergen i løpet av treårs perioden 1592-94 finnes i herredagsdombøkene. Etter ein gjennomgong av bøkene finn eg at ingen av drapssakene i referat er gjorde i Bergen. Deretter vil eg sjå på om der er teikn som tyder på at disse drapssakene vart dømde av herredagen utan først å ha vore innom lagting eller byting. Eg finn ikkje noko døme på dette frå drapssaker gjorde i Bergen. I ei drapssak frå Sunnmøre derimot, ser det ikkje ut som om saka har vore handsama av nokon annan domstol før den kom opp for herredagen.[\[138\]](#) Dette har sjølvsagt ikkje noko med talet på drap frå Bergen å gjere, men det synleggjer ein praksis om at herredagane dømde som førsteinstans.

Byrådet som domstol

I kapitel 1 såg vi at lagtinget var samansett av lagmannen, byrådet og meinige lagrettemenn. I litteraturen finn eg at byrådet dømde utan lagmannen, ein praksis som òg vart brukt ved drapssaker.[\[139\]](#) Om eg går til Bergen rådstueprotokoll ser eg at der ikkje finnes referat frå møte der lagmannen ikkje var til stades. Dette er naturleg i og med at ein ikkje kunne stille lagting utan frammøte av lagmannen. Om ein undersøker protokollen nærare finn ein at den manglar saksreferat frå 5.desember 1592 til 9.april 1593. I denne perioden oppheldt bergens-lagmannen, Paul Helljesen, seg i Oslo i høve revideringa av lovverket.[\[140\]](#) Eg kan ikkje finne at sakene ved dei første rettsmøta etter at lagmannen kom igjen frå Oslo har spesielt mange saker, eller at der vart halde fleire møte rett etter kvarandre. Det finnes med andre ord ingen teikn til opphoping av saker frå den perioden lagmannen var i Oslo. Dessutan er det usannsynleg at ikkje rettsmøte vart halde på disse fire månadene, når lagting gjennomsnittleg vart sett 3-4 gongar i månaden. Av dette ser vi at byrådet i Bergen må ha halde domsmøte utan lagmannen i perioden 5.desember 1592 til 9.april 1593. Dette stemmer overeins med opplysningar om at byrådet fungerte som domstol utan lagmannen. Drapssaker kan dermed ha vore oppe for byrådet i denne perioden. Disse sakene vart ikkje førte i lagtingsprotokollen.

I NRR finn vi eit brev frå 1587 der kongen gir bod om at borgarmeistrar og råd i Bergen skal dømme i ei drapssak frå byen.[\[141\]](#) Eit anna brev fortel at borgarmeistrar og byråd nekta å dømme i eit drap som vart gjort i Sandviken i 1565.[\[142\]](#) Eit tredje døme på at byrådet utan lagmannen dømde i drapssaker er henta frå byrjinga av 1600-talet; soknepresten i Vik i Sogn vart dømt til døden.[\[143\]](#) Dette kan indikere at byrådet dømde på ein meir permanent basis utan lagmannen. Etter lovverket vart ikkje byrådet eigen domstol før august 1607. Då skilde lagmann og råd lag, og danna rådstueretten og lagtinget. Rådet sin domstol, rådstueretten, fungerte som underrett i byen, medan lagmannen og hans lagting vart overdomstol både for rådstueretten og bygdetinget.[\[144\]](#)

Kjelder syner med andre ord at byrådet i Bergen òg før 1607 må ha fungert som eigen domstol. Dette er i samsvar med det vi veit om rådet sin praksis som dømande organ i Oslo.[\[145\]](#) Gjennom denne diskusjonen har vi sett at drapssaker i Bergen 1592-94 kan ha vorte dømde av byrådet utan lagmannen, og dermed har ikkje referata frå disse sakene vorte førte i Bergen rådstueprotokoll.

Etter denne gjennomgongen ser vi at det, i følge litteraturen, er sannsynleg at drapssaker frå Bergen 1592-94 gjekk direkte til overlagting, herredag eller kongen og rådet utan først å ha vore innom lagtinget eller bylagtinget i Bergen. Dessutan har vi sett at byrådet utan lagmannen dømde i drapssaker, noko som kan ha vore tilfellet i Bergen 1592-94.

Blant anna tyder mykje på at saker vart handsama i løpet av dei 4 månadene lagmann Paul Helljesen oppheldt seg i Oslo.

Så langt har eg sett på norske domstolar som i siste halvdel av 1500-talet dømde etter Magnus Lagabøte si landslov og bylov, i tillegg til ulike recessar og forordningar. Var der så andre lovverk, og dermed andre domstolar, eventuelle drapsmenn i Bergen 1592-94 kan ha vorte dømde etter?

3.2. Gardsretten ved Slottet

Gardsretten var ei særlov for mannskapet, sivile så vel som militære, på kongen sine festningar og somme adelsgardar. Før gardsretten eksisterte det ein borgrett, truleg frå Håkon 5 si tid, utan at ein veit kor stor innverknad den kan ha hatt. Gardsretten hadde eit fellesnordisk preg. I 1562 fekk Fredrik 2 i stand ny gardsrett for Danmark og Norge. Denne lova vart avløyst av Christian 5 sine danske og norske lover i 1680-åra.[\[146\]](#) Det var dermed Fredrik 2 sin gardsrett som gjaldt for Bergenhus festning, Slottet, i siste halvdel av 1500-talet.

Dei fleste av lovene i gardsretten var for kongens menn og tenarar, men i praksis vart dei òg nytta overfor andre lovbrytarar som oppheldt seg midlertidig ved festninga. Døming av lovbrytarane kunne skje på to ulike måtar; ved slottsherren eller ved ein sivil domstol. Slottsherren, øvst kommanderande ved festninga, sette ned ein domstol som var samansett av andre folk frå festninga eller ei nærliggande festning. Denne domstolen vart kalla gardsretten, akkurat som lova den dømde etter. Om lovbrytaren ikkje var ein av kongen sine menn eller tenarar, skjedde dommen ved ein sivil domstol. Slottsherren kunne òg sende *sine* folk, som altså i utgangspunktet skulle dømast etter gardsretten, til ein slik vanleg domstol. Dette skjedde i tilfelle der han på grunn av mangel på domsmenn ikkje kunne danne gardsrett.[\[147\]](#)

Ei forordning av 09.05.1562, som gjeld gardsretten, seier at den som slår ein annan i hel og vert teken på fersk gjerning, skal gi liv for liv. Om han rømer og seinare vert teken, skal han verte straffa etter lova. Om det er tvil om skuldspørsmålet skal seks, åtte eller tolv menn avgjere det. Halvparten av dommsnemnda skal oppnemnst av den skulda, halvparten av den som er anklagar. Den som i naudverge drep eller skadar eit anna menneske skal ikkje straffast. Seks, åtte eller tolv menn skal avgjere om saka kan reknast som naudverge eller ikkje.[\[148\]](#)

Eit døme frå Norske riksregistrarer syner at lagtinget dømde etter gardsretten.[\[149\]](#) Lagmann Christofer Nilsson var først inne for lagtinget i Bergen, som ikkje ville døme i saka på grunn av at han var kongen sin mann; ”riddermannsmann oc sworn laugmann”. Lagtinget sende så saka til kongen og rådet, som igjen sende den attende til lagtinget med melding om å døme lagmannen etter gardsretten. Då er spørsmålet om lagtinget førte referat frå saker som vart dømde etter gardsretten inn i lagtingsprotokollen sin, eller om disse vart førte inn i ein protokoll som hørde til ved Slottet. I Bergen rådstueprotokoll 1592-94 finn eg derimot ikkje oppgitt at nokon vart dømde etter gardsretten.[\[150\]](#)

Ved denne gjennomgangen har vi sett at drapsmenn som hørde til ved Slottet, eller på anna vis var kongen sine menn, i alle fall i teorien skulle bli dømde etter gardsretten. Referat frå slike domsmøte kan ha vorte skrivne inn i protokollen ved lagtinget - i dei tilfella denne domstolen dømde etter gardsretten. I Bergen rådstueprotokoll 1592-94 finnes derimot ikkje opplysningar om at domstolen nytta gardsretten ved domfelling. I følge litteraturen var vanleg praksis derimot at ein intern domstol ved Slottet, gardsretten, dømde i saka. Om dette er tilfelle vart referat truleg førte i ein protokoll ved Slottet, og det kan dermed vere eit forklaringsmoment når det gjeld det låge talet drapssaker i Bergen rådstueprotokoll. Vanlegvis skjedde altså disse domane ved Slottet, og dermed vil vi ikkje finne spor etter sakene i Bergen rådstueprotokoll 1592-94. Ved enkelte høve derimot vart det dømt etter gardsretten ved ein sivil domstol, truleg lagtinget, og kanskje nedteikna i rettsprotokollen der. I kapittel 6 vil eg sjå nærare på talet drapsmenn som hørde under gardsretten i Bergen i slutten av 1500-talet. Om det syner seg å vere mange som vart dømde ved Slottet, kan dette vere eit forklaringsmoment i jakta på dei forsvunne drapa frå 1592-94.

3.3. Kontoret og jurisdiksjon

Under heile den hanseatiske perioden i Bergen, frå midten av 1200-talet og 500 år frametter,[\[151\]](#) var det strid

mellom Kontoret og kongen om blant anna retten til å dømme hanseatiske lovbrytarar.[\[152\]](#) Sjølv om tilhøvet mellom hanseatane og Bergens borgarane var på sitt beste i siste halvdel av 1500-talet,[\[153\]](#) kan ein rekne med at striden vedrørende jurisdiksjon framleis varte ved. Tyskarane ville ta sine folk til Lübeck, for å få dei dømde ved domstolane der, medan kongen og byen sine interesser var dei motsette – å la norske domstolar dømme hanseatane på lik linje med andre lovbrytarar etter norsk lov. På denne måten fekk kongen innkassere bøteinntektene av ugjeringane dei hadde gjort. I Odense-resessen av 25.07.1560 strekar kongen under at dei hanseatiske kjøpmenn skal vere underlagt kongens mynde,[\[154\]](#) noko som òg må tyde juridisk sett. I ei anna kongeleg forordning står det at ”om en tysk kjøpmann utskiper fetalje eller bryter lov og rett på annet vis, skal det reises sak mot ham,”[\[155\]](#) nok eit moment som må tolkast som at kongen set hanseatane under sin lov og dom.

Var hanseatane så i praksis underlagt norsk jurisdiksjon? Og eventuelt i kva type saker? For andre utlendingar i Norge gjaldt territorialprinsippet; at ein lovbrytar uansett nasjonalitet skulle verte dømd etter lovene i det landet lovbrotet skjedde.[\[156\]](#) For dei tyske ved Kontoret, som stod under det mektige hansasambandet sitt vern, var dette kanskje annleis.

Rettshistorikar Knut Robberstad slår fast at dei hanseatiske kjøpmennene på Bryggen i Bergen stod under Lübeck sin rett.[\[157\]](#) Domstolen i moderbyen hadde domsrett over dei i innbyrdes saker mellom hanseatane, når ikkje saka vart ordna av bryggekjøpmennene sjølve.[\[158\]](#)

Rettshistorikar Absalon Taranger skriv òg at dei tyske kjøpmennene i Bergen låg under hanseatisk og spesielt lybsk rett. Han skriv at alle *indre* ”rettstretter”, som ikkje vart løyst av samfunnet internt, skulle opp for borgarmeistrar og råd i moderbyen, som i Kontoret sitt tilfelle var Lübeck. Den øvste lovgivande- og dømande makta låg ved dei årlege hansadagane, som var sett saman av rådssendebod frå hansabyane.[\[159\]](#)

Jurist Oscar Platou skriv at i Bergen sto medlemmane av det hanseatiske Kontor under sin eigen jurisdiksjon. Dei skulle i *sivile* saker søke domstol i Lübeck. Ein måtte altså saksøke ein hanseat i Bergen ved retten i Lübeck. Saka enda kanskje til slutt ved riksretten i Speier.[\[160\]](#)

Johan Koren Wiberg skriv at det hanseatiske Kontor hadde eige juridisk mynde, skilt frå byens rettsvesen. Kvar enkelt Bryggegard hadde sine eigne gardslover og sin eigen domstol, "Naboretten" eller "Gaardsretten". Kjøpmennene og deira gesellar danna dommarkollegiet. Ein kunne anka til oldermansretten eller "Ein Ehrsam Kaufmann"; Kontorets øvste mynde med oldermannen i spissen og hans achteiner som meddomarar. Sekretæren ved Kontoret, som var juridisk utdanna, leia møta. Kvar gard hadde ei nabobok eller mascopibok, der garden sine lover og referat frå gardsretten sine dommar vart førte. Dessutan hadde oldermannen si eiga domsbok.[\[161\]](#)

Jurisdiksjonen ved Kontoret gjaldt derimot berre ved *disiplinære forseelser*, som streid mot dei kontorske "Gaardsrettar" eller "Naborettar". Døma Koren Wiberg kjem med syner at dei fleste sakene går på vaktforsømmelse, ulovleg tenning av eld, arbeidstilhøve eller slåssing. Elles måtte dei kontorske på Bryggen stå til rette overfor norsk lov, enten lovbrotet var gjort på eller utanfor Kontoret sitt område.[\[162\]](#)

Sverre Steen skriv at hanseatane hadde, om ikkje formelt så i alle fall reelt, sin eigen jurisdiksjon. Dette innebar at dei ordna mange tvistar utan å blande inn norske domstolar. Steen hevdar at hanseatane til og med oppretta domstolar av liknande slag som europearane hadde i koloniane for medlemmane sine.[\[163\]](#)

Av dette ser det ut som om hanseatane skulle vere underlagt den norske konges lov og dom, bortsett frå i innbyrdes forhold.

Andre opplysningar som kan vere interessante i denne samanheng finn vi i kjeldene. Absalon fortel om hanseatiske drapsmenn som kjem seg unna straff i Norge; "... de garpe dyl under dem sagefal oc mandslegt oc lade dem bøde i Tyskland mod de dødis arfuinger oc til den by han er aff".[\[164\]](#) I ei forordning av 19.04.1562 finn eg at kongen legg ned forbod mot at tyske kjøpmenn i Bergen skjuler drapsmenn, og i ly av privilegia sine hjelper dei ut av landet på sine skip. Dette viser seg til og med å vere eit forbod som vert innskjerpa, noko som tyder på at eit liknande forbod må ha kome forut for dette[\[165\]](#), og at det første forbodet ikkje har vore følgd i praksis. Drapsmennene det her er snakk om *kan* vere hanseatane Absalon skriv om, men det står ingenting spesifikt om at det *er* det. Referansen kan tolkast til å vere meir generell, å gjelde drapsmenn av ulike typar nasjonalitetar ikkje berre hanseatar. Det kan vel tenkjast at hanseatar tente pengar på å ta drapsmenn, uansett nasjon, ut av Norge på skipa sine.

Det ser av dette ut som om hanseatane sitt juridiske sjølvstyre var avgrensa til å gjelde mindre interne saker, som først og fremst handla om arbeidstilhøve og disiplin innad i det hanseatiske samfunnet på Bryggen. Om dei ikkje klarte å løyse disse "rettstrettene", var neste instans borgarmeister og råd i Lübeck eller dei årlege hansadagane. Elles måtte dei kontorske på Bryggen stå til rette overfor norsk lov, enten lovbrotet var gjort på eller utanfor Kontoret sitt område. Det ser dermed ut som eventuelle hanseatiske drapsmen skulle verte dømde etter norsk lov av ein norsk domstol. Denne domstolen må, i alle fall i utgangspunktet, ha vore lagtinget eller bylagtinget ved Bergen rådstue. Noko heilt anna er om dei i realiteten vart dømde ved norsk domstol. Kjeldene seier at det ikkje var uvanleg at hanseatane ved interne drap ved Kontoret skjulte drapsmannen og tok vedkomande til Lübeck, for så å la han bøte til arvingane etter den døde eller til byen der. Hanseatar førte truleg òg drapsmenn av andre nasjonalitetar ut av byen på skipa sine.

Vi har no sett at to ulike grupper i bysamfunnet, kongen sine menn og tenarar og hanseatane, i teorien kunne verte dømde ved andre domstolar enn lagting og bylagting i Bergen. Kva så med kyrkja? Kunne kyrkjerettslege domstolar døme i drapssaker i Bergen i siste halvdel av 1500-talet?

3.4. Geistlege domstolar

Heilt ifrå tidleg mellomalder har det i Norge vore skilt mellom lovbrot som skulle dømast av geistleg domstol og dei som skulle dømast av verdsleg. Det var domkapitla i dei ulike stiftsbyane som, i tillegg til andre oppgåver, tok seg av kyrkjerettslege saker og dømde etter kanonisk rett. Kven var det så som kunne verte dømde etter denne retten? I kva type saker vart det dømt? Kunne ein gå til domkapitlet med ei drapssak?

Den kanoniske retten gjaldt først og fremst kyrkja sjølv og hennar indre saker. Reglane omfatta kyrkjeskippnaden, det kyrkjelege tenesteverket, kyrkjeleg tenestegjering, kyrkjeleg eigedom, kyrkjelege straffer, domstolar og rettargong. Kyrkja hadde eit kall til å gripa inn mot alle dødssynder som kristne menneske gjorde seg skuldige i. Ut frå dette vaks det fram ein kyrkjeleg strafferett. Denne strafferetten skilde seg sidan ut frå dei rettsreglane som gjaldt synd og sjelesorg, skriftemål og kyrkjebot. Strafferetten gjaldt kyrkjelege brotsverk, som trusfråfall, misbruk av kyrkjeleg embete, åtak på geistlege eller kyrkja sin eigedom, ekteskapsbrot og anna sedskapsbrot, forsøming av avgiftsbetaling til kyrkja. Kyrkja straffa òg brotsverk som drap, ran, tjuveri, meined, forfalsking, foræderi mot kongen og åtak på statsmakta.

Dei kyrkjelege straffene gjekk i hovudsak ut på å gjera den skuldige til eit betre menneske, berre unntaksvis var det straff som gjekk ut på å gjera gjengjeld for ugjerning. Straffene var utstøyting av geistleg frå kyrkjесamfunnet,[\[166\]](#) tap av kyrkjeleg embete, kyrkjebann,[\[167\]](#) unåde hjå paven,[\[168\]](#) æreløyse[\[169\]](#) eller tap av retten til å verte gravlagd på kyrkjegard. Dødsstraff eller anna fysisk straff høyrde derimot ikkje under kyrkja sine straffeutmålingar, kyrkja tek ikkje liv. I mange tilfelle kunne same gjerningsmann bli straffa både av geistleg- og av verdsleg domstol. I verste fall dømde kyrkja først vedkomande, sende han så til verdsleg domstol, som dømde han frå livet. Dei kyrkjelege domarane var paven, erkebiskopen, biskopen og erkediakonen. Det kunne ankast frå kvar av disse til den høgare. Ei straffesak byrja med ei klage til retten, frå den fornærma når det gjaldt private brotsverk[\[170\]](#) eller frå kven som helst når det gjaldt offentlege brotsverk.[\[171\]](#) Om ein anklagar ikkje klarte å bringe fram nok prov til å få den ankлага dømt, vart denne frifunnen og anklagaren dømt til den straffa som ankлага skulle hatt om han vart funnen skuldig. Når det gjekk rykter om at nokon hadde gjort ei grov kriminell handling, som til dømes drap, vart dette rekna som ein anklage mot vedkomande, og domaren skulle finne ut av saka.[\[172\]](#)

Frå mellomalderen i England veit vi at forbodet i den kanoniske rett mot å døme nokon frå livet, i tillegg til retten ein geistleg hadde til å verte dømt av nettopp denne retten, førte til at drapsmenn som var ikkje-geistlege sørga for å bli det. Alle voksne lese- og skrivekunnige menn hadde rett på å bli rekna som geistlege. Dette vart gjort ved å lese ein sekvens frå Bibelen.[\[173\]](#) Straffa vedkomande fekk var ein M for murder brent inn på tommelen. Om mannen endå ein gong vart stilt for retten for same lovbrotet, var han ikkje lenger verna av posisjonen sin som geistleg og kunne, av ein verdsleg domstol bli dømt til døden. I løpet av 1500-talet vart derimot ei rekkje lovbrot tekne ut av den kyrkjerettslege jurisdiksjonen, mellom anna drap, tjuveri, valdtekt og trolldom.[\[174\]](#)

Slik var situasjonen i mellomalderen. Kva endringar førte så innføringa av reformasjonen med seg? I følgje Robberstad fall ikkje domkapitla som var knytte til dei norske domkyrkjene vekk, formelt sett vart dei aldri avskipa. Det viktigaste arbeidet domkapitla hadde etter reformasjonen var kyrkjeleg domsarbeid. Dei hadde domsrett i

ekteskapssaker til forordninga av 1. desember 1797, i andre kyrkjelege saker sto den geistlege domsretten ved lag enno lenger. For straffesaker vart han avskipa ved straffeprosesslova av 1. juli 1887, for andre kyrkjelege saker gjaldt den til domstolslova av 13. august 1915 kom. Den viktigast oppgåva til domkapitlet etter reformasjonen vart å fungere som domstol i ekteskaps- og horsaker.[\[175\]](#) noko vi finn fleire døme på i Absalon si dagbok.[\[176\]](#) Etter Riebe-artikkelen skulle slottsherren assistere domkapitlet i slike saker, medan superintendenten berre skulle konsulterast når sakene var spesielt vanskelege. I praksis deltok bispen ofte i forhandlingane.[\[177\]](#) Dette gjaldt derimot ekteskapssaker. Kva med drapssaker?

Eg veit ikkje om praksisen med å dømme i drapssaker der geistlege var gjerningsmenn gjaldt i Norge i mellomalderen. Om så var kan det då hende at Bergen domkapitel, etter gamal praksis, enno dømde i drapssaker i siste halvdel av 1500-talet, på trass av at blant anna drapssaker i løpet av 1500-talet vart tekne ut av den kyrkjerettslege jurisdiksjonen? Det finnes ingen protokoll bevart frå Bergen domkapitel for den aktuelle perioden. Vi har derimot ein frå domkapitelet i Stavanger 1571-1630. I løpet av dei 59 åra protokollen dekkjer finnes der ingen drap klaga inn for domkapitelet. Hovudsakleg handlar sakene om embetsforsøming blant geistlege og ekteskapsproblem blant allmugen. I ei rekkje av disse ekteskapssakene vil ein av ektemaken *skiljast* på grunn av truslar om eller forsøk på drap, eventuelt på grunn av at den andre parten er dømd for drap.[\[178\]](#) Absalon skriv elles om nokre saker han, som medlem av domkapitelet, var med å dømme eller forlike i. Disse sakene var òg ekteskapssaker.[\[179\]](#)

Kva så med dei tyske kyrkjene i byen? Ovanfor har vi sett at hanseatane juridisk sett skulle rette seg etter norsk lov. Var det kan hende annleis når det gjaldt kyrkjerettslege saker? Kunne ei drapssak der gjerningsmannen var frå Kontoret verte handsama av tysk kyrkjerettsleg jurisdiksjon? Vi veit at hanseatane, frå 1520-åra til 1558, kontrollerte både Martinskyrkja og Mariakyrkja. Dei tyske handverksamta brukte dessuten Halvardskyrkja i Vågsbotn som soknekyrkje. Tilsetjing av sokneprestar, kyrkjeverjer og kontroll av kyrkjereknskapa skjedde frå Kontoret. I mai 1558 vart så dei tyske kyrkjelydane lagde inn under norsk kyrkjelov og superintendenten sitt tilsyn, etter initiativ frå slottsherre Valkendorf og ved dom på lagtinget. Domen vart bekrefta av overlagtinget i august same året.[\[180\]](#) Vidare ser vi at etter ymse usemje mellom dei tyske prestane, superintendenten og slottsherren, gjorde kongen det klart at når tyskarane sjølve hadde valt prestar til kyrkjene sine skulle disse eksaminerast og deretter ordinerast av biskopen i Bergen. Dette skjedde i 1580-åra. Kontoret godtok at prestane skulle vere underlagt biskopen på kongen si vegne i alle geistlege saker, men kjempa – som vi har sett ovanfor - for sjølve å ha domsmynde over dei i verdslege spørsmål.[\[181\]](#)

Av dette ser vi at kyrja i *mellomalderen* kunne dømme i drapssaker, i alle fall i England, utan å ha mynde til å døma nokon frå livet. I løpet av 1500-talet vart derimot ei rekkje lovbrøt, deriblant drap, tekne ut av den kyrkjerettslege jurisdiksjonen. Frå og med 1558 hørde òg dei hanseatiske kyrkjene under norsk kyrkjelov. Det ser dermed ikkje ut som om drap gjorde i Bergen i siste halvdel av 1500-talet kunne verte handsama av kyrkjerettslege instansar.

Dette kapitlet har vist oss at drapssaker kunne kome direkte inn for andre domstolar utan først å ha vore inno for lagtinget. Disse domstolane var overlagting, herredag eller kongen og rådet. Litteratur og kjeldemateriale har synt at byrådet, utan lagmannen, fungerte som domstol i drapssaker. Dette er vel kanskje den mest nærliggande alternative domstolen til lagtinget i Bergen i åra 1592-94. Vi har òg sett at det ved sidan av lagtinget eksisterte to juridiske bastionar i bysamfunnet; gardsretten ved Slottet og Kontoret som innbitt kjempa for jurisdiksjonsretten over sine egne. Drapsmenn frå Slottet og Kontoret kan med andre ord ha vore dømde ved eller i tilknytning til domstolar ved disse institusjonane i åra 1592-94. I kapittel 6 vil eg sjå nærare på talet drapsmenn som hørde under gardsretten og Kontoret i slutten av 1500-talet. Om det syner seg å vere mange som vart dømde ved disse institusjonane, kan dette vere eit forklaringsmoment i jakta på dei forsvunne drapa frå 1592-94. Det er heller ikkje sikkert at drapa frå 1592-94 kom opp for nokon domstol i det heile. I neste kapittel vil eg sjå nærare på oppgjer for drap utanfor domstolane.

[\[114\]](#) Det er først i 1607 at det vert orden i instansrekkefølga i det norske rettssystemet, NOU 1980: 12 og NHL 1974: 189 – sjølv om det frå 1580-åra kom ulike påbod vedrørande instansrekkefølga, Fladby 1986: 187.

[\[115\]](#) Fladby 1986: 187.

[\[116\]](#) Steen 1935: 265-266.

[\[117\]](#) Fossen 1979: 79.

[\[118\]](#) Fladby 1986: 187, Steen 1935: 265.

[\[119\]](#) NHL 1974: 248.

- [120] Thime 1991:16.
- [121] Fladby 1986: 187.
- [122] NHL 1974: 248.
- [123] Steen 1935: 266.
- [124] Rian 1995: 43f. I overlagtinget sin siste mannsalder var det kollegial domstol berre for lagmenn.
- [125] NHL 1974: 247f.
- [126] Steen 1935: 266.
- [127] Fladby 1986: 187.
- [128] Svar på forespørsel frå Riksarkivet i Oslo 19.01.00, ved førstearkivar Tor Weidling.
- [129] NHL 1974: 129
- [130] Frå 1599-1664 om lag kvart tredje år.
- [131] NOU 1980:12: 165.
- [132] Fladby 1986: 189.
- [133] NHL 1974: 129.
- [134] Fladby 1986: 190.
- [135] NHL 1974: 129.
- [136] Fladby 1986: 187.
- [137] Viser til samtale med Jørn Sandnes 16.11.99. Mange døme på dette i referata frå herredagane.
- [138] NHD VI: 30, Bergen 12.juli 1604.
- [139] Fossen 1979: 262.
- [140] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 24. Forordet til Christian 4s norske lov: x.
- [141] NRR II: 725f.
- [142] NRR I: 500.
- [143] NRR IV: 209f. – 6.august 1607.
- [144] NHL 1974: 281.
- [145] Sprauten 1992: 98.
- [146] NHL 1974: 121.
- [147] Salmonsens Konversations Leksikon, bind IX: 297.
- [148] Winge 1988: 78.
- [149] NRR I: 651.
- [150] Domstolen dømmer etter Magnus Lagabøtes landslov og bylov, kongebrev, rettebøter, recessar, kristenretten og skreddarane sin skrå. Bergen rådstueprotokoll 1592-94.
- [151] Hartvedt 1994: 276.
- [152] Fossen 1979: 12.
- [153] Hartvedt 1994: 276.
- [154] Winge 1988: 66.
- [155] Same stad: 47.
- [156] Viser til samtale med Anne-Hilde Nagel 03.03.00.
- [157] Robberstad 1966: 141.
- [158] Robberstad 1970: 255.
- [159] Taranger 1935: 94ff.
- [160] Platou 1915: 6.
- [161] Koren-.Wiberg 1934:122f.
- [162] Same stad.
- [163] Steen 1969: 59.
- [164] Beyer 1552-72: 170.
- [165] Winge 1988: 78.
- [166] Degradasjon.
- [167] Excommunicatio.
- [168] Indignatio.
- [169] Infamia.
- [170] Som til dømes steling eller ærekrenking.
- [171] Som til dømes drap, ekteskapsbrot eller kjetteri.
- [172] Robberstad 1970: 75-78.
- [173] Oftast opningsverset av Salme 51.
- [174] Briggs, Harrison, McInnes, Vincent 1996: 74.
- [175] Robberstad 1950: 88.

[176] Beyer 1552-72: 16, 17, 109, 212-213.

[177] Fossen 1979: 110.

[178] Stavanger Domkapitels Protokoll 1571-1630.

[179] Beyer 1552-72: 43f, 173, 176f.

[180] Fossen 1979: 110-111.

[181] Same stad: 312.



Kapittel 4. Oppgjer utanfor domstolane.

I dette kapitlet vil eg sjå på om oppgjer for drap utanfor domstolane kan vere årsaka til at så få drapssaker vart klagt inn for lagtinget i Bergen 1592-94. Om det var vanleg praksis å gjere opp for drap på andre måtar enn for domstolane, er det ikkje så rart at talet på drapdømde ved Bergen rådstue 1592-94 er så lavt, medan det i realiteten, i følgje Absalon, vart gjort ei rekkje drap kvart år i bysamfunnet.

I Norge var tradisjonen ved drap at gjeningsmannen fekk gjere opp for seg ved bot. Om drapsmannen lyste på seg drapet, og der ikkje var skjerpande omstende i saka, fekk gjerningsmannen eit gridsbrev som gav han førebels straffefritak og rettsvern. Etter at ein representant for rettsmakta hadde granska saka vart det skrivi eit provsbrev som gjekk til kanslaren, der saka vart skildra. Om så ikkje kanslaren fann skjerpande omstende i saka, kunne drapsmannen få gjere opp ved å betale tegnkaup for den drepte og fredkaup for å sikre seg mot vidare straff. Både disse bøkene gjekk til kongen. I tillegg måtte drapsmannen betale ei bot til dei etterletne. Til sist skreiv kongen, eller i Norge sitt tilfelle kanslaren, ut eit landsvistbrev som garanterte gjerningsmannen opphald i landet. Dei etterletne fekk samstundes eit kvitteringsbrev.[\[182\]](#) Storleiken på bøkene skulle reknast ut ifrå den bøkelaugde si inntekt.[\[183\]](#) Om det derimot var skjerpande omstende i saka, til dømes ved overlagt drap, skulle derimot gjerningsmannen pågripast og dømast av lagmannen, borgarmeistrar og rådmenn.[\[184\]](#)

Forordning av 1558 for Danmark bestemte at ein drapsmann skulle bøte liv for liv. Frå siste halvdel av 1500-talet vart det dermed vanskelegare for ein drapsmann å kjøpe seg fri. Denne praksisen kom òg til å gjelde for Norge, på det viset at kanslar og domstolar i mindre grad tillet fredkjøp ved drap.[\[185\]](#) Skilnaden mellom å krevje bot for eit drap og det å avrette drapsmannen må ha vore stor for rettsmakta. Ved bot fekk statskassa inntekter, medan avretting vart utgifter for det offentlege. Reformasjonen kan òg ha spelt ei rolle i denne samanhengen, på den måten at ein fekk ei ny vektlegging av Moselova si ”øye for øye, tann for tann” mentalitet. Eg meiner dette er gode forklaringsmoment for å påstå at praksisen med drapsbot vart halden i hevd utover på 1500 og frametter.

Vi har sett at bot var den vanlege måten å ordne oppgjer etter uoverlagt drap på, ved først å lyse på seg drapet for deretter å gå gjennom ein prosess med representantar for rettsmakta. Ved overlagt drap skulle saka opp for ein domstol, vi kan dermed vente å finne drapssaker referert frå i rettsprotokollane derifrå. Når det gjeld drapsbot, kunne òg slike saker kome opp for domstolane. Men her var det òg mogleg med oppgjer ved andre representantar for rettsmakta. I tillegg kan det tenkjast at private oppgjer fann stad. Verken ved slike private oppgjer eller når representantar for rettsmakta handsama ei drapssak vil spor etter drapa finnast i protokollane. I dette kapitlet vil eg sjå nærare på drapsoppgjer utanfor domstolane.

4.1. Soning ved fogden

Soning, òg kalla semje, minne, nøge eller avtinging, er nemninga på eit forlik mellom påtalemyndet og den saksøkte. Både saksøkte og påtalemyndet sin representant, vanlegvis fogden, føretrakk ofte soning framom ei avgjerdsle ved dom på tinget. Den saksøkte fekk ofte betre vilkår ved soning enn ved dom; lågare bøter og ein unngjekk ein vanskeleg rettargong. På den andre sida var rettsmakta sikra sakefalls-inntektene. Gjennom heile mellomalderen såg statsmakta på soning som ein legal måte å avgjere søksmål på, men frå 1539 vart soning forbode.[\[186\]](#) Dei gjentekne forboda frå statsmakta si side, i det følgjande hundreåret, tyder derimot på at forbodet ikkje vart overhalde. Tingbøker frå 1600-talet viser til dømes at lagretten ved fleire høve oppfordra til soning i staden for domfelling.[\[187\]](#) Soning ved fogden var altså truleg ein straffepaksis som vart nytta i andre halvdel av 1500-talet, trass i lovforbod.

I siste halvdel av 1500-talet hadde byfogden påtalemynde ved større lovbrøt, noko eg finn ulike døme på i Bergen rådstueprotokoll.[\[188\]](#) Han fungerte dessutan som lågaste domsinstant i bysamfunnet. Sakene han var pålagt å dømme i var mindre lovbrøt.[\[189\]](#) Ovanfor har vi sett at byfogden truleg ila drapsmenn bot, på trass av forbodet mot denne praksisen.

Drapssaker der etterspelet vart soning ved fogden, kan vi finne spor etter i kjeldene. Drapsbøter vart førte inn som ein del av sakefallet i lensrekneskapen. Byfogden var ansvarleg for innkrevjinga.[\[190\]](#) Om vi går til sakefalls-listene

for Bergen len frå siste halvdel av 1500-talet, finn vi nokre drapsbøter oppførte.[\[191\]](#) I innleiinga til kapitlet såg vi at drapsbøter òg kunne idømast ved domstolar. Av dette ser vi at drapssaker i Bergen 1592-94 kan ha vore dømde av byfogden, og dermed ikkje kome opp for lagtinget.

4.2. Kanslaren som handsamar av drapssaker

I innleiinga til kapitlet såg vi at i prosessen etter ei drapssak i Norge, frå høgmellomalderen av og inn på 1700-talet, vart landsvist- og gridsbrev utskrevne. Gridsbrev, òg kalla kongsdagsbrev, fordagsbrev eller berre dagsbrev, gav drapsmannen midlertidig rettsvern til saka var ordentleg undersøkt. Landsvistbrevet gav den skuldige permanent rettsvern mot å betale bøter til kongen og arvingane til offeret. Landsvist- og gridsbrev vart utstedt av den norske kanslaren som hadde domsseglet i si forvaring. Det kjem som regel fram i disse breva at dei er utsteda av den norske kanslaren på eiga hand, i den regjerande kongen sitt namn. På denne måten skil landsvist- og gridsbrev seg ut ifrå andre kongebrev som vart skrivne ut ved kongen sitt kanselli i København.[\[192\]](#)

Eit brev frå kongen til kanslaren, datert 3.mai 1571, tyder derimot på at kanslaren si rolle som utstedar av slike brev vart misbrukt.; ”stor Synd og uskikkelig Handel bruges og bedrives udi vort Rige Norge med Manddrab og Dødsdrag, og naar Nogen, som saadan Gjerning beganger, dig besøger, giver du dem efter den norske Lov Kongens Dag, hvoraf de til slige Handlinge mer Dristighed bekomme; thi bede vi dig og ville, at du efter denne Dag aldeles ingen Kongens Dag giver Nogen, som for Manddrab falder, til saalenge vi kunne derom udi videre Forfaring og derpaa kunne gjøre en anden Skik, hure dermed endelig holdes skal”.[\[193\]](#) Her ser vi at kongen gir kanslaren midlertidig forbod mot å gi drapsmenn kongens dag. På grunn av at ordninga slik den vart praktisert i Norge ikkje verka avskrekkande og prevantiv.

Kunne så drapsmenn gå direkte til kanslaren for å få landsvistbrev utan å ha vore innom ein domstol før eller etter? Eg har sett på dokument i Diplomatarium Norvegicum og NRR på leit etter prov på at kanslaren utsteda slike brev utan noko innblanding av andre instansar i rettsvesenet. Eg har derimot ikkje funne døme på ein slik praksis.

Mykje tyder altså på at kanslaren også i siste halvdel av 1500-talet skreiv ut gridsbrev, som gav drapsmannen midlertidig rettsvern til saka var ordentleg undersøkt. Eg har derimot ikkje funne kjelder som fortel at ein drapsmann fekk landsvistbrev direkte utskrive frå kanslaren utan å vere innom ein domstol ein eller annan gong i prosessen. Eg har dermed ingen prov for at drapssaker frå Bergen 1592-94 kan ha gått direkte til kanslaren utan å ha vore innom lagtinget først.

4.3. Private oppgjer

Som vi såg i innleiinga til kapitlet skulle ein drapsmann gå til rettsmakta og melde seg som lovbrytar. Vi har òg sett at det offentlege handsama drapssaker på ulike måtar. Av ei forordning av 17. februar 1590, utsteda i København, ser vi derimot at dette påbodet om å dra inn rettsmakta ikkje alltid vart følgd; ”enkelte steder i Norge blir manndrap avsont mellom drapsmannen og den dreptes slekt, uten at partene trekker inn domstolene. Etterpå begjærer drapsmannen ofte ”at der måtte lysess fred” over ham på lagtinget. Framgangsmåten er helt i strid med lov og rett, og blir derfor forbudt.”[\[194\]](#) Halvanna år etter kom nok ei forordning som gjentok dette forbodet,[\[195\]](#) noko som syner at forordninga ikkje vart følgd i praksis. Praksisen var med andre ord den at drapsmannen og arvingane etter offeret kunne gjere opp seg imellom utan å følgje kongen si lov og gå vegen om kongen, rettsmakta. Dette førte sjølv sagt til at kongen tapte inntekter. Det er godt mogleg at denne praksisen vart nytta ved drap i Bergen 1592-94.

I dette kapitlet har vi sett at byfogden truleg handsama oppgjer ved drap, i form av botestStraff, sjølv om dette etter lovene på 1500-talet var forboden praksis. Vi har òg sett at praksisen med at kanslaren skreiv ut gridsbrev vart misbrukt. Om det fungerte slik at ein drapsmann kunne gå direkte til kanslaren å få landsvistbrev, utan å blande inn andre instansar i rettsvesenet, finn eg derimot ingen døme på. Dessutan har vi av forordningar sett at private oppgjer ved drap vart praktisert. Heller ikkje disse finn vi spor etter i kjeldene nettopp på grunn av at ein slik praksis var forboden. Av dette ser vi at drapssaker frå Bergen 1592-94 kan ha vorte handsama av rettsmakta utan å kome opp for domstolane, eller ha vorte oppgjort mellom partane utan å dra inn offentlege tenestemenn. Vi har derimot få prov

på ein slik praksis.

I dei to siste kapitla har eg leita etter moglege løysingar på kvar drapa frå 1592-94 vart av. Det neste steget vert å sjå nærare på etterspela i drapssakene eg finn i kjeldematerialet. Vi manglar kjelder som fortel noko om kva som hende med drapa frå 1592-94. Det vi derimot går ut ifrå er at førekomsten av drap iallefall ikkje hadde minka frå Absalon skreiv dagboka si til Bergen rådstueprotokoll vart ført i 1592-94. Eg vil difor sjå nærare på kva etterspel drapa i dagboka fekk. Dessutan vil eg finne ut av kven drapsmennene i Absalon si dagbok var. Eg er interessert i om trekk ved gjerningsmennene kan sei meg noko som kan bidra til å forklare at så få drap kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94. Eg gjer dermed drapsmennene Absalon skildrar representative for drapsmenn i Bergen 1592-94. For å få kartlagt kven drapsmennene var og på det viset kome fram til ulike og felles trekk ved dei, vil eg i neste kapitel bygge opp ein analysereiskap.

[182] Ersland og Sandvik 1999: 238.

[183] Skeie 1937: 122f .

[184] NRR II: 16f.

[185] Rian 1995: 218f.

[186] Jmf. Jørgen Lykke, Bjørn Andersøn og Kristoffer Valkendorf sin recess av 13.03.1568 og i stadfestinga av denne recessen 28.05.1574, Winge 1988: 102 og 129.

[187] NHL 1974: 312.

[188] Bergen rådstueprotokoll 1592-94: til dømes 13; sak 25, 22; sak 34, 27; sak 41.

[189] Fossen 1979: 82.

[190] NHL 1974: 92.

[191] Eg har gått igjennom sakefallet for Bergenhus len for åra 1566/67, der eg fann at to av i alt fem drapsmenn som vart bøtelagde kom frå Bergen by. I reknskapet for 1597/98 er ingen bøtelagde for drap.

[192] NHL 1974: 194.

[193] NRR I: 683.

[194] Winge 1988: 227f, NRR III: 108.

[195] Winge 1988: 235, NRR III: 195f.



Kapittel 5. Oppbygging av analysereiskap

I det føregående har vi sett på forklaringar til ulikskapen mellom Absalon si dagbok og Bergen rådstueprotokoll. Vi har sett at dagboka gjer den mest realistiske skildringa av drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Dermed må det finnast ein eller fleire grunnar til at drap ikkje kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94. Vi har sett på ulike forklaringar til kva etterspel drapa kan ha fått, men manglar kjeldemateriale som fortel kva som i røynda skjedde med drapa frå 1592-94. Litteratur syner at valdsførekomsten truleg ikkje gjekk ned i løpet av dei 20 åra som skil kjeldene. Vi må då rekne med at drapsførekomsten var like eins i Bergen i disse åra som i den perioden Absalon skreiv. Eg trur at trekk ved drapsmennene kan fortelje oss noko om kva etterspel drapa fekk. Dermed vil eg ta for meg drapsmennene Absalon skildrar og lage ei analyse av kven dei var. Eg gjer dermed drapsmennene i dagboka representative for drapsmenn i Bergen 1592-94.

5.1. Formålet med databasane

Eg har valt å sette opplysningane kjeldene gir meg om drapsmenn og offer inn i databasar. Resultatet har blitt ein base som inneheld informasjon om lovbrota eg finn i Absalon si dagbok, og ein som kartlegg sakene i Bergen rådstueprotokoll.

Formålet med databasane eg har bygd er todelt. For det første vil eg i forhold til problemstillinga mi ha nytte av databasane som analysereiskap. For det andre er databasane ein ressurs som kan nyttast av forskarar etter meg.[\[196\]](#) Det overordna målet med prosjektet mitt er å finne årsakene til at det biletet Absalon gir av drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet, står i motsetning til det biletet ein finn i Bergen rådstueprotokoll. Ved søk i databasane kjem ulikskapen i drapstalet mellom dei to kjeldene klart fram. Ved å analysere nedteikningane av drapssaker i Absalon si dagbok og rådstueprotokollen, vil eg kartlegge omstenda kring drapa som er skildra. Eg vil sjå om særtrekk ved drapsmennene kan seia meg noko om kvifor så få drapssaker kom inn for lagting og bylagting i Bergen 1592-94, medan Absalon skildrar ei rekkje drap i nedteikningane sine. Kjeldene kan dessutan fortelje meg noko om rettargong, rettssystem og straffeutmåling.

Eg har registrert samtlege saker i Bergen rådstueprotokoll og alle tilfelle som Absalon, i si dagbok, gir uttrykk for er lovbrota. Dermed har eg bygd opp to databasar som kan nyttast til andre formål enn å analysere drapssaker. Samtlege tilfelle av lovbrota, som eg har funne i disse to kjeldene, er kartlagde i basane. Tilgjengeleg for den som måtte ynskje å bruke dette kjeldematerialet er dermed svært god på den måten at opplysningane ligg klare i eit søkeapparat. Ein kan dermed ved berre eit par tastetrykk få fram dei opplysningane ein elles ville ha brukt mykje lengre tid på å bla seg manuelt fram til i ein papirversjon av kjelda. Registreringane i databasane er likevel *mine* tolkingar av kjeldematerialet. Ei kvar kjeldeanalyse er prega av personen som analyserer, ei slik analyse kan difor aldri bli noko anna enn subjektiv. Kategoriseringane vil bere preg av referanseramma mi og mine bakgrunnskunnskapar, noko som altså kan resultere i at andre lesarar av same kjelda ville ha tolka og kategorisert opplysningane den gir oss annleis. Eg har gjennom kategoriseringsprosessen, så godt det let seg gjere, prøvd å vurdere om opplysningane kan tolkast på meir enn éin måte før eg plotta dei inn i felt. I dei tilfella eg har vore i tvil, er dette kommentert i ”kommentar”- eller ”merknads”-felt. Graden av dokumentasjon og etterprøving av kjeldene er stor ved denne metoden. Alle opplysningar eg har funne i kjeldematerialet har referansar til både originalkjelda og til den transkriberte[\[197\]](#) versjonen eg har lagt til grunn for analysane mine. Det er kan difor vere nyttig for forskarar etter meg å nytte databasane mine i forhold til andre problemstillingar. I tillegg er det å etterprøve tolkingane mine av kjeldene lett tilgjengeleg ved at eg har oppgitt sidereferansar i så vel originalkjelda som i dei transkriberte versjonane og kommentarbindet eg har brukt.

5.2. Oppbygging av databasane

For å kartleggje omstenda kring lovbrota generelt og drapssaker spesielt i Absalon Pederssøn Beyer si dagbok og Bergen rådstueprotokoll, har eg tatt for meg kvart enkelt tilfelle av lovbrota og sett opplysningane kjelda gir meg inn i kategoriar. Kategoriane har eg konstruert i høve til det eg i problemstillinga mi er interessert i å finne ut av.[\[198\]](#) Resultatet er at kvart enkelt lovbrota har vorte tildelt éi rekkje av felt, der kvart felt representerer éin kategori. På

denne måten får eg klassifisert, systematisert og dokumentert opplysningane eg finn i kjeldene. Ved søk i databasane vil ein på denne måten få fram førekomst; til dømes talet på drap, valdtekter eller halshoggingar. Ein vil òg kunne følgje éi særskilt sak, frå ugjeringa er gjort, gjennom rettargongen og til straffa er utmålt og eksekvert. Vidare kjem ulike etterspel av den same type lovbrøt godt fram ved denne metoden. Ein kan til dømes søkje etter drapssakene i basane og undersøkje kva etterspelet etter eit slikt lovbrøt vart under kategoriane ”rettargong” og ”straffeutmåling”. Resultatet av søket vil vise seg å variere. Ved å sjå nærare på dei andre kategoriane, omstendene i saka, kan ein kome til ei forklaring på kvifor den same typen lovbrøt fekk ulike etterspel.

Fellesnemnaren for båe kjeldene er lovbrøt i bysamfunnet Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Eg har difor registrert alle sakene i rådstueprotokollen og alle saker som Absalon, i dagboka si, gir uttrykk for er lovbrøt. Ulikskapen i høve til registrerte saker i dei to databasane er basert på at dei to kjeldene har vorte til i kvar sin kontekst og avspeglar ulike sfærer innanfor det same samfunnet. I rådstueprotokollen er dei sakene registrerte som vart klaga inn for domstolen ved rådstua. I dagboka derimot er det Absalon sine uttrykk for kva som var lovbrøt, og mine tolkingar av hans nedteikningar, som ligg til grunn for databasen. Praktiske resultat av denne ulikskapen mellom kjeldene er at kategoriseringa er noko ulik i dei to databasane. Dette vil eg kome attende til seinare i kapitlet. Sidan dei to kjeldene mine, Absalon Pederssøn Beyer si dagbok og Bergen rådstueprotokoll er vesensforskjellige, er dermed databasane eg har laga bygde over to ulike lestar.

Døme på felttrekkje frå Absalon-basen:

ID	Dato for nedteikning	Åstad for lovbrøt	Stad for rettsmøte/eksekvering av straff
4	1561 Martius .10.	Bergen	Bergen

Tidspunkt	Namn på fornærma	Kjønn på fornærma	Tittel på fornærma
omkring den tredje time om ettermiddagen	Johannes Brun	M	borger

Yrket til fornærma	Nasjonalitet til fornærma	Relasjon til ankla	Namn på gjerningsmann
kokk	NORSK	KOLLEGA	Anders svenske

Kjønn på gjerningsmann	Tittel på gjerningsmann	Yrket til gjerningsmann
M	%	tenar på Slottet

Nasjonalitet til gjerningsmann	Gjerningsmannens sosiale gruppe	Relasjon til fornærma
SVENSK	SOSIAL GRUPPE 3	KOLLEGA

Brotsverk/sakstype	Reiskap	Straff/Dom	Rettargong
drap(naudverge)	dolk	løsepenger	%

Gjerningsmannens tilknytning til domstol og lovverk	Kommentar
GARDSRETEN	%

Merknad	Sidetal/Fol i originalkjelda
skr. på latin i margen:3 Mandslegt Hans Brun	11

Sidetal i tekstbind	Sidetal i kommentarbind
8	20

På grunn av at databasane byggjer på to så ulike kjelder har eg laga eit noko annleis registreringssystem i rådstuebasen. I tillegg til å ha same oppbyggjingsystemet som Absalon-basen, der kvart enkelt lovbrott har vorte tildelt éi rekkje av felt, har eg i denne databasen registrert kven som sat i domstolen. Kvar av disse personane har vorte tildelt ei rekkje felt. Innan ei slik feltrekkje finnes der ulike kategoriar som gir opplysningar om domsmedlemt; namn, rettsposisjon, tittel, yrke og nasjonalitet. Grunnen til at eg har registrert dei ulike opplysningane vedrørande rettsmedlemmane er at den gongen eg bygde basane hadde eg som målsetjing å sjå på kven disse var, kven som sat med domsmakta i bysamfunnet, og om dette kunne ha noko å seia for at ikkje fleire drapssaker kom inn for lagtinget og bylagtinget i Bergen 1592-94. Av tidsmessige årsaker har eg vore nødt til å la analysen av rettsmedlemmane liggja. Det er derimot ei interessant oppgåve for vidare forskning. Bruk av denne databasen vil forenkle eit slikt prosjekt. Noko eg derimot har brukt disse opplysningane om domstolen si samansetting til, er i fastslåinga av kva domstol Bergen rådstueprotokoll er henta ifrå. Eg har her sett på kategorien "rettsmedlems posisjon". I tillegg har eg i rådstuebasen laga eigne kategoriar for "representant for fornærma", "representant for anklaga/skulda" og "vitne". Dette er òg opplysningar eg heller ikkje sjølv har gjort meg nytte av i denne undersøkinga. Denne informasjonen ligg derimot klar i databasane og kan vere nyttig i høve til andre problemstillingar og analysar.

Døme på feltrekkje frå rådstueprotokoll-basen som inneheld opplysningar frå ei sak:

ID	Dato	Stad	Sak	Rettsmedlems namn
1	1592 den 3 Octobris	Bergenraadhus	27	%

Rettsmedlems tittel	Rettsmedlems yrke	Rettsmedlems nasjonalitet	Namn på fornærma
%	%	%	Trugels Lauritzenn

Kjønn på fornærma	Tittel på fornærma	Yrket til fornærma	Nasjonalitet til fornærma
M	her	Sougneprest till domkierken oc Cannick i forne Bergenn	NORSK

Namn på representant for fornærma	Tittel på representant for fornærma
%	%

Yrket til representant for fornærma	Nasjonalitet til representant for fornærma

%	%
---	---

Namn på ankлага	Kjønn på ankлага	Tittel på ankлага
Maritte Nielsdatter	K	Niels Skriffuers hustru/borgerske hersammestedz

Yrket til ankлага	Nasjonalitet til ankлага	Namn på representant for ankлага
Kjøpmann	NORSK	%

Tittel på representant for ankлага	Yrket på representant for ankлага
%	%

Nasjonalitet på representant for ankлага	Namn på vitne 1	Tittel på vitne 1
%	Jørgen Hannsenn	Marittes børns formønder

Yrket til vitne 1	Nasjonalitet til vitne 1	Namn på vitne 2	Tittel på vitne 2
%	NORSK	Lauritz Hannsenn	%

Yrket til vitne 2	Nasjonalitet til vitne 2	Namn på vitne 3
rådmann	NORSK	Niels Biørnsenn

Tittel på vitne 3	Yrket til vitne 3	Nasjonalitet til vitne 3
%	rådmann	NORSK

Namn på vitne 4	Tittel på vitne 4	Yrket til vitne 4	Nasjonalitet til vitne 4
Hanns Hannsenn	%	rådmann	NORSK

Og så bortetter til og med vitne 11.

Brotsverk/Sakstype	Reiskap	Rettagong
pengelån	%	kom for rette på erkebispegården Anno 84(beseglet brev)

Straff/Dom	Lovverk	Saksreferat
------------	---------	-------------

dømt til følgje kontrakts brevet	%	anklaga har ikkje bet leige til fornærma etter avtale
----------------------------------	---	---

Kommentar	Sidetal/Fol i orig	Sidetal i transkribert utgåve
dette er eit "opent brev"	Fol. 45b-49a	16-18

Døme på felttrekkje frå rådstueprotokoll-basen som inneheld opplysningar om domstolsmedlem:

ID	Dato	Stad	Sak	Rettsmedlems namn
42	1592 thend 12 Augusti	Bergenraadhus	%	Pouell Helliesen

Rettsposisjon	Rettsmedlems tittel	Rettsmedlems yrke	Rettsmedlems nasjonalitet
Laugmand	%	LAGMANN	NORSK

Sidetal/Fol i orig	Sidetal i transkribert utgåve
4b-5a	2-3

Domstolen som Bergen rådstueprotokoll refererar frå har i løpet av dei tre åra 1592-94 berre tekje opp to saker som omhandlar drap. I det eine tilfellet er det Anna Mogensdatter som klagar Henrik Jonsson Skotte for å ha tekje livet av sonen hennar, Anders Hjelt.[\[199\]](#) Anders døde i Norland på fiske. Henrik har derimot fire av skipsfolka sine til å vitne for seg. Samtlege sver på at Anders døde av sott og at det ikkje låg noko kriminelt bak dødsfallet. Meir står det ikkje i referatet – så saka vart truleg avslutta der og då. I det andre tilfellet som inneber drap eller drapsanklagar, er det sonen til ein borgar og innbyggjar i Bergen, som har skote ein kjøpsvenn, ein garpedreng, på Bryggen.[\[200\]](#) Hendinga skjedde tredje pinsedag på ettermiddagen, då folk var samla for å skyte på papegøvestangen.[\[201\]](#) Tiltala, Jon Jonsson, hadde stått med "sit lange rør", som var ladd og spent, på skuldra. Det gjekk brått av og skotet traff Henrik Høyser, som stod eit langt stykke ifrå Jon. Det var mange vitne til episoden, som kunne gå god for at drapet var av våde og ikkje av vilje. Far til Jon betalte drapsbot, til kongen og arvingane til den drepte etter Norges lov. Jon måtte derimot love å halde seg vekk ifrå Henrik sine vennar og familie. Domstolen utstedte eit brev til styresmaktene i utlandet om at Jon ikkje tok livet av garpedrengen med vilje, men at det heile var ei ulukke, eit vådeskot.

Bergen rådstueprotokoll 1592-94 inneheld altså berre to "drapssaker"; eitt vådeskot og éin drapsanklage. Av disse fall berre éin dom: vådeskotet for drap. Med andre ord finn eg berre spor etter éi sak der ein person vart dømt for drap ved rådstua i Bergen 1592-94. Protokollen inneheld difor for få saker til at ein kan finne ut noko særleg om kvifor dei to kjeldene gir ulike bilde av drap. Med det meiner eg at to drapssaker ikkje er tilstrekkeleg analysemateriale når ein skal finne ut kven drapsmennene i byen var i denne perioden. Ved ei analyse av drapssaker er det difor Absalon Pederssøn Beyer si dagbok 1552-72 eg i hovudsak må bruke, på grunn av at det er i denne kjelda eg finn analysemateriale som går på drapsmenn i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Eg er klar over problemet med å bruke drapsmennene Absalon skildrar igjennom åra 1560-72 som representantar for drapsmenn i Bergen 1592-94. I kapittel 1 såg vi derimot at valdsforekomsten ikkje gjekk ned i løpet av dei 20 åra som skil kjeldene. Eg meiner difor det er brukbart å nytte drapsmennene i dagboka som representantar for drapsmenn i Bergen 1592-94. Sagt på ein annan måte; arbeidsmåten vert å finna ut korleis det gjekk med drapa Absalon skildrar og sjå på om det er rimeleg å rekna med at dei hadde blitt førte i rådstueprotokollen.

Grupper

Eg er i analysen min interessert i å finne ut om det er menneske frå éi spesiell gruppe som utmerker seg som drapsmenn. Grunnen til dette er at det er mogleg personar vart handsama ulikt av rettsvesenet, avhengig av kva sosial, alders-, kjønnsmessig gruppe dei høyrde til. Vi har dessutan i kapittel 3 sett at ein eigen rett eksisterte ved Slottet, og at hanseatane kjempa for jurisdiksjonsretten over sine folk. Ved å finne ut om enkelte grupper drapsmenn utmerker seg, kan dette forklare kvifor så få drapssaker kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94.

Eg har difor prøvd å finne fram til *nasjonaliteten* til dei innblanda i sakene. I høve til problemstillinga mi vert opplysningar om nasjonalitet interessant med bakgrunn i det eg veit om hanseatane sin jurisdiksjon. Eg må dermed finne ut kven av drapsmennene som høyrde til ved Kontoret. Eg har òg registrert nasjonaliteten på ikkje-hanseatiske drapsmenn, for bruk i andre samanhengar. Enkelte stadar står nasjonaliteten til ein person nemnd; "Falentin, Eric Rosenkranz skredder, stucken ihiel med een rapir aff een tysk het Daud". I andre tilfelle kan ein lese nasjonaliteten til vedkomande av namnet; "...drepte en tjener på slottet ved navn Anders Svenske med en dolk en borger ved navn Johannes Brun". Yrkesnemninga kan òg sei oss kvar ein person kom ifrå; "...drebte en garp den anden, saa at han vred halsen sønder paa honnom..." - ein garp var ein tysk kjøpmann, som høyrde heime ved Kontoret på Bryggen. I disse tre eksempla er det lett å fastslå nasjonaliteten til for eksempel gjerningsmannen. I ein stor del av tilfella derimot vert dette berre gissingar, med ulik grad av truverd. Til dømes var ein garp, som i dømet ovanfor, utan unntak av tysk hærkomst, medan ein lagmann mest truleg hadde norsk eller dansk opphav. I andre tilfelle vert det å fastslå nasjonaliteten basert på gissing. Kan eg til dømes rekne med at dei som tente ved Bergenhus hovudsakleg var danske eller norske? Kva land kom mest sannsynleg ein "bysseskytte", ein "baatsmann", ein "toller", ein "snekker" eller ein "kleensmedt" frå? Om ein får oppgitt nasjonaliteten til éin av ektefellane, kan ein då rekne med at den andre ektefellen var av same nasjonalitet? Nemningane eg har nytta innanfor nasjonalitetskategoriane er difor ulike nasjonalitetsnemningar.

Med bakgrunn i kategoriane "nasjonalitet", "tittel", "yrke" og "namn" har eg plassert drapsmennene inn i to andre kategoriar; "tilknytning til domstol og lovverk" og "sosial gruppe". Årsaka til at eg har laga kategorien "tilknytning til domstol og lovverk" er at eg, som vi har sett ovanfor, veit at det i bysamfunnet i siste halvdel av 1500-talet eksisterte tre ulike lovverk som drapsmenn i Bergen kunne verte dømde etter; norsk lov, gardsretten og lybsk lov. Disse lovverka var tilknytt ulike domstolar. Eg vil finne ut av kven og kor mange av drapsmennene i mine analysar som høyrde til i disse tre ulike gruppene. I tillegg til kategoriane ovanfor har eg sett på kategoriane "straff/dom" og "rettargong" for å få plassert drapsmennene i ei av disse tre gruppene. Kategorien "sosial gruppe" seier noko om det er menneske frå éi spesiell *sosial gruppe* som utmerker seg som drapsmenn. Er det fattige eller rike folk som vert utpeikte som gjerningsmenn? Har det nokon konsekvens for straffeutmålinga om gjerningsmannen var velstående eller underbemidla? Til dømes "Erlig och welbyrdig mand", "her", "foged", "lagmann", "borger" indikerar at vedkomande høyrde til dei øvre lag i samfunnet, medan "skøge" og "dreng" tyder på tilhøyre i lågare sosiale lag. Namnet til ein person kan òg seia oss noko om klassetilhøyre. Til dømes Hemming Hemmingssøn Due, byskrivar og skulemeister, høyrde til det øvre sosiale lag - i motsetning til Trondhiems Pinka som var prostituert og hadde tilknytning til det nedre sosiale sjikt.

Det kan vidare vera interessant å sjå på om éit av *kjønna* dominerer blant drapsmennene. Kva kjønn ein person er av kan kategoriane "namn" og "yrke" fortelje oss noko om. Eg har brukt nemningane M; mann og F; kvinne. [\[202\]](#)

Alder er ein annan kategori det vert naudsynt å sjå på. Det interessante her vert å skilje mellom drapsmenn under og over strafferettsleg lågaldar. For å finne ut av alderen til drapsmennene har eg sett på "yrkes"- og "tittel"-kategoriane. Om nemningane "dreng" eller "elev" vert brukt av Absalon til å skildre nokon, kan det vere unge menneske det her er snakk om. Nokon nøyaktig alder for menneske som vart referert til ved disse nemningane kan vi derimot ikkje slå fast. Ein "dreng" kan tyde ein gut i meir generell tyding, eller det kan referere til ein mannleg tenar – noko som utvidar referansegruppa sin alder. Nemninga "elev" viser til nokon som går på skule, for Bergens buarar sitt vedkomande elevar som gjekk på Latinskulen. Alderen på disse elevane kunne derimot vere spreidd.

Talet på drap

I kapittel 1 såg vi at Absalon sine notat endrar karakter etter 1560. I åra før skreiv han ikkje noko om lovbrøt i det heile, men konsentrerte seg om andre emne. Det vert difor nedteikningar av drap i 13-årsperioden 1560-72 som vert aktuell for analyse.

Eg er interessert i kva kjeldene kan fortelje meg om talet på drap, sidan utgangspunktet for problemstillinga mi nettopp er det ulike talet på drap dei to kjeldene gir. Ved søk i kategorien "brottsverk/sakstype", i både Absalon- og rådstueprotokoll-basane, vil talet på drap i kvar av dei to kjeldene og ulikskapen mellom dei, kome klart fram. Det

som eg har registrert som "drap" kan plasserast i ulike variablar, noko eg kjem attende til nedanfor. Eg bruker kategorien "reiskap" i tilfelle der det er tvil om overgrepet resulterte i drap eller ei. Til dømes er det sannsynleg at vedkomande som vart stukken i brystet med ein daggert døydde av skadane gjerningsmannen påførde han. Når det gjeld antal drap vert òg kategorien "straff/dom" nyttig, ved at ei straffeutmåling kan fortelje oss at vedkomande truleg vart dømt til akkurat den straffa på grunn av drap. Praksisen etter lova var å halshogge drapsmenn, medan ein hengde tjuvar.[\[203\]](#) Det er derimot ikkje sikkert at denne praksisen vart følgd til punkt og prikke. I databasane mine har eg, i dei tilfella problemet har meldt seg, likevel valt å knyte ei halshogging til eit drap og henging til tjuveri.

I kategorien "brottsverk/sakstype" har eg dessutan registrert alle sakene som kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94, i tillegg til alle kriminelle handlingar eg finn i Absalons dagbok. Når det gjeld sakene i rådstueprotokollen seier det seg sjølv at dei handla om lovbrøt, i og med at dei vart klaga inn og kom opp for rådstua. Problemet er derimot kategoriseringa av sakene i dagboka. Eg har registrert det som ut ifrå eige skjønn i følgje Absalon var straffbare handlingar.[\[204\]](#)

Ulike typar drap

Omgrepet drap femner i kategoriseringane mine om ulike typar drap. Kjelda eg baserer meg på ved analyse av drapssaker er altså Absalon si dagbok, og eg har ved gjennomgong av denne registrert samtlege brotsverk som er nemnde i nedteikningane uansett kvar dei vart gjort. Årsaka til at eg har registrert samtlege drap, og ikkje berre drap som vart gjort i Bergen, er at eg kan få kjennskap til straffepraksis og rettargong ved også å ta for meg disse "utanom-Bergen-sakene". Eg er derimot, i analysa mi av drap, interessert i drap gjorde i Bergen. I analysa mi opererer eg difor med ulike variablar. Eg skil mellom anna mellom to ulike typar drap; "klar drapssak", registrert som "drap" eller "DRAP" i databasen, og "mogleg drapssak", registrert som "DRAP?" i databasen. Båe variablane inneheld både forsettleg drap, drap i naudverje og vådeskot. Under variabelen "klar drapssak" har eg registrert alle sakene Absalon skildrar som "drap",[\[205\]](#) "slagen ihjel", "hiertstack", "stack ihjel", "mørde", "slo ihjel".[\[206\]](#) I disse sakene herskar det, ved Absalon sin uttrykksmåte, ingen tvil om at offeret døydde - og at gjerningsmannen dermed vart drapsmann.

Den andre variabelen, "moglege drapssaker", er valdsgjeringar Absalon skildrar på ein slik måte at resultatet av dei mest sannsynleg må ha vore døden, drap - eller dødsfall som *kan* ha vore drap. Iallfall inneber disse sakene drapforsøk, som uansett seier noko om intensjonar og forkomst av grov vald. Kategorien "reiskap" kan til dømes fortelje meg noko om kor sannsynleg det var at offeret vart drepe, jamfør motsetninga mellom resultatet av eit knyttneveslag og stikk med kniv. Det er i disse tilfella òg uråd å finne andre nedteikningar seinare i notarane, til dømes straffeutmålingar eller eksekveringar, som gjer at ein kan slå fast om disse skildringane var drap eller ikkje. Innanfor disse to ulike variablane av drapssaker skil eg mellom drapssaker som eg i følgje Absalon tolkar som om dei enten sikkert er gjorde i Bergen, der Absalon oppgir stad - og saker der Absalon er uklar og brotsverket difor kan vere gjorde i Bergen eller ein annan stad. Bruken av ulike variablar fortel oss noko om truverdet til resultatata i analysen.

“Moglege drapssaker”

Eg vil no ta for meg dei sakene eg har registrert som “moglege drapssaker”, og i kvart enkelt tilfelle grunnkje kvifor eg har plassert sakene i denne kategorien. Under “moglege drapssaker gjorde i Bergen” kjem det av Absalon sine nedteikningar klart fram av lovbrøtet er gjort i Bergen, medan det usikre momentet her er om valdsepisoden enda med døden; drap – eller om dødsfallet i det heile kan forklarast med eit lovbrøt. At vedkomande døde kan ha skuldast naturlege årsaker.

I eit tilfelle noterte Absalon seg at Hans Pålsson hogg ei stor skramme i hovudet til Mons Bugge.[\[207\]](#) Han fortel derimot ikkje noko om resultatet av handlinga vart døden. Eg ser likevel for meg at ei stor skramme påført nokon i hovudet lett kan ha ført til dødsfall, og har difor registrert tilfellet som ei “mogleg drapssak”. Skildringa av at Mons Bugge delte ut øl til sveinane på Slottet same dagen som lovbrøtet vart gjort, seier meg at handlinga må ha funne stad i Bergen.

I eit anna notat fortel Absalon berre at Mats skrivar stakk "Las Løber Jude" i brystet med ein daggert.[\[208\]](#) Det er uråd å finne ut av om resultatet av valdsepisoden vart døden; drap, eller ikkje. Skildringa av knivstikking i brystet høyrer derimot dramatisk ut og *kan* føre til døden. Derfor har eg registrert dette som ei “mogleg drapssak”. Av samanhengen ser eg at lovbrøtet må ha skjedd i Bergen.

Eit liknande tilfelle er notatet der Jens Morsing vart “stungen” av ein "norfare"[\[209\]](#) i sitt eige hus.[\[210\]](#) Her kjem

heller ikkje resultatet av lovbrotet fram, men vi får opplyst at det skjedde i offeret, rådmann Jens Morsing,[\[211\]](#) sitt eige hus. Eg har difor registrert tilfellet som ei “mogleg drapssak gjort i Bergen”.

Notatane fortel at Per, bryggjar på Slottet, skulle røre i ei panne som brått kokte over.[\[212\]](#) Han fall nedi panna og kokte i hel. Vedkomande som var skuld i udåden, av Absalon berre referert til som ”denne”, vart merkt og skjært øyrene av. Ingen vart avretta derimot, noko som tyder på rettsmakta si tvil om meininga til gjerningsmannen var så alvorleg som resultatet viste seg å bli. Kanskje var straffa ”denne” fekk ikkje straff for drap i og med at han fekk kroppsstraff, og verken vart avretta eller måtte betale bot? Eg har på grunn av dette plassert denne saka under variabelen “mogleg drapssak gjort i Bergen”.

Absalon skriv at “en pige paa strand i Anders Baadsmans gaard bleff”, døydde.[\[213\]](#) Det vart sagt, legg Absalon til, at ho vart “ille slagen aff sin hosbonde med itt tal rundfisk”.[\[214\]](#) Absalon presiserer at han ikkje veit kva som verkeleg skjedde, men at det ikkje var merke etter vald på liket.[\[215\]](#) Det *kan* her sjå ut som om husbonden tok livet av jenta. Dessutan veit vi at ho døde i Anders Båtsmann sin gard på Strandsiden av Vågen. Eg har difor registrert tilfellet som ei “mogleg drapssak gjort i Bergen”.

Absalon noterte seg at kona til Meister Greer i bartskjærboden ved Bryggesporen døydde.[\[216\]](#) Han legg til at folkesnakket ville ha det til at ektemannen mistenkte ho for å vere utru mot han, og difor slo han henne – noko ho vart sjuk av og døydde. Absalon tek atterhald om sanninga i disse rykta, ved å kommentere at “huad sant er ved gud bæst”. Etter det Absalon fortel *kan* det ha vore Mester Greer som tok livet av kona si. Vi har dessutan opplysningar om at dei bae høyrde til i bartskjærboden ved Bryggesporen. Eg har på grunnlag av disse opplysningane registrert tilfellet under “moglege drapssaker gjort i Bergen”.

Kona til skomakar Jacob Krus vart funnen drukna i eit kalkkar i Starvhuset,[\[217\]](#) skomakarane sitt felles arbeidshus ved Stenbroen.[\[218\]](#) Dødsårsaka *kan* ha vore sjølv mord. Absalon fortel derimot at Jacob Krus skal ha slått kona si kvelden før ho vart funnen død. I skildringa av denne historia tek ikkje Absalon nokon atterhald om sanningsverdien av det han fortel. Han slår fast at ektemannen mishandla kona si. Dessutan vart bæreprøve teken. Å gjere ei bæreprøve gjekk ut på at dei mistenkte etter tur vart ført til liket, som dei måtte legge hendene sine på. Dersom såret til liket byrja blø, eller liket rørte på seg, tok ein det som prov på at vedkomande var skuldig. I og med at dette var ein rettspraksis som vart nytta som middel til å finne drapsmannen, tyder det på at ein hadde mistanke om at nokon hadde tekje livet av Ingeborg Krus.[\[219\]](#) Eg har registrert denne saka som “mogleg drapssak gjort i Bergen”, sidan mykje tyder på at Jacob Krus kan ha vore skuld i kona sin død.

I tilfella eg har registrert som “moglege drapssaker gjort i Bergen eller ein annan stad” kjem det korkje klart fram om resultatet av lovbrotet var døden, eventuelt om det låg noko kriminelt bak dødsårsaka, eller om hendinga gjekk føre seg i Bergen. Det kan like godt ha skjedd ein annan stad.

I eit notat seier Absalon at tre prestar skal ha vorte avretta.[\[220\]](#) Absalon gir oss opplysningar om at den eine presten, Jacob Stigson, vart avretta for valdtekt av “en echtendants quinne”.[\[221\]](#) Om dei to andre avretta får vi ingen opplysningar.[\[222\]](#) Avrettingane *kan* vere straff for eit tilsvarende lovbroet som det Jacob Stigson stod bak, men det kan òg vere drapshandlingar som låg til grunn for dødsdommane. Dødsstraff var vanleg for drap, men òg for tjuveri. Vi har sett at praksisen var å halshogge drapsmenn, medan ein hengde tjuvar. I dette tilfellet får vi derimot berre opplyst at gjerningsmennene, bak lovbrota vi ikkje veit kva er, vart “affhuggen”, det vil sei avretta. Vi får heller ikkje vite noko om kvar lovbrota vart gjort. Eg har difor plassert dei to prestane i variabelen “moglege drapssaker gjort i Bergen eller ein annan stad”.

Absalon har notert at Christiern Jensson, fogd i Sogn, sloss med tenaren sin Per skrivar slik at Christiern miste veslefingern og Per vart hogd i halsen og brystet.[\[223\]](#) Hogg i hals og bryst kan få dramatiske konsekvensar, sjølv om Absalon ikkje seier noko om kor alvorlege skader Per skrivar fekk. Kampen må derimot ha vore hard i og med at motstandaren hans mista ein finger. Absalon seier heller ikkje noko om kvar lovbrota skjedde. Vi får vite at Christiern Jensson var fogd i Sogn. Absalon skriv ikkje noko “kom tidender om at”,[\[224\]](#) slik han ofte gjer om hendingar som skjedde andre stader enn i Bergen. Kanskje oppheldt Christiern Jensson, med tenaren sin Per, seg i Bergen då slåsskampen fann stad? Dette vert berre spekulasjonar, og det er vanskeleg å fastslå noko her. Eg har difor registrert tilfellet som “mogleg drapssak gjort i Bergen eller ein annan stad”.

Ved bruken av disse fire variablane har eg kome fram til 53 drapssaker eller moglege drapssaker, gjort eller mogleg gjort i Bergen. Av disse 53 drapssakene kjem det klart fram at 38 vart begått i Bergen. I tillegg har eg funne fem

andre "klare drapssaker" der eg ikkje kan slå klart fast åstaden for lovbrottet; om dei vart gjort i Bergen eller ein annan stad. Resultatet vert då 38-43 "klare drapssaker" gjort i Bergen 1560-72 i følge Absalon. I den andre variabelen, "moglege drapssaker", kom eg fram til 10 "moglege drapssaker" i Absalon si dagbok. Sju av disse 10 "moglege drapssakene" vart gjort i Bergen, i tillegg til at tre "moglege drapssaker" kan vere gjort enten i Bergen eller ein annan stad. I følge tolkinga mi av Absalon kan derfor mellom sju og ti "moglege drapssaker" ha vore utførte i Bergen 1560-72.

Kort samanfatta vert resultatet av utrekningane mine, baserte på Absalon Pederssøn Beyer si dagbok, at minimum 38 og maksimum 53 drap vart mi i Bergen 1560-72. Det vert derimot naudsynt å ta eit atterhald om at Absalon kan ha skildra same drapet ulike stader i notatane sine. Eit døme er drapet på Oluff Grød, som Absalon fortel om både under 23. januar 1566 og under 23. januar 1567.[\[225\]](#) Eit anna døme er då Hemming Hemmingssøn Due tok livet av ein hollandsk gullsmid, og Absalon lagar notatar av hendinga både under 27. juni 1564 og 23. januar 1567.[\[226\]](#) Eg har klart å finne samanhengar mellom slike saker på ulike stader i notatane. På den andre sida finnes der saker som er så ordknappe og gir så få opplysningar, at det er uråd å finne ut om saka allereie er skildra av Absalon.[\[227\]](#) I eit anna tilfelle er det berre yrkesnemninga på offeret som skil to ulike nedteikningar frå å vere identiske.[\[228\]](#) Absalon har notert seg to drapsmenn med nemninga "bysseskytter". Han nemner verken namn eller nasjonalitet, berre at båe tente på Bergenhus og drap ein tyskar på grunn av at denne song og skrålte. Av Absalon si skildring av sakene kan det sjå ut som om dei to ulike nedteikningane refererer til same saka. Ulikskapen er yrkesnemningane på offeret; i det eine tilfellet vert vedkomande skildra som tysk skreddar,[\[229\]](#) i det andre som garp.[\[230\]](#) Det er fire og eit halvt år som skil dei to skildringane, noko som styrkjer teorien om at det her er snakk om to ulike drapssaker. Den siste skildringa kjem derimot under ei oppramsing av drap Absalon gjer 23. januar 1567,[\[231\]](#) der han reknar opp drap som har skjedd i Bergen siste sju åra. Det kan tenkjast at det er same drapet båe nedteikningane skildrar, og at Absalon berre "blingsa" med yrkesnemninga på offeret. Eg vel, på grunnlag av ulikskapen i yrkesnemning, å rekne skildringane som to ulike drapshendingar.

Eit anna moment som somme stader gjer det vanskeleg å tolke teksten er måten notatane er formulerte på. Setningsoppbyggjinga Absalon brukar, i 1500-tals språket sitt, er på fleire område ulik den vi nyttar i dag. Sjølve setningane er lengre, bruken av stor bokstav etter punktum er ikkje konsekvent, namn vert somme stader skrivne med stor forbokstav – i andre tilfelle med liten. Mangelen på bruk av komma vanskeleggjer tolkinga av teksten. Eit døme er "stach Matz skriuer Las løber Jude gaardsfoged i skriuerstuen i brøstit med een dagertt".[\[232\]](#) Mats skrivar er gjerningsmannen. Offeret heitte "Las løber Jude", men var Las gardsfogd i skrivarstova eller var han gardsfogd ein annan stad, og det var lovbrottet som fann stad i skrivarstova?

Eg har plassert drapa i dei fire ulike kategoriane for å få fram ulikskapen mellom drapa. Disse registreringane vil vere til nytte i seinare forskning. Eg vil derimot i analysa mi ta utgangspunkt i 53 drap, som er maksimum talet. Grunnen til at eg vel å gå ut ifrå maksimumstalet er at det på den måten vert meir oversiktleg ved utrekningane og i framstillinga elles. Dessutan vil eit større tal saker gje betre grunnlag for analyse. Vi må derimot ved samtlege utrekningar ha i minne eit eventuelt fråtrekk på opp til 15 drap.

Rettgong og rettspraksis

Kjeldene kan òg fortelje meg noko om rettgong og rettspraksis. Kategorien "rettgong" vil eg difor bruke til å finne ut om der fanst andre representantar for rettsmakta å gå til for å få ein dom for drap. Om eg finn spor etter drap som vart begått i Bergen, men som kom opp for domstol ein annan stad - eventuelt ved ein annan domstol i Bergen - kan dette vere med på å forklare ulikskapen mellom dei to kjeldene. Ved å sjå på etterspela etter drap skildra i kjeldene vil det kome fram om løysingane eg har diskutert i kapittel 3 og 4 verkeleg vart brukte.

Som tidlegare nemnt har eg i rådstueprotokollen sitt tilfelle registrert rettsposisjon, namn, tittel, yrke og nasjonalitet til rettsmedlemmane. Disse kategoriane kan først og fremst hjelpe meg til å få oversikt over samansettinga av domstolen, noko som igjen har hjulpet meg å stadfeste kva domstol Bergen rådstueprotokoll 1592-94 er henta ifrå. Dei kan òg, ut ifrå ein meir sosial- og samfunnskritisk vinkel, seia meg noko om kven det var som sat med domsmakt over andre i bysamfunnet. Kategoriane har eg ikkje brukt i basen konstruert over Absalons dagbok då det er noko dagboka ikkje seier noko om.

Straffeutmåling

Eg er interessert i kva straffeutmåling som vart gitt drapsmenn i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Kan kjeldene fortelje meg noko om oppgjer for drap ved ein annan domstol eller ved ein annan representant for statsmakta? Det er gjennom kategoriane "straff/dom" og "rettgong" eg får opplysningar som kan vere relevante for denne delen av

undersøkinga. Eit problem eg har hatt i tilknytning til denne kategorien er at om berre straffeutmålinga er nemnt kan ein ikkje sikkert vite kva kriminell handling lovbrytaren vart straffa for. Som vi har sett var praksisen at ein halshogg drapsmenn, medan tjuvar vart hengde. Vi har derimot ingen garanti for at dette var ein konsekvent gjennomført praksis.

I rådstueprotokollen vert det òg nemnt kva lovverk, og til tider den spesifikke paragrafen i lova, domen vart avsagt etter. Eg har gjort registreringar av dette under kategorien "lovverk". Grunnen til at eg har tekje med denne kategorien er at eg meiner ei slik lovtilvising legitimerer domsavgjerd og straffeutmålinga, og styrkjer truverd til rettsmedlemmane si avgjerd. Kategorien "straff/dom" kan i rådstueprotokollens tilfelle fortelje oss noko om graden av straff domstolen hadde mynde til å avseia.

Systematikk og struktur

Somme kategoriar har eg tatt med av di dei skaper system og struktur i framstillinga og analysen. Til dømes fungerer kategorien "sak nr. i protokollen" slik. Det kan for ordens skuld nemnast at eg nyttar Gro Bastiansen sine nummeranvisningar på sakene. Bastiansen har transkribert rådstueprotokollen for Ættehistorisk institutt og laga ei liste over sakene. Det er hennar kategorisering av sakene eg hovudsakleg har brukt i mine registreringar. I tillegg har eg, ved hjelp av romartal og bruk av store bokstavar, merka av saker eg meiner ho har oversett. Slik har eg skilt mine tolkingar av kjelda frå hennar. Om sakene i originalen frå først av hadde vore nummererte, ville nummereringa - på grunn av manglande sider i originalen - sett noko annleis ut. I originalen har ein ikkje laga noka liste eller titlar på sakene i høve til saka sin art. Namna på dei tiltalte er registrert i marginen og dette fungerte truleg som ei slags innhaldsliste.

I tillegg til å ha ein systematiserande funksjon, synleggjer kategorien "dato" ein eventuell tendens eller utvikling, til dømes i drapsnedteikningane til Absalon. Ein auke eller nedgang i talet på drap, og andre lovbrøt, kjem tydeleg fram. I rådstuebasen sitt tilfelle kjem det på denne måten fram kor ofte rettsmøta vart haldne. Dette var til hjelp når eg skulle stadfeste kva domstol Bergen rådstueprotokoll vart skriven ved. Dessutan vil ei kronologisk framstilling verke systematiserande.

For min eigen del er kategoriane "sidetal/fol. i originalen", "sidetal i tekstbind", "sidetal i kommentarbind" og "sidetal i transkribert utgåve" ei hjelp til å finne attende til spesifikke opplysningar i teksten. Dei har i tillegg ein dokumenterande funksjon for lesaren og brukaren av databasane.

I alle relasjonsdatabasar vert ein primærnøkkel oppretta.[\[233\]](#) Denne primærnøkkelen fungerer som ein identifikasjon til opplysningane i éi feltrekke. På denne måten kan ein lenke ei feltrekke i ein tabell opp mot ei feltrekke i ein annan tabell. Eg har ingen slike lenker mellom tabellar i basane mine, men eg bruker ID kategorien som ein referanse, i tillegg til andre opplysningar i saka, når eg diskutterer dei ulike drapa. Ved å bruke denne identifikasjonen på sakene vert det lett å finne fram til ei sak i databasane eller fotnotane i teksten.

Kategoriane "stad" og "åstad" er naudsynte å ta med, i og med at eg mellom drapsnedteikningane frå ulike stadar, er interessert i berre dei som forekom i Bergen. I kategorien "stad" har eg difor registrert plass for rettsmøtet eller eksekvering av straff, medan kategorien "åstad" er brukt til opplysningar om kvar sjølve lovbrøtet fann stad. Slik kan eg skilje mellom dei lovbrøta som vart gjort og straffa i Bergen, og dei som berre vart straffa her i byen.[\[234\]](#)

Under "kommentar" og "saksreferat" har eg gitt ein fyldigare saksomtale, som eit supplement til og oppklaring av opplysningane ein finn i dei føregåande kategoriane i felt-rekkja. I kategorien "merknad" har eg forklart omgrep eller fenomen i teksten, og opplyst om merknader som er førde i marginen. Andre stadar fungerer denne kategorien rett og slett som ei forlenging av kommentar-feltet, når dette har vorte for kort.

5.3. Problem ved framgongsmåten

Databasane mine er bygde opp etter tilfelle av lovbrøt. Det vil sei ei rekkje av felt - med ulike kategoriar som; dato, stad, namn, kjønn, tittel, nasjonalitet, brøtsverk/sakstype, rettargong, straffeutmåling - tilsvarer eitt tilfelle av vald eller anna lovbrøt. Dette inneber at det innan den same kategori-rekkja kan vere fleire gjerningsmenn, men berre eitt lovbrøt og eitt offer. Berre på denne måten kan talet på drap-, og førekomst av andre lovbrøt registrerast ved søk i basane. Når eg har valt å gjere det på denne måten vert resultatet at det, i Absalon-basen sitt tilfelle, berre er dato

der hendinga først er nemnd som vert registrert ved søk. Eit døme på dette er Absalon si skildring av drapet på ein garpedreng i Revelsgården, der gjerningsmannen - Jens - vart halshogd for ugjerninga. Her er lovbrotet registrert under datoen Absalon har skildra sjølve drapet. Utover i dagboka, under seinare datoar, finnes det òg nemd kva rettargong saka fekk, i tillegg til ei framstilling om eksekveringa av sjølve straffa. Disse datoane har eg ført på i parentes i kategoriane ”kommentar” eller ”merknad”. Slik har eg unngått å få fleire treff på den same saka. Om ei sak er nemnt etter at lovbrotet vart gjort, har eg laga ein notat om det i kategorien ”tidspunkt”.

Metoden eg har brukt gjer at ein del felt vil stå opne, utan innhald. I slike tilfelle har eg enten skrivne inn tolkingane mine med store bokstavar, eller brukt %-teiknet der det er uråd å anta noko som helst. Ved å markere kommentarane mine på ein slik måte, vil det for seinare brukarar av databasane vere mogleg å skilje tolkingane mine ifrå originalopplysningane. Det vert òg enklare å gå tolkingane mine etter i saumane, samstundes som det forenkler bruken av basane til andre formål enn å finne ut av omstenda kring drap. %-teiknet har òg ein annan funksjon. Eg vert nøyd til å markera dei felte som manglar innhald for at det, ved søk, skal kome fram i kor mange drapstilfelle kjelda seier noko om utfallet av rettargong og straffeutmåling, og i kor mange tilfelle det ikkje finnes spor av følgjene av drapsgjerninga. Bruken av %-teiknet, i dei felte inga opplysning er gitt eller det er uråd å anta noko som helst, fyller dette behovet.

5.4. Dei andre sakene

Eg har registrert samtlege saker i rådstueprotokollen og samtlege lovbrot i Absalon si dagbok, ikkje berre drapsnedteikningar. Årsaka til dette er todelt. I mi eiga oppgåve er eg interessert i å finne ut kven dei menneska var som var innblanda i lovbrota eg finn i dagboka. I utgangspunktet ville eg samanlikne disse med dei personane som var innblanda i saker som kom inn for lagtinget. Om det synte seg å ikkje vere samsvar mellom lovbrytarane Absalon skriv om og dei som vart stilt for retten ved lagtinget, kunne eg kanskje - ved å sjå på kva som karakteriserer gruppa eller gruppene som ikkje finn vegen til lagtinget - finne årsaker til at så få drapssaker kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94. Dette tyder ikkje at eg meiner det var dei same menneska som gjorde drap som dei som til dømes vart dømde for tjuveri. Det var det truleg ikkje. Eg er interessert i grupperingar av menneske, i tydinga om det var folk frå Kontoret og Slottet inne for lagting og bylagting. Noko som igjen kan fortelje meg om drapsmenn frå Kontoret eller Slottet kan ha vore inne for lagting eller bylagting i Bergen. Dette har eg ikkje fått tid til å gjennomføre. Mine registreringar er i dette tilfellet berre grunnlaget for ei analyse. Eg har dermed berre fyllt ut felte i dei kategoriane kjeldene gir meg direkte opplysningar, og ikkje foretekje ein analyse for å fylle ut samtlege felt i ei felttrekkje.

Den andre årsaka til at eg har registrert samtlege lovbrot i kjeldene er at forskarar etter meg skal kunne nytte databasane eg har bygd opp til andre formål enn det eg har nytta dei til. Ved å ha registrert disse andre lovbrota, i tillegg til dømes ei kartleggjing av kven domstolsmedlemmane var, har eg lagt eit verkty i hendene på andre som har interesse av å skriving om lovbrot, rettshistorie og liknande.

Eg har no forklart formålet med databasane og vist korleis dei er oppbygde og fungerer - for analyse av lovbrot generelt og i høve til problemstillinga mi spesielt. Eg har òg synt at det finnes ulike typar drapssaker i dagboka til Absalon, alt etter om skildringane fortel oss at dette var eit drap gjort i Bergen, at drapet kanskje fann stad i byen, om det kjem klart fram av notatane at lovbrotet verkeleg var eit drap eller om det berre truleg kan karakteriserast som drap. Ut ifrå gjennomgangen av drapssakene har eg kome fram til at det vart gjort mellom 38 og 53 drap i Bergen 1560-72. Eg har valt å ta utgangspunkt i maksimumstalet 53 når eg skal ta til på analysen i neste kapittel. Grunnen til dette er at det vert enklare å forhalde seg til eitt tal ved utrekningar. Dessutan gjer det at framstillinga vert lettare forståeleg. Eit anna moment som talar for å bruke maksimumstalet er at dette gir eit større tal saker og dermed betre grunnlag for analyse. Vi må derimot ved samtlege utrekningar ha i minne eit eventuelt fråtrekk på opp til 15 drap. I neste kapittel vil eg sjå nærare på om trekk ved drapsmennene kan sei meg noko om kvifor drapa frå 1592-94 ikkje kom opp for lagtinget i Bergen. Databasane dannar grunnlaget for denne analysen.

[196] Absalon-basen er alt brukt av studentane Rune Hornnes og Arve Sunnarvik, i semesteroppgåver, historie mellomfag UiB hausten 2000.

[197] Det er Halkild Nilsen sin versjon av namna på personane i dagboka eg har brukt i teksten, i motsetnad til i basen der eg har heldt på Absalon si form.

- [198] I og med at ikkje sakene gir opplysningar innanfor alle kategoriane eg har laga, har det vore naudsynt å kikke på andre kategoriar i saka for å kome fram til ei tolking i enkelte kategoriar. Om til dømes ikkje nasjonalitet er oppgitt har eg ved å sjå på kategoriane namn eller yrke, som det faktisk fans opplysningar om, kunne kome fram til kva nasjonalitet vedkomande var av.
- [199] Sak nr. 71; anklage for dødsfall, Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 51f.
- [200] Sak nr. 84; ulykke og dødsfall, Bergen rådstueprotokoll 1592-94: 57f.
- [201] Papegøyeskyting var ein populær kappestrid for menn frå alle samfunnslag. Skytebana låg på ein plass kalla "Jerusalem", i området mellom Danckert Krohns Stiftelse og Skivebakken. I 1651 vart papegøvestanga flytta til Nordnes. Fossen 1979: 117.
- [202] Eg har òg nytta KG; kongen, BYSAMF; bysamfunnet som kollektiv innanfor kjønnskategoriane. Grunnen til at eg har nytta meg av nemningane KG og BYSAMF er at eg ynskjer å skilje disse ut ifrå vanlege menn og kvinner.
- [203] Steen 1969: 99.
- [204] Med unntak av to typar lovbrøt ; sjølv mord og drap i krig.
- [205] Disse sakene er registrerte som "drap" i basen.
- [206] Disse sakene er registrerte som "DRAP" i basen.
- [207] ID 134; Hans Pålsson, Beyer 1552-72: 188.
- [208] ID 187; Mats skrivar, Beyer 1552-72: 176.
- [209] Omgrep ofte brukt om nordlendingar på jektetur til Bergen eller borgarar frå Bergen og Trondheim som sigla på Nord-Norge og dreiv handel der. NHL 1974: 236.
- [210] ID 177; ein norfarar, Beyer 1552-72: 233.
- [211] Nilsen 1970: 200.
- [212] ID 75; denne, Beyer 1552-72: 131.
- [213] ID 30; pikens husbonde, Beyer 1552-72: 37. "Bleff" tyder drukna, Nilsen 1970: x.
- [214] Eit knippe tørrfisk, Nilsen 1970: 37.
- [215] "ingen kom vdi skade for henne aabenbarligen". Viser til samtale med Anders Bjarne Fossen 05.10.00.
- [216] ID 48; Mester Greer, Beyer 1552-72: 88.
- [217] ID 133; Jacob Krus, Beyer 1552-72: 188.
- [218] Nilsen 1970: 167.
- [219] Nilsen 1970: 154.
- [220] ID 174, 175, 176; tre prestar, Beyer 1552-72: 232f.
- [221] ID 174.
- [222] ID 175 og 176.
- [223] ID 85; fogd Christiern Jensson, Beyer 1552-72: 141f.
- [224] Kom bod om.
- [225] ID 55; drept av vesle Jens skrivar, Beyer 1552-72: 108 og 127.
- [226] ID 38; Hemming Hemmingsson Due, Beyer 1552-72: 73ff og 127.
- [227] Til dømes ID 17; ein drapsmann.
- [228] ID 16; offeret var skreddar og 70; offeret var garp, Beyer 1552-72: 22, 126f.
- [229] ID 16, Beyer 1552-72: 22.
- [230] ID 70, Beyer 1552-72: 126f.
- [231] Beyer 1552-72: 126f.
- [232] ID 187; Mats skrivar, Beyer 1552-72: 176.
- [233] Basane mine er per i dag ikkje relasjonsdatabasar.
- [234] Ofte skriv Absalon "kom tidender om", når hendinga ikkje gjekk føre seg i Bergen.



Kapittel 6. Gjerningsmennene i drapssakene


Med Absalon si dagbok som kjelde finn eg at det i gjennomsnitt vart gjort 2,9 - 4,1 drap per år. Dette tyder at vi skulle forvente å finne referat frå mellom 8,7 og 12,3 drapssaker i rådstueprotokollen, i løpet av treårs-perioden 1592-94. Som vi ser er dette tal som ikkje står i forhold til det vi verkeleg finn i protokollen; to drapskuldingar og berre ein person dømt for drap. På grunn av manglande kjeldemateriale veit vi ingenting om etterspela ved eventuelle drap gjort i Bergen i disse åra. Difor vil eg i dette kapitlet ta utgangspunkt i Absalon sine notatar og, ved hjelp av databasane, lage ei analyse av drapsmennene som er skildra i dagboka. Eg gjer då drapsmennene Absalon skildrar representative for eventuelle drapsmenn i Bergen 1592-94, med det i minne at ikkje valdsførekomsten gjekk ned i løpet av dei 20 åra som skil kjeldene.

Målet er å sjå på om trekk ved drapsmennene kan hjelpe meg å finne løysinga på kvifor så få drapssaker kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94. Ut ifrå dei gruppene i bysamfunnet forskarane utpeikte som drapsmenn har eg valt å sjå nærare på faktorane kjønn, alder, sosial plassering og plassering i høve til domstolar og lovverk. Om ei eller fleire grupper utmerkjer seg som drapsmenn, og det syner seg at disse ikkje har noka tilknytning til lagtinget i Bergen, kan dette forklare kvifor vi finn spor etter så få drapssaker i Bergen 1592-94. Avslutningsvis er eg interessert i å finne ut av kva etterspel dei ulike drapa verkeleg fekk, og om det var ein samanheng mellom kven drapsmannen var og etterspelet etter drapet. Kanskje vil denne gjennomgangen synleggjere ein praksis ved straffeutmåling og dom for drap? Med dette meiner eg at ulike omstende i sakene kunne avgjere kven som skulle avsei straffa og kva representant for rettsmakta som skulle dømme i saka. I og med at dei same drapa skal analyserast i dei ulike delane er gjentakingar uungåeleg.

6.1. Drapsmennene sitt kjønn

Grunnen til at eg vil sjå på kva kjønn drapsmennene eg finn i kjeldematerialet hadde, er at det kan tenkjast at mannlege og kvinnelege lovbrytarar vart handsama på ulik måte. Fekk dei til dømes ulik straffeutmåling for drap? Og kan ein dermed overrepresentasjon av det eine kjønn, som drapsmenn, forklare kvifor så få drapssaker kom opp for lagting- og bylagting i Bergen 1592-94? Eg vil sjå på om lovverket seier noko om ulik handsaming av drapsmenn på grunnlag av kjønn. I tillegg vil eg undersøke sakene i kjeldematerialet mitt for på den måten å finne ut om kvinner og menn i praksis vart handsama ulikt.

Av dei 53 drapsmennene eg finn i Absalon sine notatar er berre tre av kvinnekjønn.[\[235\]](#)



I lovverket vert det ikkje skilt mellom kjønna ved omtale av drap. I Mannhelgebalken i Magnus Lagabøte si landslov vert nemninga ”menneske” brukt; ”...om et menneske dræper et andet menneske, da har det forbrudt alt, hvad det eiet, alene undtagen sine odelsjorder, enten en kar dræper en kvinde eller kvinde dræper karmand...”. Vidare vert nemninga ”drapsmanden” nytta.[\[236\]](#) I Christian 4 si Norske Lov, Mannhelgebalken, står det ”... dræber man anden, da miste hand sin fred, oc haffuer forbrudt alt det hand eyer, vden sine odels jorder allene...”. Her vert det ikkje presisert at straffa gjeld for både kjønnslik som i Magnus Lagabøte si lov. Problemet er løyst ved å inkorporerte både kjønns i nemningane ”man” og ”anden”. Utover i teksten vert nemninga ”drapsmand” brukt.[\[237\]](#) Heller ikkje i Fredrik 2 sin gardsrett frå 1562, som gjaldt for kongens menn og mannskapet elles på kongens borger, vert det skilt mellom kjønna ved omtale av straffeutmåling for drap. I likskap med Christian 4 si lov vert drapsmenn referert til som ”mand” og ”anden”; ”... hvilken mand anden slaar i hiel oc vorder greben met ferske gierninger, gifve lif for lif...”.[\[238\]](#) Det verkar med andre ord som om både kjønns er inkorporerte i dei same nemningane som gjerne har maskulin form. Noko som for øvrig stemmer overeiens med dagens ordbruk.

Kan kjeldene seia oss noko om kvinner som drap i praksis vart straffa annleis enn mannlige drapsmenn? I dei tre tilfella eg finn i kjeldematerialet mitt der kvinner står bak drap kan eg ikkje spore ein slik ulikskap. I det eine tilfellet, der to av slottsherre Erik Rosenkrants sine tenestekvinner drep drengen til ein borgar, vert saka ført for domstolen. Rådet nektar derimot å dømme på grunnlag av at Sandviken, der drapet skjedde, låg utanfor byen sitt jurisdiksjonsområde.[\[239\]](#) Av notatane kan vi sjå at adelen[\[240\]](#) hadde saka oppe i Bergen 11.mars 1566.[\[241\]](#) Dei har derimot heller ikkje dømt i saka, då eit kongebrev av 3.mai 1566 viser at kongen ber slottsherre Rosenkrants la saka ligge til kongen og rådet får høve til å dømme.[\[242\]](#) Vidaresendinga av saka til kongen og rådet skjedde ikkje på grunn av at dei som stod bak drapet var kvinner, men av det faktum at det var uklårt kva som var byen sitt jurisdiksjonsområde.

I det andre tilfellet er det den prostituerte Trondhjems Pinka som tok livet av ein garp som prøvde å valdta henne. Garpen vart funnen i hel-stukken med flettebandet hennar i handa. Trondhjems Pinka rømte frå byen etter drapet, men vart funnen igjen på landsbygda og overlevert til slottsherren på Bergenhus.[\[243\]](#) Kva som vidare skjedde med henne fortel ikkje Absalon noko om. Overlevering av lovbrutarar til slottsherren, som var øvste jurisdiksjonsmynde i byen,[\[244\]](#) var heller ikkje uvanleg praksis.

I det tredje tilfellet drap Magge Kaas ”husbonden” sin. Straffa ho fekk for lovbrøtet var stegling på Nordnes.[\[245\]](#) Stegling var ein straffepraksis som var utan heimel i lovverket,[\[246\]](#) men som likevel vart praktisert ved særleg grove lovbrøt.[\[247\]](#) Berre i ei anna sak eg finn i kjeldematerialet mitt fekk drapsmannen ei liknande dødsstraff. Denne drapsmannen var av hannkjønn.[\[248\]](#) Årsaka til den strenge straffa kan truleg forklarast med at det var ektemannen sin Magge drap – og ikkje det faktum at ho var av kvinnekjønn. Ved å ta livet av han braut ho ikkje berre forbodet mot å ta liv, men òg ein livslang lovnad om forpliktingar til det mennesket ho enda opp med å drepe.

Eg kan på grunnlag av lovverket som gjaldt i siste halvdel av 1500-talet, eller døma i Absalon si dagbok ikkje finne at kvinner og menn fekk ulik straffeutmåling for drap. Kvinner som drapsmenn var i klart mindretal hjå Absalon, noko som seier oss at det var få kvinner som drap i forhold til menn. Det kan derimot òg ha den forklaringa at Absalon som medlem av mannssfæra i samfunnet ikkje fekk høyre om drap gjorde av kvinner. Det kan faktisk tenkjast at kvinner hadde andre måtar å ta livet av folk på. Eit døme på dette er jo trolldomsprosessane, som på Absalon si tid ikkje enno har ”slått om seg” i Bergen,[\[249\]](#) der majoriteten av dei skulda var kvinner.[\[250\]](#) Dette vert berre spekulasjonar eg ikkje vil trekke lenger. Uansett kan ikkje grunnen til at drapssaker ikkje kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94 forklarast ved at det eine kjønnet vart handsama annleis enn det andre ved straffeutmåling for drap.

6.2. Drapsmennene sin alder


Kan så alderen til drapsmennene forklare kvifor ikkje fleire drap kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94? Kan det tenkjast at ein del av drapsmennene var så unge at dei var under rettsleg myndighetsalder for straff og at sakene deira på grunn av det ikkje vart stilt for lagting eller bylagting? Den kriminelle lågalder var 15 år, fram til 1687.[\[251\]](#) Eg vil sjå nærare på alderen til drapsmennene i kjeldematerialet mitt. Det er først og fremst etterspelet i saker der drapsmennene var unge som vert interessant å sjå nærare på, i tillegg til å finne ut kor stor del av drapsmennene som var strafferettsleg mindreårige.

I forrige kapittel såg vi at eg ved å ta for meg ”yrkes”- og ”tittel”-kategoriane kunne finne ut av alderen til drapsmennene. Om det vert referert til drapsmannen som ”dreng” eller ”elev”, kan det tyde at vedkomande var ung. Vi kan derimot ikkje slå fast alderen nøyaktig for menneske som vart referert til ved disse nemningane. Vi må vere merksame på at ”dreng” kan vise til ein gut i meir generell tyding. Ordet kan òg referere til ein mannleg tenar, eller ein vanleg arbeidskar - noko som gjer at vedkomande kan vere alt ifrå ”åtte til 80 år”. I så tilfelle seier ikkje nemninga noko om alder i det heile. ”Elev” referer til nokon som går på skule, i tilfella Absalon nemner elevar ved Latinskulen. Alderen på disse elevane kunne derimot vere spreidd.

I Absalon si dagbok finn eg fem tilfelle der disse to nemningane er nytta. I tre notat skildrar Absalon drengar ved Kontoret som drap. I det eine tilfellet drep ein garpedreng ein annan,[\[252\]](#) i det andre knyt ein garpedreng ein tråd kring penis på ein annan garpedreng som døyr av skadane,[\[253\]](#) i det tredje tilfellet vert ein garp drept av ein tolv år gamal gut i Solegården på Bryggen.[\[254\]](#) I det eine tilfellet klarer drapsmannen å røme, og unngår dermed straff. Kva som skjer med drapsmennene i dei to andre sakene fortel Absalon ingenting om.

I to andre notat ser det ut som om drapsmennene var elevar ved Latinskulen. I det eine tilfellet tok ein ung gut, Påske, livet av ein høyrar i Bergens skulen. Drapsmannen vart dømt til døden.[\[255\]](#) I det andre notatet fortel Absalon at Jens, Anders skriver borgarmeister sin brorson, drap ein garpedreng. Det vert ikkje gitt opplysningar om yrket til Jens. To av kameratane hans, som var medverkande til drapet, var derimot ”dicipler” ved Latinskulen. Absalon fortel at dei tre kameratane gjekk for å drikke øl istadenfor å gå til aftensong i Domkyrkja, rett før drapet skjedde.[\[256\]](#) Denne opplysninga tyder på at Jens òg var elev ved skulen.

Av dette ser vi at når vi trekker ifrå dei to drapsmennene som vi veit vart straffa og som difor truleg var over kriminell lågalder, er det tre av i alt 53 drapsmenn som *kan* ha kome innanfor gruppa strafferettsleg mindreårige, noko som tilsvorar 5,7 %. Felles for dei tre unge drapsmennene var derimot at dei høyrde til Kontoret, eit moment eg vil kome attende til seinare i kapitlet. Av denne undersøkinga ser vi at grunnen til at så få drap kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94 ikkje kan vere at majoriteten av drapsmennene var under kriminell lågalder for straff.



6.3. Sosial plassering av drapsmennene

Målsettinga i denne delen er å finne ut om menneske frå ulike sosiale grupper vart handsama ulikt ved domstolane. Det er først og fremst drapsmenn som hadde sosial omgong med lagtingsmedlemmane, den politiske eliten, som vert interessante å undersøke. Kan det tenkjast at medlemmane av lagtinget beskytta sine sosialt jamnbyrdige og at drapsmenn frå deira omgangskrins dermed ikkje vart stilte for lagtingsdomstolen? Fungerte kameraderiet i praksis i Bergen i 1590-åra? Det som vert interessant i denne delen er med andre ord å finne ut av om menneske frå miljøet kring lagtingsmedlemmane i tal utmerka seg som drapsmenn. Om så var tilfelle kan teorien skissert ovanfor vere ei forklaring på kvifor så få drapssaker kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94.

Framgongsmåten eg har valt er å lage meg ei sosial inndeling av drapsmennene. Kriteria for denne inndelinga er økonomisk og politisk status i bysamfunnet. Graden av økonomisk og politisk status ein person hadde avgjorde kva for ei av disse sosiale gruppene han hørte til i. [257] Dette vil igjen sei noko om kvar personen stod i høve til medlemmane ved lagtingsdomstolen. Politisk og økonomisk makt var i stor grad samfallande, men ikkje alltid. I mi inndeling vil menneske frå sosialgruppe éin ha både økonomisk og sosial status. Gruppe to er kjenneteikna ved økonomisk status, medan svært få av disse personane sat med politisk status. Sosial gruppe tre utgjer resten; innbyggjarane med verken økonomisk eller politisk status. Eg vil deretter så godt det let seg gjere plassere drapsmennene eg finn i Absalon si dagbok inn i disse ulike gruppene. Eg vil med andre ord avsløre den sosiale fordelinga av drapsmennene eg finn i Absalon si dagbok. Der Absalon er klar i uttrykket når det gjeld yrkesnemningar og sosial plassering set eg gjerningsmannen inn i den gruppa vedkomande hørte til i. I tvilstilfelle vil eg diskutere meg fram til ei plassering. Deretter vil eg sjå på om menneske frå dei ulike sosiale gruppene verkeleg vart handsama ulikt; kva etterspela ved dei ulike drapa vart. Her vil eg òg ta utgangspunkt i Absalon sine notatar.

Sosialgruppe éin

Eg vil i denne undersøkinga plassere medlemmane av lagtingsdomstolen og deira omgangskrets i sosialgruppe éin. Det som kjenneteiknar denne gruppa er økonomisk styrke, i tillegg til at dei sat med den politiske makta i byen. Kjernen i denne gruppa er lagmannen, borgarmeistrane og rådmennene – som utgjorde den faste domsnemnda ved lagtinget. Det var disse som sat i posisjonar til å kunne avgjere om ei sak skulle takast opp for domstolen eller ikkje. Lagrettemennene vil difor ha ei meir underordna rolle i denne samanhengen, på grunn av deira ikkje så framtrødande posisjonar ved lagtinget. Kretsen kring medlemmane av lagtingsdomstolen var slottsherren, som for øvrig stundom sjølv sat i domstolen ved lagtinget, og familien hans. Dessutan finn vi biskopen, byen sitt presteskap, slottsfogden, byfogden, slottsskrivarane og kongen sine embetsmenn i landdistrikta; prestar, lensherrar og fogdar, i denne gruppa. Norske lågadelsslekter, som Teiste, Benkestoek, Galtung og Kruchow hørte òg heime i denne sosiale gruppa. Representantar frå det ekspanderande handelsborgarskapet, storkjøpmennene, i tillegg til enkelte handverkarar fanst

øg i denne kretsen. Det kan av Absalon sine skildringar verke som om denne sosiale gruppa inkluderte det øvste sjiktet ved Kontoret på Bryggen. Dette trass i det motsetningsforholdet og den striden som eksisterte mellom hanseatane og resten av innbyggjarane gjennom heile hundreåret. Kjeldene syner at oldermennene, achteinane, kjøpmannsskrivaren og dei fremste kjøpmennene var hyppig representerte i ulike gjestebod blant eliten i byen. Dei kontorske inviterte igjen sine sosialt jamnbyrdige til gjenvissitt på Bryggen.[\[258\]](#) Det er denne sosiale gruppa Absalon sjølv hørde heime i, noko som gjenspeglar seg i notatane hans. Han kjem med fleire detaljar om menneske frå sin eigen krets.

Sosialgruppe to

Sosialgruppe to rommar dei innbyggjarane som var om lag like økonomisk sterke som personane i gruppe éin, men ikkje stod i direkte kontakt med medlemmane av lagtingsdomstolen eller sjølve hadde politisk makt i bysamfunnet. Dei sosiale gruppene éin og to er til ei viss grad overlappende, og det kan difor vere vanskeleg å dra klare skilje mellom dei. Sosialgruppe to var nok først og fremst samansett av det raskt veksande borgarskapet.[\[259\]](#) Handelsborgarskapet; kjøpmenn[\[260\]](#) og skipperar[\[261\]](#) – og handverksborgarane, som for alvor vaks i tal i tiåra etter Reformasjonen.[\[262\]](#) Handverkarane var ei stor og nyansert gruppe; skreddarar, skomakarar, bødkerar, snekkarar, bakarar, smedar, tømmermenn, gullsmedar, bartskjærarar – i tillegg til eit par yrkesgrupper som i denne perioden var på veg ut; skinnarar, sverdfegarar, steinhoggarar – og andre som for alvor gjorde seg gjeldande; fellmakarar, bilthoggarar, murarar, vevarar og seglmakarar.[\[263\]](#) Dessutan vil eg tru at kongen sine lågare embetsmenn, i tillegg til gesellar og drengar ved Kontoret, må ha høyrte til i dette sosiale laget.[\[264\]](#)

Sosialgruppe tre

Menneska som hørde til i sosialgruppe tre var økonomisk svake og hadde ingen band til den politiske eliten i byen. Dei fleste av disse var arbeidarar. Arbeidsoppgåvene til denne gruppa gjekk først og fremst på kroppsarbeid, som lasting og lossing,[\[265\]](#) handsaming av fisk, i tillegg til handlangarverkseimd av ulike slag.[\[266\]](#) Tenestefolk[\[267\]](#) hørde òg til i denne sosiale gruppa – i tillegg til dei prostituerte på Øvregaten og arbeidsuføre; fattige og sjuke.[\[268\]](#)

Eg finn åtte tilfelle der det ut ifrå opplysningane Absalon gir ikkje er mogleg å plassere drapsmennene i noka av disse tre sosiale gruppene. Til dømes skriv Absalon at Magge Kaas stakk “sin egen hosbonde ihjel med en kniff”.[\[269\]](#) Absalon gir ingen fleire opplysningar om henne, bortsett frå at dotter hennar, fru Ribe, var prostituert. Offeret er nemnt som "hosbonde", noko som kan tyde på at han var ektemannen til Magge Kaas.[\[270\]](#) Dottera hennar, fru Ribe, var prostituert og heldt dermed til i nedre sosiale lag. Dette tyder ikkje at mor hennar naudsynleg hørde til i det same sosiale laget – fru Ribe kunne vere fødd inn i eit anna sosialt lag, men automatisk ramle ned i botnsjiktet ved prostitusjon.[\[271\]](#) Ei anna løysing er at Magge Kaas berre leigde hus av offeret, at hosbonde tyder utleigar.[\[272\]](#) I så tilfelle kan dette stemme med plasseringa av dottera hennar i lågare sosiale lag og Magge Kaas kan sjølv òg ha tilhørt lågare sosiale lag. Det vert derfor uråd å slå fast om Magge Kaas hørde til i sosialgruppe to eller tre.

I eit anna notat skriv Absalon at Severin Kruse ville forlike seg med Ingebrigt Milssons slekt, som Severin var banemann til.[\[273\]](#) Absalon seier ikkje noko om kven verken Severin Kruse eller Ingebrigt Millsson var. Vi får berre vite at lagmann Axel Fredriksson handsama forliket. Dette var jobben hans på tvers av sosiale skilje. Kva sosial gruppe drapsmannen kom ifrå vert likefullt vanskeleg å stadfeste.

I tillegg finn eg to tilfelle der drapsmannen enten var frå Kontoret eller ein tysker som uavhengig av hansasambandet oppheldt seg i byen. I det første tilfellet vert drapsmann berre skildra som “en tysk ved naffn Caspar”.[\[274\]](#) Vedkomande vart dømd til døden for å ha stukke ein Trondhjemsfare i hel. Den dagen straffa skulle eksekverast kom nokre unge bartskjærarar og bartskjærsvennar, og betalte han fri frå dødsdomen – noko som kan tyde på at Casper var ein av bartskjærane i byen. Om så var kan han enten ha vore bartskjærmeister eller bartskjærsvenn; læregut. I ei oversikt over bergenske bartskjærarar og kirurgar 1500-1800 finnes det ikkje nokon ved namn Casper på 1500-talet,[\[275\]](#) noko som tyder på at drapsmannen i dette tilfellet ikkje var meister. Han var kan hende bartskjærsvenn, men dette er berre ein teori og vi har for få opplysningar til å fastslå noko om gjerningsmannen sitt sosiale tilhøyre. I det andre tilfellet seier Absalon at; “en tysk heed Daud” stakk i hel Falentin, Erik Rosenkrants skredder.[\[276\]](#) Absalon seier ikkje noko om yrket til denne drapsmannen, oppgir berre nasjonalitet og fornamn. Det vert dermed vanskeleg å plassere drapsmennene i noka sosial gruppe.

Eg finn fire drapstilfelle i Absalon si dagbok, der opplysningane er så *knappe* at det vert uråd å plassere gjerningsmennene i noko som helst slags sosial gruppe. Til dømes skriv Absalon i ein notat at “vart en købmand ved

Bryggen slagen ihjel”.[\[277\]](#) Det kan ha vore ein person som hørde til Bryggemiljøet som stod bak drapet. Dette vert ein spekulasjon, og det er uråd å seia noko som helst om drapsmannen. I eit anna tilfelle noterte Absalon berre at “ein manddrabere vart halshuggen”.[\[278\]](#) Her får vi heller ikkje vite noko om drapsmannen. I eit anna notat står det at “en karl fød i Blegend” vart halshuggen og steglet på grunn av tjuveri og drap.[\[279\]](#) Det einaste vi her får vite om drapsmannen er nasjonaliteten hans, dansk, og straffeutmålinga han vart idømd. I det fjerde tilfellet fortel Absalon at Per, bryggjar på Slottet, skulle røre i ei panne som brått kokte over.[\[280\]](#) Han fall derimot ned i panna og kokte i hel. Vedkomande som var skuld i udåden, berre referert til som “denne” av Absalon, vart merkt og skjært øyrene av av bøddelen. Ingen vart avretta derimot, noko som kanskje tyder på rettsmakta sin tvil om hensikta til gjerningsmannen var så alvorleg som handlinga viste seg å bli. I setninga før skildringa av denne episoden, fortel Absalon at dei nordhordlandske bønder var på røysting denne dagen. Kan det tenkjast at éin av dei var gjerningsmannen? I dette notatet er Absalon så uklar i framstillinga si at det vanskeleggjer forståinga av teksten. Å finne ut kven drapsmannen var vert dermed berre spekulasjonar, og det er uråd å sei noko som helst om kva sosial gruppe vedkomande kom ifrå.

Drapsmenn frå sosialgruppe éin

I Absalon sine notatar finn vi to slottsskrivarar,[\[281\]](#) to prestar,[\[282\]](#) ein presteson,[\[283\]](#) ein representant frå lågadelsslekta Teiste,[\[284\]](#) tre fogdar,[\[285\]](#) ein lagmann,[\[286\]](#) venn av lagmann Axel Fredrikssøn si kone; Hans Pålsson,[\[287\]](#) stesonen til ein borgarmeister,[\[288\]](#) og brorson til ein annan borgarmeister[\[289\]](#) som drapsmenn. Disse personane må alle kunne plasserast i sosialgruppe éin, menneske som hadde sosiale band til medlemmane av lagtingsdomstolen. Om teorien min stemmer kunne alle disse tretten sleppe å verte stilte for domstolen ved lagtinget nettopp på grunn av deira sosiale band til domstolsmedlemmane.


Drapsmenn frå sosialgruppe to

Innan sosialgruppe to finn eg at Absalon peikar ut drapsmenn frå ulike yrkesgrupper. Blant handverkarane finn vi to bartskjærar,[\[290\]](#) ein skomakar,[\[291\]](#) ein snekkar[\[292\]](#) og ein finsmed.[\[293\]](#) I tillegg finn eg tre drapsmenn med ingen annan yrkes- eller tittelnemningar enn borgar.[\[294\]](#) Ein skipper vert òg skildra som drapsmann.[\[295\]](#) Dessutan har eg valt å plassere ein hoffmann,[\[296\]](#) ein tollar,[\[297\]](#) ein husbonde,[\[298\]](#) og ein elev ved Latinskulen[\[299\]](#) i denne sosiale gruppa. Frå Kontoret har Absalon peika ut to garpar[\[300\]](#) og tre drengar[\[301\]](#) som drapsmenn. I og med at skiljet mellom sosialgruppe éin og to er relativt uklare kan det tenkjast at enkelte av disse tolv drapsmennene i gruppe to hadde sosiale band til rettsmedlemmane i gruppe éin. Det vert vanskeleg å påvise noko slikt og eg har gjort ei plassering av samtlige drapsmenn ut ifrå det eg meiner er mest sannsynleg.

Drapsmenn frå sosialgruppe tre

Ut ifrå Absalon sine notat over drapsmenn vil eg plassere ei prostituert kvinne,[\[302\]](#) to tenestekvinner,[\[303\]](#) to tenarar,[\[304\]](#) ein norfarer,[\[305\]](#) tre bøsseskytterar,[\[306\]](#) fire båtsmenn[\[307\]](#) og to bønder[\[308\]](#) i sosial gruppe tre.

Fordelinga av dei 53 drapsmennene eg finn i Absalon sine dagboksnotat vert dermed at tretten hørde heime i gruppe éin, atten i gruppe to, fjorten i gruppe tre, medan det i åtte tilfelle ikkje er råd å sei noko om drapsmannen sitt sosiale tilhøyre. Resultata syner dermed ei nokså lik fordeling av drapsmenn på dei tre ulike sosiale gruppene, og ut ifrå dette ser det ikkje ut som om drapsmenn frå gruppe éin utmerkjer seg i tal. Det er derimot eit viktig moment ein må ta omsyn til; kor stor del av det samla innbyggjartalet i byen den enkelte gruppa utgjorde. Noko som igjen må sjåast i høve til talet drapsmenn i sjølve gruppa. Storleiken på gruppe éin var om lag 100 menneske vil eg tru, medan folketalet i byen til saman er sett frå 6000-15000.[\[309\]](#) Talet på drapsmenn frå denne gruppa er derimot om lag like stort som talet på drapsmenn i dei to andre gruppene. Det kan dermed virke som om at det i høve til storleiken på gruppene var flest drapsmenn frå sosialgruppe éin. Noko som igjen byggjer under argumentet om at kameraderi var grunnen til at drap i Bergen 1592-94 ikkje kom opp for lagtinget. Før eg kan konkludere med at kameraderi blant lagtingsmedlemmane og deira omgongskrets verkeleg vart praktisert i Bergen 1592-94, må eg sjå på kva som skjedde etter at drapa vart begått. Eg vil dermed ta for meg Absalon sine notatar igjen og sjå på kva han fortel om etterspela ved drapa han skildrar.



Namna på drapsmennene er registrerte i vedlegg 1.

Etterspela ved drapa

Var det slik at drapsmenn som hadde sosial omgong med lagtingsmedlemmane, sosialgruppe éin, slapp å verte stilt for domstolen? Det kan tenkjast at disse fekk straff på anna vis, utan å få dom ved lagtinget, eller rett og slett slapp straff for drapa dei hadde gjort. Eg vil no ta for meg gruppe for gruppe å undersøke kva Absalon seier om etterspela ved drapa han skildrar, kva følgjer det fekk for gjerningsmannen at han hadde gjort eit drap. Fanst det verkeleg ulikskap i etterspela ved drapa, avhengig av kva sosial gruppe drapsmennene hørde til i? Med utgangspunkt i det låge talet drapssaker i Bergen rådstueprotokoll vil eg sjå nærare på kven av drapsmennene Absalon skildrar som *ikkje* vart stilt for lagtinget, og samanlikne disse med dei vi veit vart dømde ved lagtinget. Eg vil til slutt samanlikne etterspela i dei ulike sosiale gruppene – for slik å finne ut om drapsmenn frå éi spesiell sosial gruppe ikkje vart dømde ved lagtinget, medan drapsmenn frå ei anna vart stilte for lagtingsdomstolen. Det er særleg sosialgruppe éin, drapsmennene med band til domstolsmedlemmane, det vert interessant å finne ut om unngjekk domsavseiing ved lagtinget. I dei andre sosiale gruppene, to og tre, var kan hende etterspela meir resultat av omstenda i sakene enn dei sosiale banda til lagtingsmedlemmane. Det kan dermed hende at eg i denne gjennomgangen kan spore ein praksis ved straff for drap.

Etterspela ved drap i sosialgruppe éin

Ved seks av tretten drap gjorde av personar i sosialgruppe éin nemner ikkje Absalon noko etterspel, han skildrar berre lovbrotet. I det eine notatet står det berre at vesle Jens skrivar drap hoffmann Oluf Grød for ein bagatell.[\[310\]](#) Ein annan stad seier Absalon at Mats skrivar stakk Las Løber Jude i brystet med ein daggert.[\[311\]](#) Han fortel dessutan at Christiern Jensson, fogd i Sogn, hogg tenaren sin Per skrivar i halsen og brystet under ein slåsskamp[\[312\]](#) - og at Cornelius Pålsson, steson til borgarmeister Adrian i Trondheim, tok livet av Christiern Severinsson.[\[313\]](#) Hans Pålsson, venn av lagmann Axel Fredriksson si kone, hogg ei stor skramme i hovudet på Mons Bugge i følge Absalon,[\[314\]](#) og Baltzer Torbernsson vart av den komande svigerfaren sin skulda for å ha slått ein mann i hel.[\[315\]](#)

I to av drapa begått av menneske frå sosial gruppe éin dør drapsmennene i lovbrotet dei sjølve gjorde seg til drapsmenn i; fogdane Lasse Sjursson og Christofer Falvater som drap kvarandre med daggert.[\[316\]](#) Disse to drapa fekk dermed truleg ingen etterspel i og med at det for bae drapsmennene enda med døden.

Vidare fekk to av drapsmennene bot som straff. Byskrivar Hemming Hemmingsson Due stakk i hel ein hollandsk gullsmed. Absalon merka seg at Hemming fekk behalde livet, og at Jens gullsmed betalte drapsbota for Hemming. Dette skjedde ved grava til den drepte, etter norsk lov.[\[317\]](#) Absalon nemner derimot ingenting om kven som dømde Hemming til å betale drapsbot. Den andre drapsbota vart idømt lagmannen i Stavanger Christofer Nilsson, som tok


livet av sonen til ein borgarmeister i Trondheim; Peter. Eit år etter lovbroten fann stad vart det avgjort at lagmannen måtte betale 800 daler til den drepte sine arvingar. 400 av disse dalane skulle gå til byggjinga av eit almissehus i Bergen, dei andre 400 til eit i Trondheim. Dessutan vart lagmannen forboden å kome til Bergen andre tider på året enn til St.Mortens tid og til faste, når Peter sine slektingar ikkje var i byen.[\[318\]](#) Kven var det så som dømde lagmann Christofer Nilsson til å betale drapsbot? Absalon nemner ingenting om dette, men av brev i NRR av 8.april 1570 ser vi at kongen sender påbod til lagtinget i Bergen om å dømme i saka til lagmann Christofer Nilsson. Saka hadde først vore oppe ved lagtinget i byen, som sende den til kongen og rådet med den grunngevinga at lagtinget ikkje ville dømme i saka då drapsmannen var "ein riddermannsmann og svoren lagmann". Kongen og rådet sende så saka igjen til lagtinget i Bergen, med pålegg om å dømme Christofer Nilsson etter gardsretten og norsk lov.[\[319\]](#)

Ved tre andre drap vart gjerningsmennene dømt til døden. I to tilfelle nemner Absalon i eit kort notat at to prestar vart avretta.[\[320\]](#) Han seier ingenting om kven som avsa domen. I det tredje tilfellet fortel han at Jens, Anders borgarmeisters brorson, stakk i hel ein garpedreng i Revelsgården på Bryggen. Jens vart dømt til døden ved halshogging. Under fem ulike datoar fortel Absalon om dette drapet og etterspelet ved det. Av skildringane ser vi at drapsmannen vart dømd på rådstua av lagtinget.[\[321\]](#)

Vi har sett at i seks av tretten drap, gjort av personar frå sosialgruppe éin, er det ikkje mogleg ut ifrå kjeldene å finne ut kven det var som dømde i drapssakene – eller om det i det heile vart avsagt dom. Ved to tilfelle døde drapsmannen i lovbroten han sjølv var drapsmann i. Vidare er det i fem tilfelle klart kva straffeutmåling drapsmennene fekk, medan vi berre i to av tretten tilfelle kan finne ut av kven det var som avsa domane. I båe disse tilfella var det lagtinget ved rådstua i Bergen som dømde i drapssakene. Hypotesen om at drapsmenn frå sosialgruppe éin, drapsmenn med band til lagtingsmedlemmane, ikkje vart stilt for domstolen ved lagtinget, er dermed falsifisert. Òg drapsmenn frå same sosiale gruppe som personane som utgjorde lagtingsdomstolen i Bergen, vart med andre ord dømd ved lagtinget. Vi har sett at disse domane bestod både av bøter og avretting.

Vi skal no sjå nærare på dei drapssakene vi kjenner etterspela til, men der vi ikkje kan slå fast at domane vart sette ved lagtinget. To av gjerningsmennene vart avretta, medan ein fekk bot som straff. Om det i realiteten var slik at disse tre ikkje fekk dom på lagtinget skil to av dei seg ut ifrå dei som vart dømd der ved at dei var prestar. I kapittel 3 såg vi at geistlege skulle dømast etter verdsleg rett og dom i siste halvdel av 1500-talet, det kan dermed ikkje ha vore ein geistleg domstol som dømde dei frå livet. Men i og med at drapsmennene her vart dømd til døden, må vi rekne med at det var ein domstol som avsa domen. Det mest nærliggande å tru er at denne domstolen var lagtinget. I det tredje tilfellet er det lågadelmannen Hemming Hemmingsson Due som får gjere opp for seg med bot. Som vi såg i kapittel 4 kunne både byfogden og domstolane idømme bot. Kan det tenkjast at grunnen til at Hemming slapp unna med bot, og ikkje vart avretta, var at han hørde til nettopp i sosialgruppe éin – og dermed fekk gjere opp for seg med bot utanfor domstolen? Dette kan vi ikkje sei noko sikkert om, men i og med at ein annan representant frå den same sosiale gruppa vart dømt ved lagtinget og avretta, ser det ikkje ut som om praksisen var å la drapsmenn med sosiale band til lagtingsmedlemmane sleppe tiltale og eventuell straff ved lagtinget. Ulikskapen mellom disse to drapsmennene som personar var at den som fekk bot var byskrivar og av lågadelsætta Teiste. Den andre, som vart dømt til døden av lagtinget, var Anders borgarmeister sin brorson. Av disse opplysningane ser vi at drapsmannen som vart avretta skulle ha nærare band til eit lagtingsmedlem, i og med at onkelen hans var borgarmeister, enn det han som fekk drapsbot hadde. Av Absalons skildringar kan eg heller ikkje finne noko som skulle gjere omstenda i det eine drapet verre enn omstenda i det andre.

Om eg ser på ulikskapen mellom disse tre, som kanskje vart dømd ved lagtinget – kanskje ikkje, med dei vi veit vart stilt for lagtingsdomstolen, kan eg ikkje finne nokon ulikskapar som utmerkar seg. Eg kan ikkje sjå at dei to som lagtinget dømde; lagmannen i Stavanger og Anders borgarmeister sin brorson, skil seg ut ifrå dei tre som kanskje – kanskje ikkje vart dømd av lagtinget; to prestar og lågadelmannen Hemming Hemmingsson Due. Alle fem skulle dømast etter norsk lov og av norsk verdsleg rettsmakt. Det faktum at ein borgarmeister sin nære slekting vart dømt til døden av lagtinget er eit sterkt prov på at sosiale og til og med blodsband ikkje, i alle fall ikkje alltid, spelte noka rolle. Når det gjeld straffeutmålingane kan eg heller ikkje spore noko system i og med at lagtinget dømte både botestraft og dødsdom i disse tilfella.



Etterspela ved drap i sosialgruppe to

Eg har plassert atten drapsmenn i sosialgruppe to. I ti av disse atten tilfella fortel ikkje Absalon noko om etterspelet ved drapa. Han skildrar berre i korte ordelag sjølve lovbrottet; ein tysk borgar stakk i hel ein garp,[\[322\]](#) borgar Jon Davidsson skotte drap styrmann Per Pålsson med ein matkniv,[\[323\]](#) ein vismersk skipper drap Claus båtsmann med kniv,[\[324\]](#) Christiern Holst vart stukken i hel av Mattis tollar i vinkjellaren,[\[325\]](#) ein garpedreng i Engelgården stakk ein annan garpedreng i hel,[\[326\]](#) ein tolv år gamal dreng i Solegården drap ein garp.[\[327\]](#) Absalon yttrykkjer mistanke om at Mester Greer i bartskjærboden ved Bryggesporen drap kona si.[\[328\]](#) Likeeins vart Jacob Krus mistenkt for å ha tekje livet av kona si. I det sistnemnde tilfellet vart òg bæreprøve teken, men Absalon fortel ikkje noko om resultatet etter den eller eventuelle andre undersøkingar.[\[329\]](#) I eit anna tilfelle framstiller Absalon det som om den døde sin husbonde vart mistenkt for å ha slått jenta i hel med eit knippe tørrfisk.[\[330\]](#)

I to tilfelle seier Absalon at drapsmannen rømte; ein garpedreng i Dramshusen på Bryggen døde då ein annan garpedreng batt ein tråd kring penis på han.[\[331\]](#) I det andre notatet står det at ein garp frå Einarsgården unnslopp etter å ha vrede halsen om på ein annan garp. Byfogden, saman med både den norske og den tyske vakta, følgde etter han dit han budde – men gjerningsmannen slopp unna ved å krype ut igjennom vindauget og ut på taket.[\[332\]](#)

Absalon skriv at hoffmann Henrik Holst gjorde seg til drapsmann ved å stikke i hel borgar Tomas Olsson. Gjerningsmannen klarte å røme, men vart fanga og sett i arresten under rådhuset. Notatane fortel ikkje kva som skjedde vidare, men vi kan jo berre tenkje oss at vegen ikkje var lang frå arresten i første etasje til rettssalen i andre.[\[333\]](#) Det kan dermed sjå ut som om lagtinget dømde i saka, men dette veit vi ikkje sikkert.

I eit tilfelle ser det ut som om drapsmannen fekk bortvising som straff; snekkar Oluf Liffsson som kom attende til Bergen etter å ha ”bøtt” mannen han slo i hel på Gullsmedstredet mange år tidlegare. Kven det var som i tilfelle dømde Oluf til bortvising seier kjelda ingenting om.[\[334\]](#)

Frå NLR finn eg ut at ved to av disse atten drapa, begått av personar frå sosialgruppe to, vart gjerningsmannen idømt bot. Garpen Claus Bomersie, som slo i hel Winolt skomakar med ei kanne, måtte bøte åtte dalar.[\[335\]](#) I det andre tilfellet er det Michel finsmed som mishandla og stakk i hel Peder Sjursson, som måtte ut med seksten dalar i bot for drapet.[\[336\]](#) I disse to tilfella er det byfogden som krev inn bøkene, som hamnar i sakefallet. Det kan likevel hende at bøkene vart idømt ved lagtinget, noko kjeldene ikkje nemner.

Ved tre av atten drap vart gjerningsmennene avretta. Påske, ein ung gut, stakk i hel ein høyrar ved Latinskulen. Gjerningsmannen vart avretta, etter at Absalon hadde ”beretta”[\[337\]](#) og ”affløst”[\[338\]](#) han, slik at Gud, trass i forbrytinga han hadde gjort, ville ta imot han.[\[339\]](#) I ei liknande skildring seier Absalon at Mester Jacob, bartskjær på Bergenhus, vart ”affløst” av han. Dette skjedde eit års tid etter at Mester Jacob stakk i hel Karsten


kjøpmannstenar. Denne skildringa tyder på at drapsmannen vart gitt syndsforlating før han vart avretta.[\[340\]](#) Berre i eitt av disse tre tilfella nemner Absalon at drapsmannen vart dømd ved rådstua. Borgar Hans Olsson vart dømd frå livet på rådstua for å ha slått i hel ein norfarer ”for ingen rettferdig orsage”. Sidan vart han halshogd ved Slottet og gravlagd der.[\[341\]](#)

Av dette ser vi at ut ifrå kjeldene kan vi slå fast at ein person frå sosialgruppe to vart dømd for drap ved lagtinget. Eg vil no sjå nærare på drapsmennene som fekk bot, dødsdom og bortvising som straff, men som vi ikkje veit kven som dømde. Vi må no hugse på at dei sosiale banda til lagtingsmedlemmane ikkje er streke i denne gruppa. Det er vel då omstende ved drapa, meir enn sosiale band, som vert aktuelt for kven som dømmer i sakene og kva straff som vert idømt. I dei to tilfella der straffa vart drapsbot kan lagtinget i realiteten ha idømt straffene. Ei anna mogleg løysing er at byfogden stod for oppgjeret. Vi ser at ein av dei to drapsmennene skil seg ut frå dei andre ved å vere frå Kontoret. Det faktum at han var hanseat skulle ikkje ha noka innverknad på at vedkomande eventuelt ikkje vart dømt ved lagtinget, i og med at han openbart vart straffa med bot av norsk rettsmakt. At han, som hanseat faktisk vart dømt av norsk rettsmakt er eit poeng vi må ta med oss vidare til delkapittel 6.4. I det andre tilfellet er det Michel finsmed som vart ilagt drapsbot. Denne bota kan ikkje vere eit resultat av formildande omstende i og med at Absalon skriv at drapsmannen mishandla offeret før drapet skjedde.

I to av tilfella fekk drapsmannen dødsdom. Som vi såg i kapittel 4 var det vanleg å få bøte for uoverlagt drap, medan ein ved overlagt drap skulle dømast av domstol. Sidan disse drapsmennene vart avretta kan det difor sjå ut som om straffene vart idømde ved ein domstol. Det er ingenting som skulle tilsei at denne domstolen ikkje skulle vere lagtinget. Vi har så få opplysningar i sakene at vi ikkje kan sei noko om omstenda ved drapa fekk utslag for straffeutmålingane.

Ved eit drap vart gjerningsmannen dømt til bortvising. I kapittel 4 såg vi at byfogden dømde i drapssaker, men berre i tilfelle der straffa var bot. Han kan dermed truleg ikkje ha idømt ei bortvising. Kanslaren skreiv ut grids- og landsvistbrev ved drap, noko som òg resulterte i bot for drapsmannen. Eg har derimot ikkje funne noko døme på at kanslaren idømde andre straffer. Det mest sannsynlege er dermed at ein domstol, truleg lagtinget, dømde drapsmannen til bortvising. Om eg ser på drapsmannenes person kan eg ikkje finne noko ved han som skulle tilsei at ikkje lagtinget kunne ha dømt han. Vi veit svært lite om både drapsmannen og omstendene elles i saka.

Av kjeldene veit vi at ein drapsmann frå sosial gruppe to vart dømt ved lagtinget; borgar Hans Olsson som fekk dødsstraff. Om eg samanliknar denne drapsmannenen med dei fem drapsmennene som kanskje – kanskje ikkje vart dømde ved lagtinget, kan eg ikkje finne nokon umiddelbare ulikskapar. I skildringa av drapet Hans Olsson gjorde, seier Absalon rett nok at han drap ein norfarer utan å ha nokon grunn til å ta livet av vedkomande. Dette kan ha fungert som skjerpande omstende i saka. Om vi går til Michel finsmed, som vi altså av sakefalls-listene ser fekk bot, må vel det faktum at han faktisk mishandla offeret reknast som skjerpande omstende på lik line med drapet Hans Olsson begjekk. Eg kan dermed ikkje finne noka god forklaring på kvifor den eine av disse to drapsmennene vart stilt for lagtinget og vart dømt til døden, medan den andre fekk botestraft idømt av enten ein domstol eller byfogden.



Etterspela ved drap i sosialgruppe tre

I sosial gruppe tre, personane med svakast sosiale band til lagtingsmedlemmane, finn eg i alt fjorten drapsmenn. Ved ni av disse drapa fortel ikkje Absalon om gjerningsmannen etter lovbrottet vart straffa eller ikkje; ein tenar hjå den skotske buntmakar Bertil drap medtenaren sin med kniv,[\[342\]](#) ein dansk båtsmann slo sin eigen værelseskamerat i hel med øks,[\[343\]](#) kokken på Slottet vart drept av ein båtsmann på Slottet,[\[344\]](#) ein båtsmann i Tallek si bod vart slått i hel av ein av sine værelseskameratar på grunn av hasardspel,[\[345\]](#) bonden Laurits på Solheim drap borgar Nicolay Færing,[\[346\]](#) Las skytt stakk i hel Jacob skrivar slik at lunga hang ut,[\[347\]](#) rådmann Jens Morsing vart stukken av ein norfarer i sitt eige hus,[\[348\]](#) ein bøsseskytter på Bergenhus drap ein garp fordi han song tyske viser,[\[349\]](#) ei prostituert kvinne – Trondheims pinka – stakk i hel ein garp fordi han prøvde valda henne.[\[350\]](#)

I eitt tilfelle skriv Absalon at drapsmannen rømde; ein tysk skreddar vart hardt medfaren og drept av ein bøsseskytter ved Slottet.[\[351\]](#)

I eit anna tilfelle er det to tenestekvinner ved Erik Rosenkrants sin gard i Sandviken som tok livet av drengen til ein borgar. Av Absalon sine notat ser vi at saka først kom opp for byrådet, som sende den vidare til overlagtinget, som atter overlet til kongen og rådet å dømme i saka.[\[352\]](#) Kva domen vart og kven som idømde den seier kjeldene ingenting om, men saka kjem i alle fall først opp for domstol i Bergen. Denne domstolen var derimot ikkje lagtinget, men byrådet.

Ein drapsmann frå sosialgruppe tre vert idømt drapsbot; Anders svenske som drap Johannes Brun. Drapsmannen prøvde å rømme, men vart pågripen og forsvarte seg med at drapet vart gjort i naudverge. Straffa vart dermed bot, men Absalon nemner ikkje kven det var som idømte Anders bota.[\[353\]](#)


I to tilfelle vart drapsmenn frå denne gruppa avretta. Ein bonde vart i følgje Absalon halshogd og stegla på Nordnes for å ha slått ein mann i hel. Heller ikkje her nemner Absalon kven som avsa domen.[\[354\]](#) Eit anna notat derimot fortel at ein tysk båtsmann, som hogg halsen av ein annan båtsmann med ei tømmermannsøks, vart dømt til døden ved lagtinget. Båtsmannen vart halshogd av bøddelen Odger på Nordnes.[\[355\]](#)

Vi har sett at éin person frå sosialgruppe tre vart dømt for drap ved lagtinget i Bergen. I eit anna tilfelle såg vi at saka først var oppe for byrådet, og deretter send vidare til adelen og kongen og rådet. Ved dei andre tolv drapa er det uråd å sei kven som avsa dom i saka eller om dom i det heile vart avsagt.

I to av disse tolv tilfella veit vi derimot kva straffer drapsmennene fekk. I den eine saka vart ein drapsmann avretta, og til og med stegla, for lovbrottet han stod bak. I delkapittel 6.1. såg vi at stegling truleg kom av skjerpande omstende i saka; etter drapet hadde gjerningsmannen sendt offeret ut på havet i ein båt for å skjule ugjerninga. Frå andre dømme ser vi at det var domstolar som dømde dødsstraff. I den andre saka vart drapsmannen dømt til å betale bot, enten av ein domstol eller av byfogden. Absalon grunnjev botestrafra, i motsetning til avretting, med at drapet

vart gjort i naudverge.

Drapsmannen frå gruppe tre som vi veit vart dømt ved lagtinget var ein tysk båtsmann som hogg halsen av ein annan båtsmann med øks. Om vi samanliknar han med dei to drapsmennene som kanskje – kanskje ikkje vart dømde ved lagtinget, finn eg at drapsmannen som fekk bot skil seg ut ifrå dei to andre ved at han hadde gjort drapet i naudverge. Etter måten Absalon formulerar seg på skjønner vi at naudvergeaspektet verka som formildande omstende ved straffeutmålinga. Særtrekk ved nokon av drapsmennene som skulle tilsei at den tyske båtsmannen skulle verte dømt ved lagtinget medan dei to andre ikkje skulle verte det finn eg ikkje.





Er der så fellestrekk ved dei drapsmennene vi veit vart dømde ved lagtinget? I sosialgruppe éin vart lagmannene i Stavanger dømt til botestraff og Anders borgarmeisters brorson dømt til døden. Frå sosialgruppe to er det borgar Hans Olsson som vart frådømt livet, medan frå sosialgruppe tre vart ein tysk båtsmann dødsdømt. Det einaste fellestrekket eg kan finne ved disse drapsmennene er at dei alle er av hannkjønn. Tidlegare i kapitlet såg vi at kjønn ikkje spelte noka rolle ved rettsleg handsaming. Andre fellestrekk kan eg ikkje spore. Drapsmennene vert på tvers av alder, sosial plassering, innanlandsk eller utanlandsk opphav dømde ved lagtinget.

Gjennom analysen kjem eg fram til at to av tretten drapsmenn frå sosialgruppe éin, personane med sosiale band til lagtingsmedlemmane, vart dømde ved lagtinget. Vidare vart éin av atten drapsmenn frå sosialgruppe to dømt for drap ved lagtinget. I sosialgruppe tre er det éin person som vart dømt for drap ved lagtinget, og ei anna drapssak som vert handsama av byrådet. Av dette ser det ut som om ein drapsmann uavhengig av kva sosial gruppe han hørte til i kunne bli stilt for retten og dømt for drap ved lagtinget.

Eg kan ikkje finne trekk ved dei drapsmennene som ikkje, eller kanskje ikkje, vart dømde ved lagtinget som skil dei frå drapsmennene som faktisk vart dømde ved lagtinget. Ved å ta for meg dei drapsmennene vi veit fekk dom ved lagtinget kan eg heller ikkje spore nokon spesielle fellestrekk som skulle skilje dei frå drapsmennene som kanskje ikkje vart stilte for lagtinget. Der er ingen klare skilnadar å spore verken innad i gruppene eller på tvers av dei. Heller ikkje kan eg finne nokon praksis med at skjerpande omstende i ei drapssak skulle føre til dom ved domstol, medan saker med formildande omstende vart handsama av andre representantar for rettsmakta. Ved sjølve straffeutmålinga kan eg heller ikkje spore noko system i om ei sak med eller utan skjerpande eller formildande omstende vart bot eller dødsdom. Vi har sett at i enkelte saker vart drapsmennene mest sannsynleg dømde av ein domstol. Denne domstolen var truleg lagtinget. I kapittel 3 såg vi at derimot at både overlaginget og herredagen dømde i drapssaker. Dessutan fungerte byrådet utan lagmannen som domstol. Vi må difor vere merksame på at disse kan ha dømt i dei tilfella der eg har diskutert med fram til at straffene vart idømde ved lagtinget.

Resultatet vert dermed at sosial plassering av drapsmennene, i alle fall tilsynelatande, ikkje hadde nokon innverknad for om saka kom opp for lagtinget eller ikkje. Vi ser derimot at talet dømde drapsmenn ved lagtinget er dobbelt så

stort i gruppe én i høve til dei to andre gruppene. Dette kan skuldast at menneska i sosial gruppe én var dei Absalon kjende best til og skreiv mest inngående om. Ut ifrå dagboka ser vi at sosiale band til lagtingsmedlemmane *kan* ha spelt ei rolle, men ikkje i så stor grad at dette kan forklare ulikskapen i drapsbileta.



6.4. Plassering av drapsmennene i høve til domstolar og lovverk

Vi har tidlegare, i kapittel 3, sett at menneske som hørte til ved Slottet hadde sin eigen jurisdiksjon i form av ei

eiga lov; gardsretten – og ein domstol ved same namn. Det kom òg fram at Kontoret, om enn ikkje lovfesta så i alle fall i praksis, sjølve tok seg av hanseatiske lovbrytarar. Resten av innbyggjarane i byen måtte forhalde seg til norsk lov, med lagtinget eller byrådet som domstol. Eg vil i denne delen sjå på kven av drapsmennene som kan knytast saman med Slottet, Kontoret og vanleg norsk domsmakt. Om det syner seg at ein stor del av drapsmennene hørte til under gardsretten eller stod under vern av Hansasambandet – ville disse drapsmennene i teorien ikkje verte stilt for lagtinget i Bergen og heller ikkje finnast i referata i rådstueprotokollen. Dette kan dermed vere ei forklaring på kvar drapssakene i åra 1592-94 har forsvunne.

Ved seks notat gir Absalon oss så knappe opplysningar at det vert uråd å slå fast om drapsmannen hørte til ved Slottet, Kontoret eller ikkje. Han peikar mellom anna ut fire tyskerar som drapsmenn; ein tysk ved namn Casper,[\[356\]](#) ein tysk som heitte David,[\[357\]](#) ein tysk båtsmann drap ein annan båtsmann i vinkjellaren[\[358\]](#) og ein vismersk skipper tok livet av Claus båtsmann.[\[359\]](#) Absalon seier ikkje at nokon av disse fire hadde noka tilknytning til Kontoret. Det kan dei ha hatt, eller dei kan ha vore tyskarar på vitjing i Bergen eller eventuelt, i tre av tilfella, medlemmar av borgarskapet på Stranden. Elles skildrar Absalon i svært knappe ordelag at ein ”manddrabere” vart avretta[\[360\]](#) og ein garp på Bryggen vart slått i hel.[\[361\]](#) Notatane gir oss ingen opplysningar som kan hjelpe oss å plassere drapsmennene ved verken Slottet, Kontoret eller lagtinget. I det første tilfellet får vi berre vite straffa gjerningsmannen fekk, i det andre at eit medlem av Kontoret vart drept på Bryggen. Ein kan tenkje seg at drapet vart gjort av ein annan hanseat, men dette vert berre spekulasjonar.

Drapsmenn frå Slottet

Gardsretten gjaldt for kongen sine menn og tenarar, sivile som millitære, på krona sine festningar og gardar. Dei vart i praksis òg nytta overfor andre lovbrytarar, som oppheldt seg midlertidig ved festninga – og kunne enno gjelde for eit vidare område. I Absalon sine dagboksnotat finn eg drapsmenn frå alle sosiale grupper og baa kjønn som hørte til ved Bergenhus; lagmann Christofer Nilsson,[\[362\]](#) Erik Rosenkrants sin handskrivar,[\[363\]](#) Mats skivar,[\[364\]](#) hoffmann Henrik Holst,[\[365\]](#) Mattis tollar,[\[366\]](#) Mester Jacob bartskjær,[\[367\]](#) tre bøsseskytterar på Slottet,[\[368\]](#) ein båtsmann på Slottet,[\[369\]](#) tre tenarar ved Slottet.[\[370\]](#) Dessutan fortel Absalon at Per bryggjar på Slottet datt ned i ei gryte og kokte i hel.[\[371\]](#) Vedkomande som var skuld i udåden, av Absalon berre referert til som “denne”, vart merkt og skjært øyrene av av bøddelen. Ingen vart avretta derimot, noko som kanskje tyder på rettsmakta sin tvil om vilja til gjerningsmannen var så alvorleg som resultatet av handlinga viste seg å bli. I dette notatet er det ikkje lett å tolke Absalon, og det vert umogleg å slå fast kven drapsmannen var. Drapsmannen kunne i alle fall verte dømd etter gardsretten ved Slottet i og med at praksisen var at lovbrytarar som oppheldt seg midlertidig ved festninga òg kunne verte dømde av og etter gardsretten.[\[372\]](#)

Iløpet av 13-årsperioden Absalon skildrar drap stod med andre ord 13 av 53 drapsmenn under gardsretten ved Slottet. Av det samla talet drap 53 utgjorde dei 13 drapsmennene 24,5%. I denne perioden var det om lag 70 menneske ved Bergenhus, ein svært liten del av det samla innbyggjartalet i byen som er sett til mellom 6000 og 15000.[\[373\]](#) Vi ser dermed at i høve til det låge talet menneske som hørte til ved Slottet var det ein stor prosent del som drap.[\[374\]](#)


Drapsmenn frå Kontoret

I kapittel 3 såg vi òg at det gjennom heile Hansatida var strid mellom kongen og dei kontorske om jurisdiksjonen på Bryggen. Dette resulterte blant anna i at hanseatane skjulte drapsmenn frå Kontoret og tok dei ut av landet på skipa sine, til Tyskland for å bøte til byen og familien til den drepte. I Absalon si dagbok finn eg berre fem drapsmenn eg kan slå fast hørte til ved Kontoret; garp Claus Bomersie,[\[375\]](#) ein garp i Einarsgården,[\[376\]](#) ein garpedreng i Engalgården,[\[377\]](#) ein garpedreng i Dramshusen[\[378\]](#) og ein dreng i Solegården.[\[379\]](#) Frå og med 1560 til og med 1572 vart dermed berre fem av 53 drap begått av hanseatar. Dette skulle tilsei 9,4%, noko som slett ikkje tyder på at hanseatar var innblanda i spesielt mange drap i siste halvdel av 1500-talet når ein tenkjer på at dei utgjorde ein stor prosent av innbyggjartalet i byen med sine 1-2000 medlemmar.[\[380\]](#)

Drapsmenn frå bysamfunnet elles

I dei 29 resterande drapsnotata ser det ut som gjerningsmannen skulle ha vorte stilt for lagtinget i Bergen. Dette er menneske som enten var innbyggjarar i Norge og stod under norsk lov og rett utan privilegier, eller folk frå andre land som var på vitjing i landet. Som vi såg i forrige kapittel skulle disse òg dømast etter lova i det landet lovbrotet vart gjort. Michel finsmed,[\[381\]](#) snekkar Oluf Liffsson,[\[382\]](#) skomakar Jacob Krus,[\[383\]](#) Mester Greer,[\[384\]](#) borgar Hans Olsson,[\[385\]](#) ein tysk borgar,[\[386\]](#) borgar Jon Davidsson skotte,[\[387\]](#) byskrivar Hemming Hemmingsson Due,[\[388\]](#) Severin Kruse,[\[389\]](#) fogd Lasse Sjursson,[\[390\]](#) fogd Christofer Falvater,[\[391\]](#) fogd Christiern Jensson,[\[392\]](#) Cornelius Pålsson,[\[393\]](#) Jens,[\[394\]](#) Baltzer Torbernsson,[\[395\]](#) Hans Pålsson,[\[396\]](#) Laurents på

Solheim,[397] ein bonde,[398] to prestar,[399] Påske,[400] Trondhjems Pinka,[401] Magge Kaas,[402] pikens husbonde,[403] ein norfarer,[404] ein tenar hjå den skotske buntmaker Bertil,[405] ein båtsmanns værelseskamerat,[406] ein dansk båtsmann[407] og ein mann fødd i Blekinge.[408] Iløpet av 13-årsperioden 1560-1572 vart 29 av 53 drap i Bergen begått av personar som skulle verte stilt for retten ved lagtinget og dømast der for lovbrotet dei hadde gjort.[409]



Namna på drapsmennene er registrerte i vedlegg 2.


Ovanfor har vi sett at den gruppa drapsmenn som skulle dømast ved lagtinget i Bergen var den absolutt største med heile 29 drap i løpet av trettenårs-perioden 1560-72. Til samanlikning kom 13 drapsmenn frå Slottet og berre fem høyrde til ved Kontoret. I seks tilfelle er det ikkje mogleg å finne ut kva for ei av disse tre gruppene drapsmennene høyrde til. Ulikskapen i kjeldene kan dermed ikkje forklarast ved at dei fleste drapsmenn var frå Slottet, og dermed vart dømde etter gardsretten. Heller ikkje var majoriteten av gjerningsmennene hanseatar, som vi har sett skjulte sine drapsmenn og tok dei ut av landet. Den største gruppa drapsmenn i Bergen i åra 1560-72 er menneske som skulle dømast ved lagtinget i byen. Om ein reknar med at typen drapsmenn var den same i Bergen i åra 1592-94, som 1560-72 der vårt analysemateriale er henta frå, skulle ein kunne forvente at heile 6,6 drapsmenn vart dømde ved lagtinget 1592-94. Dette talet står ikkje i forhold til det vi finn i Bergen rådstueprotokoll der berre eit menneske vart dømt for drap iløpet av treårsperioden 1592-94.

Utrekningane ovanfor er gjennomsnittstal, og det kan på trass av resultata dei syner hende at drapsmenn i Bergen 1592-94 berre kom frå Slottet eller Kontoret. Om så var tilfelle vart verkeleg disse drapsmennene truleg tekne hand om av sine respektive institusjonar? Eg vil no sjå på om denne tredelinga fungerte i praksis. Var det verkeleg slik at drapsmenn frå Slottet og Kontoret vart tekne hand om av rettar ved eller i tilknytning til disse institusjonane? Kva fortel Absalon si dagbok om Slottet og Kontoret som handsamarar i etterspel ved drap?

Etterspela ved drap av gjerningsmenn frå Slottet


Om eg tek for meg dei 13 drapsmennene som høyrde heime ved Slottet ser eg at i 9 tilfelle er det uråd ut i frå Absalon sine notat å seia noko om etterspelet ved drapa. Vidare vert ein person med tilhøyre ved Bergenhus pågripen og sett i arresten under rådhuset.[410] I andre etasje låg rettslokalet til lagtingsdomstolen, og det vert difor nærliggande å tru at drapsmannen, hoffmann Henrik Holst, vart stilt for retten ved rådstua. Det kan jo sjølvsagt hende at arresten berre vart brukt som oppbevaringsstad og at saka vart ført for gardsretten ved Slottet. Dette vert berre spekulasjonar og opplysningane vi har er for knappe til å kunne slå noko fast. I eit anna tilfelle drap Jacob, bartskjærar på Slottet, ein kjøpmannstenar ved Kontoret. Over eitt år seinare gir Absalon, ved sin posisjon som slottsprest ved Bergenhus, han syndsforlating før avrettinga.[411] Av samanhengen ser det ut som om drapsmannen i dette tilfellet sit fengsla ved Slottet. Det står derimot ikkje noko om kva domstol som dømde bartskjæraen til

døden. Vidare ser vi at drapssaka der to tenestekvinner hjå Erik Rosenkrants hadde tekje livet av ein drengen til ein borgar vart teken opp for byrådet.[\[412\]](#) Lagmann Christofer Nilsson vart dessutan dømt for drap ved lagtinget. Han vart rett nok dømt etter gardsretten og norsk lov, men sjølve domstolen som avsa domen var lagtinget og ikkje gardsretten ved Slottet.[\[413\]](#) Det kan likevel hende at saker som vart dømde etter gardsretten vart førte referat frå i ein annan rettsprotokoll enn lagtingprotokollen.



Etterspela ved drap av gjerningsmenn frå Kontoret


Eg har funne ut at vi kan rekne med i alt fem drapsmenn frå Kontoret. I to av disse tilfella nemner ikkje Absalon kva etterspel drapa fekk. Han berre skildrar lovbroten.[\[414\]](#) I to andre notat fortel han at den hanseatiske drapsmannen klarte å røme.[\[415\]](#) Ved eitt av fem drap betalar drapsmannen bot til norsk rettsmakt.[\[416\]](#) Om bota vart idømt ved lagtinget eller ein annan representant for rettsmakta seier kjeldene ingenting om. Opplysningane finn eg ikkje hjå Absalon, men i NLR.[\[417\]](#)



Etterspela ved drap av gjerningsmenn frå bysamfunnet elles

Resten av drapsmennene, med unntak av seks stykker det er uråd å plassere,[\[418\]](#) forventa vi skulle verte dømde av lagtinget. Var det så slik at disse 29 lovbrutarane verkeleg vart dømde av lagtinget i Bergen for drapa dei hadde gjort?

Ved 17 av 29 drap får vi ikkje oppgitt noko etterspel i det heile i Absalon sine notat. I sju tilfelle får vi vite at drapsmannen vart avretta, og i eitt tilfelle at bortvising tyder på å vere straffeutmålinga. Ingen opplysningar om kven som dømde i ved disse drapa, om i det heile dom vart felte, er noterte. I tre andre tilfelle får vi vite straffa som vart idømt drapsmannen; når Hemming Hemmingson Due tok livet av ein hollandsk gullsmed vart det betalt bot ved grava til den drepte. Bota vart betalt etter norsk lov av Jens gullsmed, på vegne av Hemming. Kven som påla drapsmannen å betale bot seier Absalon derimot ikkje noko om.[\[419\]](#) Ved eitt drap vart det i følge Absalon inngått forlik mellom gjerningsmannen, Severin Kruse, og den drepte sine etterletne. Forliket vart inngått ved lagmann Axel Fredriksson,[\[420\]](#) og bestod truleg i betaling av drapsbot. I eit anna notat står det berre oppført at Michel finsmed mishandla og stakk i hel Peder Sjursson.[\[421\]](#) I sakelistsene for Bergenhus len finn eg derimot at Michel måtte betale 16 dalar i bot for drapet.[\[422\]](#) Der var byfogden som krevde inn sakelistsbøtene, men sjølve avgjerda om botestraff og storleiken på bota kunne ha vore tekjen ved lagtinget. Dette sier derimot kjeldne ingenting om. I eitt drapsnotat fortel Absalon at gjerningsmannen vart dømt til døden ved lagtinget.[\[423\]](#)



Vi har sett at ved ei rekkje drap er det ikkje mogleg ut ifrå kjeldene å finne ut av kva etterspelet vart. I andre tilfelle syner notatane at drapsmannen klarte å røme frå straffa si. I tillegg har vi sett at drapsmenn frå både Slottet, Kontoret og bysamfunnet elles kunne verte stilt for og dømde ved lagtinget. Vi kan dermed forkaste teorien om at drapa frå 1592-94 vart tekne opp ved domstol ved Bergenhus eller i Lübeck. Det faktum at hanseatane si makt er sterkt svekka på 1500-talet underbyggjer lagtinget si framtrekande rolle som domsmakt i motsetnad til Kontoret. Òg på det juridiske området må denne svekka posisjonen ha gjort seg gjeldande. Dessutan undersøker vi ei periode der det norske rettsvesenet er i støypeskeia, og utover hundreåret tek meir og meir form. Dette kan ha vore ei medverkande årsak til at Slottet òg miste rettsmakta si.

Gjennomgongen har dessutan synt at dom på lagtinget ikkje var den einaste måten ein kunne gjere opp for drap på. Av skildringar i Absalon si dagbok har vi sett at lagmannen åleine, utan resten av lagtingsmedlemmane, kunne ta seg av oppgjer i drapssaker. Dessutan betalte somme drapsmenn bot for lovbrøtet til byfogden. Om disse først hadde fått ein dom på lagtinget veit vi derimot ikkje.

I dette kapitlet har vi sett på om trekk ved drapsmennene kunne hjelpe oss å finne løysinga på kvifor så få drapssaker kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94. Det første vi undersøkte var om drapsmennene sitt kjønn kunne vere årsaka. Vi fann ut at berre tre av 53 drapsmenn i dagboka var kvinner og at båe kjønn etter lovverket skulle dømast

likt ved drap. Det låge drapstalet i protokollen kan ikkje forklarast ved at kjønna vart behandla annleis enn det andre ved straffeutmåling for drap. Etter å ha sett nærare på alderen til drapsmennene fann vi ut at heller ikkje det aspektet kunne ha noka betydning for det låge drapstalet, berre 5,7% av drapsmennene var strafferettsleg mindreårige.

Ved å sjå nærare på drapsmennene si sosiale plassering fann vi ut at det i høve til talet på medlemmar av gruppa var ein stor del drapsmenn frå sosialgruppe éin, innbyggjarane med sosiale band til lagtingsmedlemmane. Om teorien min, med at disse slapp å verte stilte for lagtinget, stemte ville dette kunne vere ei forklaring på det låge drapstalet i protokollen. Ved å sjå nærare på etterspela ved drapa fann vi derimot ut at det var fleire drapsmenn frå sosial gruppe éin enn ifrå dei andre gruppene som vart stilte for lagtinget. Teorien om at det låge talet drapssaker kunne forklarast ved at majoriteten av drapsmennene hadde sosiale band til lagtingsmedlemmane, som gjorde at dei slapp dom ved lagtinget, vart dermed falsifisert. Eg kunne heller ikkje finne trekk ved dei drapsmennene som vi veit vart dømde ved lagtinget som skilde dei frå drapsmennene som kanskje – kanskje ikkje vart dømde fekk dom ved lagtingsdomstolen. Fellestrekk ved drapsmennene vi veit vart stilte for lagtinget kunne eg heller ikkje spore.

Ved denne gjennomgangen kom det dessutan fram kven som dømde eller truleg idømde dei ulike straffene, og om dei ulike straffene var resultat av omstende i sakene eller ikkje. Eg kunne ikkje finne nokon praksis med at skjerpande omstende i ei drapssak skulle føre til dom ved domstol, medan saker med formildande omstende vart handsama av andre representantar for rettsmakta. Ved sjølve straffeutmålingane kom det heller ikkje fram noko system i om ei sak med eller utan skjerpande eller formildande omstende vart bot eller dødsdom.

I og med at det fanst ein eigen rett ved Slottet og at hanseatane kjempa for jurisdiksjonen til sine egne, vart det aktuelt å sjå nærare på om mange av drapsmennene hørte til ved disse maktbastionane. Det synte seg at 13 hørte til ved Bergenhus og 5 kunne knytast til Kontoret. Ved å undersøke kven som handsama etterspela ved drapa disse var innblanda i fann vi ut at mange av dei vart dømde av norsk rettsmakt, inkludret lagtinget. Årsaka til det låge talet drapssaker kan dermed heller ikkje forklarast ved at majoriteten av drapsmennene var frå Slottet eller Kontoret og vart dømde ved rettar tilknytta disse institusjonane.

[235] Eigentleg 4 kvinner, men 2 er ansvarlege for det same drapet og difor registrert under same ID. ID 100; Trondhjems Pinka, Beyer 1552-72: 156. ID 43; ei kvinne og dotter hennar - tenestekvinner hjå Erik Rosenkrants, Beyer 1552-72: 84f. ID 54; Magge Kaas, Beyer 1552-72: 107.

[236] Magnus Lagabøters landslov 1274: IV. Mannhelgebolken, Taranger 1915: 43 ff.

[237] Christian 4s Norske lov av 1604: Mandhelge Balcken, Hallager og Brandt 1855: 39 ff.

[238] Fredrik 2s gardsrett av 9.mai 1562, Forordninger, Recesser 1558-1660/ Secher 1887-88: 184 ff.

[239] ID 43; ei kvinne og dotter hennar, Beyer 1552-72: 84-85, 113.

[240] Truleg på overlagtingsmøte.

[241] Beyer 1552-72: 113.

[242] NRR I: 500.

[243] ID 100; Trondhjems Pinka, Beyer 1552-72: 156.

[244] Fossen 1979: 13.

[245] ID 54; Magge Kaas, Beyer 1552-72: 107.

[246] Nilsen 1970: 28.

[247] NHL 1974: 321.

[248] ID 9; ein bonde, Beyer 1552-72: 11. Ein bonde vart halshogd og stegla for å ha drept ein mann og sendt han til havs i båt. Nettopp det faktum at drapsmannen sende offeret frå seg på denne måten, for å kvitte seg med liket, må ha fungert som skjerpande omstende og truleg ført til at stegling vart inkorporert i straffa.

[249] Fossen skriv rett nok at vi i perioden 1560-1710 kjenner til 23 trolldomsprosessar i Bergen, Fossen 1979: 339. Av døma han kjem med ser eg derimot at majoriteten av sakene er frå tidleg 1600-tal. I Absalon si dagbok 1552-72 finn eg heller ingen saker der nokon vert avretta for trolldom.

[250] Fossen 1979: 339/Næss 1982: 300.

[251] NHL 1974: 185.

[252] ID 8; ein garpedreng i Engelgården, Beyer 1552-72: 11.

[253] ID 122; ein garpedreng i Dramshusen, Beyer 1552-72: 169f.

[254] ID 42; ein dreng i Solegården, Beyer 1552-72: 82.

[255] ID 118; Påske, Beyer 1552-72: 165, 198.

[256] ID 20; Jens - Anders Skrifer borgarmeisters brorson, Beyer 1552-72: 24ff, 28f, 34.

[257] Noko som vil gjenspegle seg i yrkes- og tittelnemningane eg finn i dagboka.

[258] Fossen 1979: 95f. og samtale med Anders Bjarne Fossen 24.10.00.

[259] Det må for ordensskuld nemnast at òg delar av øvre sosiale lag hørde til borgarskapet. Viser til samtale med Anders Bjarne Fossen 24.10.00.

[260] Fossen 1979: 253.

[261] Same stad: 94.

[262] Same stad: 125f.

[263] Same stad: 234.

[264] I motsetning til oldermennene, achteinane og kjøpmannsskrivaren som hørde til sosialgruppe éin, og sjauarane som må ha vore nederst på den sosiale rangstigen.

[265] Fossen 1979: 95.

[266] Same stad: 98.

[267] Her vert det naudsynt å vere merksam på skilnaden mellom det å tene og det å vere tenar. Sjølv om ein til dømes var borgar, og dermed frå sosial gruppe to, kunne ein tene hjå nokon. Jmf. Johannes Brun var borgar og kokk på Slottet, Beyer 1552-72: 8.

[268] Fossen 1979: 99.

[269] ID 54; Magge Kaas, Beyer 1552-72: 107.

[270] Norsk riksmålsordbok 1983, bind 2: 1946f.

[271] Det er eit paradoks at Absalon nemner ein prostituert ved frue-tittel.

[272] Norsk riksmålsordbok 1983, bind 2: 1946f.

[273] ID 149; Severin Kruse, Beyer 1552-72: 218.

[274] ID 81; ein tysker ved namn Casper, Beyer 1552-72: 138.

[275] Sollied og Sollied 1922: 121ff.

[276] ID 71; ein tysker som heitte David, Beyer 1552-72: 127.

[277] ID 14; %, Beyer 1552-72: 21.

[278] ID 17; ein drapsmann, Beyer 1552-72: 22.

[279] ID 44; ein mann fødd i Blekinge, Beyer 1552-72: 85.

[280] ID 75; denne, Beyer 1552-72: 131.

[281] ID 55; vesle Jens skriver - Erik Rosenkrants handskrivar, Beyer 1552-72: 108, 127. ID 187; Mats skrivar, Beyer 1552-72: 176. Av opplysningar Absalon gir andre stadar i dagboka ser vi at Mats var skrivar på Slottet, jmf. Beyer 1552-72: 161, 175, 194.

[282] ID 175 og 176; to prester, Beyer 1552-72: 232.

[283] ID 188; Balzer Torbernsson, Beyer 1552-72: 220f. Balzer var rett nok berre frilleson til Mester Torbern sokneprest på Toten, jmf. Nilsen 1970: 188, men i og med at han var trulova med dotter til soknepresten i ei av dei to hanseatiske kyrkjene i Bergen; Martinskyrkja, Nilsen 1970: 126, må han ha tilhørt sosialegruppe éin.

[284] ID 38; Hemming Hemmingsson Due, Beyer 1552-72: 73ff. Absalon skriv at Hemming var av Teisteslekta.

[285] ID 63; Lasse Sjursson, Beyer 1552-72: 114f. ID 62; Christofer Falvater, Beyer 1552-72: 114f. Christofer vert av Absalon skildra som fogd Lasse Sjursson sin stallbroder. "Stallbroder" tyder "værelseskamerat", Norsk riksmålsordbok 1983, bind 3: 2089. Det kan med andre ord hende at Christofer berre delte rom med fogden. Ei anna løysing er at han var fogden sin tenar, men ut ifrå samanhengen ser det ut som om "stalbroder" i dette tilfellet er eit anna ord for kollega; fogd. ID 85; Christiern Jensson, Beyer 1552-72: 141f.

[286] ID 95; Christofer Nilsson, Beyer 1552-72: 152, 212.

[287] ID 134; Hans Pålsson – venn av lagmann Axel Fredriksson si kone, Beyer 1552-72: 188.

[288] ID 151; Cornelius Pålsson, Beyer 1552-72: 219.

[289] ID 20; Jens - Anders Skriver Borgarmeisters brorson, Beyer 1552-72: 24ff, 28f, 34.

[290] ID 69; ein bartskjærar på Bergenhus, Beyer 1552-72: 125f. ID 48; Mester Greer, Beyer 1552-72: 88. Ved ID 48 seier Absalon at gjerningsmannen heitte Mester Greer, han nemner ikkje kva yrke han har. Ifølge Fossen var det berre prestar og bartskjærar som brukte mester-tittelen, viser til samtale med Fossen 17.10.00.

[291] ID 133; Jacob Krus, Beyer 1552-72: 188.

[292] ID 37; Oluf Liffsson, Beyer 1552-72: 63.

[293] ID 61; Michel finsmed, Beyer 1552-72: 114. Opprinneleg er mannen ført opp som Michel kleensmedt. "Kleensmedt" tyder "finsmed", Kunnskapsforlaget blå ordbøker, Fremmedordbok 1986: 182.

[294] ID 26; ein tysk borgar, Beyer 1552-72: 29. ID 10; borgar Jon Davidsson Skotte, Beyer 1552-72: 12. ID 121; borgar Hans Olsson, Beyer 1552-72: 167f.

[295] ID 161; ein vismersk skipper, Beyer 1552-72: 226. Mannen var tydelegvis frå Wismar, noko som tyder at han enten hørde til ved Kontoret eller var ein meir eller mindre sjølvstendig skipsførar eller eigar av skipet.

[296] ID 155; hoffmann Henrik Holst, Beyer 1552-72: 220f, 225.

[297] ID 23; Mattis toller, Beyer 1552-72: 29, 127.

[298] ID 30; pikens husbonde, Beyer 1552-72: 37. Nemninga "husbonde" kan ha ulike tydingar; mannen eller herren i huset, eigaren av huset nokon oppheldt seg i, gardeigar kjøpstad/utleigar, ektemann, prinsipal i motsetning til fullmektig, jmf. Norsk riksmålsordbok 1983, bind 2: 1946f. Av samanhengen ser vi at "husbonde" i dette tilfellet må tyde den døde jenta sin arbeidsgivar. Om denne husbonden får vi dessutan opplyst at han eigde hus i Anders Båtsmann sin gard. Det faktum at husbonden var huseigar må i alle fall plassere han i sosialgruppe to.

[299] ID 118; ein gut ved namn Påske, Beyer 1552-72: 165. Det vert vanskeleg å plassere denne eleven i noka spesiell sosial gruppe i og med at alle born uansett sosialt tilhøyre kunne få undervising ved Latinskulen. Likevel fanst der neppe særleg mange born frå sosialgruppe tre som elevar ved skulen, jmf. Hartvedt 1994: 53. Påske kunne sjølvsagt ha høyrte til i sosialgruppe éin, men då ville truleg Absalon ha gitt oss fleire opplysningar om han.

[300] ID 126; ein garp frå Einarsgården, Beyer 1552-72: 174. ID 86; garp Claus Bomersie, Beyer 1552-72: 142. I NHL står det at "garp" var ei nedsetjande nemning om dei tyske kjøpmenn i Bergen, NHL 1974: 107. I bergensdialekt er derimot ordet "garp" ei fellesnemning på alle tyskarane ved Kontoret;

handelsforvaltarar/kjøpmenn, gesellar og jungen/drengar. Viser til samtale med Anders Bjarne Fossen 24.10.00. I notatane sine skil derimot Absalon mellom drengar og garpar når han refererer til folk frå Kontoret. Eg vel difor å tolke nemningane akkurat slik dei står oppførte, men gjer merksam på eventuell omgrepsforveksling.

[301] ID 8; ein garpedreng i Engalgården, Beyer 1552-72: 11. ID 42; ein dreng i Solegården, Beyer 1552-72: 82. ID 122; ein garpedreng i Dramshusen, Beyer 1552-72: 169f.

[302] ID 100; Trondhjems Pinka - prostituert, Beyer 1552-72: 156. "Pinke" tyder fartøy med flat botn og høg akterdel, Nilsen 1970: xi. Dette tilnamnet seier truleg noko om utsjånaden til kvinne.

[303] ID 43; ei kvinne og dotter hennar, Beyer 1552-72: 84f, 113. Disse to kvinnene stod saman om drapet på ein borgar sin dreng. Dei to tenestegjorde hjå Erik Rosenkrants, på garden hans i Sandviken.

[304] ID 4; Anders svenske, Beyer 1552-72: 8. ID 1; ein tenar hjå den skotske buntmakar Bertil, Beyer 1552-72: 5.

[305] ID 177; ein norfarer, Beyer 1552-72: 233. I NHL står det at ein "norfare" var enten ein norlending på jektetur til Bergen, eller ein borgar frå Bergen eller Trondheim som sigla på Nord-Norge og dreiv handel der, NHL 1974: 236. Offeret ved dette lovbrøtet er rådmann Jens Morsing – ein mann Absalon må ha kjent rimeleg godt i og med at dei høyrde til same kretsen i bysamfunnet. Om gjerningsmannen hadde vore ein borgar og kjøpmann frå Bergen ville nok Absalon ha festa seg ved namnet hans. I dette tilfellet tyder nok dermed "norfare" ein nordlending, fiskar, på vitjing i Bergen. Ein framand utan sosiale band til medlemmane av lagtinget.

[306] ID 16; ein bøsseskytter, Beyer 1552-72: 22. ID 70; ein bøsseskytter, Beyer 1552-72: 126f. ID 163; Las skytt, Beyer 1552-72: 228. Frå 1624 veit vi at Bergenhus slottsgarnison bestod av blant anna fire bøsseskyttere, artillerister; menige soldatar, som betente kanonene ved Slottet, jmf. Wahl 1925: 31. Vi ser at bøsseskytterne må ha vore menige soldatar, noko som innebar at dei var dårleg stilte økonomisk sett, i tillegg til ingen band til lagtingsmedlemmane. Plasseringa i sosialgruppe tre er dermed klar.

[307] ID 141; ein tysk båtsmann, Beyer 1552-72: 214f. ID 47; ein dansk båtsmann, Beyer 1552-72: 88. ID 13; ein båtsmann på Slottet, Beyer 1552-72: 20. ID 77; ein båtsmanns stallbroder, Beyer 1552-72: 133. I dette siste tilfellet vart ein båtsmann i Talek si bod, badstue med skjenkeløyve – jmf. Nilsen 1970: 123, drept av ein av sine stallbrødre. Som vi tidlegare har sett tyder stallbroder "værelseskamerat", noko som må tyde at offer og gjerningsmann delte husvære. Det er ikkje usansynleg at dei to involverte hadde same yrket.

[308] ID 2; Laurents på Solheim, Beyer 1552-72: 6. I denne perioden fans det berre små og mellomstore gardar på Solheim, viser til samtale med Anders Bjarne Fossen 24.10.00. ID 9; ein bonde, Beyer 1552-72: 11. Det er ikkje lett å finne ut av kva Absalon la i ordet bonde, og kva sosial gruppe disse to drapsmennene høyrde heime i. Truleg var bøndene enten sjølveigarar eller leiglendingar, sidan det på Vestlandet fans få storbønder. Mest sansynleg var dei gardbrukarar, sto ikkje sterkt økonomisk - og hadde ingen sterke band til personane i lagtingsdomstolen.

[309] Fossen 1979: 3, Nedrebø 1991/91: 37.

[310] ID 55; vesle Jens skivar - Erik Rosenkrants handskrivar, Beyer 1552-72: 108, 127.

[311] ID 187; Mats skivar, Beyer 1552-72: 176.

[312] ID 85; Christiern Jensson, Beyer 1552-72: 141f.

[313] ID 151; Cornelius Pålsson, steson til borgarmeister Adrian i Trondheim, Beyer 1552-72: 219.

[314] ID 134; Hans Pålsson, venn av lagmann Axel Fredrikssons hustru, Beyer 1552-72: 188.

[315] ID 188; Baltzer Torbernsson, Beyer 1552-72: 220f.

[316] ID 62; Christofer Falvater og ID 62; Lasse Sjursson, Beyer 1552-72: 114f.

[317] ID 38; Hemming Hemmingsson Due, Beyer 1552-72: 73ff.

[318] ID 95; Christofer Nilsson, Beyer 1552-72: 152, 169, 212.

[319] NRR I: 651f.

[320] ID 175 og ID 176; to prester, Beyer 1552-72: 232.

[321] ID 20; Jens - Anders borgarmeisters brorson, Beyer 1552-72: 24ff, 28f, 34.

[322] ID 26; ein tysk borgar, Beyer 1552-72: 29.

[323] ID 10; borgar Jon Davidsson skotte, Beyer 1552-72: 12.

[324] ID 161; ein vismersk skipper, Beyer 1552-72: 226.

[325] ID 23; Mattis tollar, Beyer 1552-72: 29, 127. Dette drapet er skildra saman med tre andre drap under same notatet. Absalon seier etter oppramsinga av sakene at fleire av drapsmennene rømde eller fekk dagsbrev og betalte deretter drapsbot, ”flere de forløbe, eller faa dags breff oc bøde saa med penninge”, Beyer 1552-72: 127.

[326] ID 8; ein garpedreng i Engelgården, Beyer 1552-72: 11.

[327] ID 42; ein dreng i Solegården, Beyer 1552-72: 82.

[328] ID 48; Mester Greer, Beyer 1552-72: 88.

[329] ID 133; Jacob Krus, Beyer 1552-72: 188.

[330] ID 30; pikens husbonde, Beyer 1552-72: 37.

[331] ID 122; ein garpedreng i Dramshusen, Beyer 1552-72: 169f.

[332] ID 126; ein garp i Einarsgården, Beyer 1552-72: 174.

[333] ID 155; hoffmann Henrik Holst, Beyer 1552-72: 220f, 225.

[334] ID 37; Oluff Liffsson, Beyer 1552-72: 63.

[335] ID 86; garp Claus Bomersie, Beyer 1552-72: 142. NLR IV: 14.

[336] ID 61; Michel finsmed, Beyer 1552-72: 114. NLR IV: 13.

[337] Meddelt alterets sakramente, Nilsen 1970: x.

[338] Gi syndsforlating ved geistleg, Nilsen 1970: x.

[339] ID 118; Påske, Beyer 1552-72: 165.

[340] ID 69; Mester Jacob bartskjær, Beyer 1552-72: 125f, 140.

[341] ID 121; borgar Hans Olsson, Beyer 1552-72: 167f.

[342] ID 1; ein tenar hjå den skotske buntmakar Bertil, Beyer 1552-72: 5.

[343] ID 47; ein dansk båtsmann, Beyer 1552-72: 88.

[344] ID 13; ein båtsmann på Slottet, Beyer 1552-72: 20.

[345] ID 77; ein båtsmanns værelseskamerat, Beyer 1552-72: 133.

[346] ID 2; bonden Laurits på Solheim, Beyer 1552-72: 6.

[347] ID 163; Las skytt, Beyer 1552-72: 228.

[348] ID 177; ein norfarer, Beyer 1552-72: 233.

[349] ID 70; ein bøsseskytter på Bergenhus, Beyer 1552-72: 126f. Dette drapet er skildra saman med tre andre drap under same notatet. Absalon seier etter oppramsinga av sakene at ”flere de forløbe, eller faa dags breff oc bøde saa med penninge”, Beyer 1552-72: 127.

[350] ID 100; Trondhjems Pinka, Beyer 1552-72: 156, 187.

[351] ID 16; ein bøsseskytter ved Slottet, Beyer 1552-72: 22.

[352] ID 43; ei kvinne og dotter hennar, Beyer 1552-72: 84f.

[353] ID 4; Anders svenske, Beyer 1552-72: 8.

[354] ID 9; ein bonde, Beyer 1552-72: 11.

[355] ID 141; ein tysk båtsmann, Beyer 1552-72: 214f.

[356] ID 81; ein tysk ved namn Casper, Beyer 1552-72: 138.

[357] ID 71; ein tysk som heitte David, Beyer 1552-72: 127.

[358] ID 141; ein tysk båtsmann, Beyer 1552-72: 214f.

[359] ID 161; ein vismersk skipper, Beyer 1552-72: 226.

[360] ID 17; ein drapsmann, Beyer 1552-72: 22.

[361] ID 14; % - drapsmann ikkje nemnt berre at ein garp vart slått i hel på Bryggen, Beyer 1552-72: 21.

[362] ID 95; Christofer Nilsson, Beyer 1552-72: 152. 212.

[363] ID 55; vesle Jens skrivar - Erik Rosenkrants handskrivar: Beyer 1552-72: 108, 127.

[364] ID 187; Mats skrivar: Beyer 1552-72: 176. Av opplysningar vi får andre stadar i dagboka ser vi at Mats var skrivar ved Slottet, jmf. Beyer 1552-72: 161, 175, 194.

[365] ID 155; hofmann Henrik Holst: Beyer 1552-72: 220f, 225. Ein hoffmann var det same som ein ”hoffkarl”, ei nemning på lensherren sine svennar elller fogdar, jmf. Nilsen 1970: x. Eit anna døme frå dagboka er Oluff Grød som tente Ryfylke fogden, ID 55, Beyer 1552-72: 108.

[366] ID 23; Mattis tollar: Beyer 1552-72: 29, 127. Mattis toller arbeida truleg ved tollboden ved Slottet, og var ansvarleg for betaling av avgifter på varer og gods som skulle fraktast inn i byen, viser til samtale med Anders Bjarne Fossen 17.10.00. Som tollar var ein i denne perioden kongens mann, jmf. Winge 1982: 136.

[367] ID 69; Mester Jacob bartskjær, Beyer 1552-72: 125f, 140.

[368] ID 16; ein bøsseskytter på Slottet, Beyer 1552-72: 22. ID 70; ein bøsseskytter på Slottet, Beyer 1552-72: 126f. ID 163; Las Skytt, Beyer 1552-72: 228.

[369] ID 13; ein båtsmann på Slottet, Beyer 1552-72: 20.

[370] ID 4; Anders svenske, Beyer 1552-72: 8. ID 43; ei kvinne og dotter hennar, Beyer 1552-72: 84f, 113. Disse to kvinnene var saman gjerningsmenn bak eit drap.

[371] ID 75; denne, Beyer 1552-72: 131.

[372] Salmonsens Konversations Leksikon, bind IX: 297.

[373] Fossen 1979: 3 og Nedrebø 1990/91: 37.

[374] I gjennomsnitt vart eitt drap per år gjort av ein person ved Slottet. Iløpet av treårs-perioden 1592-94 skulle ein dermed forvente at tre personar vart dømde etter gardsretten.

[375] ID 86; garp Claus Bomersie, Beyer 1552-72: 142.

[376] ID 126; ein garp i Einarsgården, Beyer 1552-72: 174.

[377] ID 8; ein garpedreng i Engelgården, Beyer 1552-72: 11.

[378] ID 122; ein garpedreng i Dramshusen, Beyer 1552-72: 169f.

[379] ID 42; ein dreng i Solegården, Beyer 1552-72: 82.

[380] Fossen 1979: 11. I gjennomsnitt vart det gjort 0,4 drap per år av ein person frå Kontoret. Iløpet av dei tre åra 1592-94 skulle ein dermed forvente at 1,2 drapsmenn kom frå Kontoret.

[381] ID 61; Michel finsmed, Beyer 1552-72: 114.

[382] ID 37; snekkar Oluf Liffsson, Beyer 1552-72: 63.

[383] ID 133; skomakar Jacob Krus, Beyer 1552-72: 188.

[384] ID 48; Mester Greer, Beyer 1552-72: 88.

[385] ID 121; borgar Hans Olsson, Beyer 1552-72: 167f, 170f.

[386] ID 26; ein tysk borgar, Beyer 1552-72: 29.

[387] ID 10; borgar Jon Davidsson skotte, Beyer 1552-72: 12.

[388] ID 38; byskrivar Hemming Hemmingsson Due, Beyer 1552-72: 73ff.

[389] ID 149; Severin Kruse, Beyer 1552-72: 218.

[390] ID 62; fogd Lasse Sjursson, Beyer 1552-72: 114f.

[391] ID 63; fogd Christofer Falvater, Beyer 1552-72: 114f.

[392] ID 85; fogd Christiern Jensson, Beyer 1552-72: 141f.

[393] ID 151; Cornelius Pålsson - borgarmeisters steson, Beyer 1552-72: 219.

[394] ID 20; Jens - Anders borgarmeister brorson, Beyer 1552-72: 24ff, 28f, 34.

[395] ID 188; presteson Baltzer Torbernsson, Beyer 1552-72: 220f.

[396] ID 134; Hans Pålsson – venn av lagmann Axel Fredriksson si kone, Beyer 1552-72: 188.

[397] ID 2; bonde Laurents på Solheim, Beyer 1552-72: 6.

[398] ID 9; ein bonde, Beyer 1552-72: 11.

[399] ID 175 og 176; to prestar, Beyer 1552-72: 232.

[400] ID 118; Påske, elev ved Latinskulen, Beyer 1552-72: 165, 198.

[401] ID 100; Trondhjems Pinka - prostituert, Beyer 1552-72: 156, 187.

[402] ID 54; Magge Kaas, Beyer 1552-72: 107.

[403] ID 30; pikens husbonde, Beyer 1552-72: 37.

[404] ID 177; ein norfarer, Beyer 1552-72: 233.

[405] ID 1; ein tenar hjå den skotske buntmaker Bertil, Beyer 1552-72: 5.

[406] ID 77; ein båtsmanns værelseskamerat, Beyer 1552-72: 133.

[407] ID 47; ein dansk båtsmann, Beyer 1552-72: 88.

[408] ID 44; ein mann fødd i Blekinge, Beyer 1552-72: 85.

[409] I gjennomsnitt vart 2,2 drap gjort kvart år i byen av eit menneske som skulle stå til rette for lagtinget/byens lågaste domstol/førsteinstans i byens saker. I løpet av treårsperioden 1592-94 skulle dermed 6,6 personar verte stilte for lagtinget i Bergen anklaga for drap.

[410] ID 155; hoffmann Henrik Holst, Beyer 1552-72: 220f, 225.

[411] ID 69; Mester Jacob bartskjær, Beyer 1552-72: 125f, 140.

[412] ID 43; ei kvinne og dotter hennar, Beyer 1552-72: 84f.

[413] ID 95; lagmann Christofer Nilsson, Beyer 1552-72: 152, 169, 212.

[414] ID 8; ein garpedreng frå Engelgården, Beyer 1552-72: 11. ID 42; dreng i Solegården, Beyer 1552-72: 82.

[415] ID 122; ein garpedreng i Dramshusen, Beyer 1552-72: 169f. ID 126; ein garp frå Einarsgården, Beyer 1552-72: 174.

[416] ID 86; garp Claus Bomersie, Beyer 1552-72: 142.

[417] NLR IV: 14.

[418] ID 81; ein tysk ved namn Casper, Beyer 1552-72: 138. ID 17; ein drapsmann, Beyer 1552-72: 22. ID 141; ein tysk båtsmann, Beyer 1552-72: 214f. ID 14; %, Beyer 1552-72: 21. ID 161; ein vismersk skipper, Beyer 1552-72:

226. ID 71; ein tysk ved namn David, Beyer 1552-72: 127.
[\[419\]](#) ID 38; Hemming Hemmingsson Due, Beyer 1552-72: 73ff.
[\[420\]](#) ID 149; Severin Kruse, Beyer 1552-72: 218.
[\[421\]](#) ID 61; Michel finsmed, Beyer 1552-72: 114.
[\[422\]](#) NLR IV: 13.
[\[423\]](#) ID 121; borgar Hans Olsson, Beyer 1552-72: 167f, 170f.
-



Kapittel 7. Avslutning

Utgangspunktet for denne oppgåva var dei ulike drapsbileta Absalon si dagbok 1552-72 og Bergen rådstueprotokoll 1592-94 gir av Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Etter først å ha slått fast at rådstueprotokollen inneheld referat frå lagtings og bylagtingssamlingar, har vi sett at ulike moment kan forklare denne ulikskapen medan andre teoriar eg hadde må forkastast. Etter ein diskusjon med argument både for og imot truverd til dagboka og protokollen, kom vi fram til at både kjeldene er like truverdige. Ulikskapen i drapsbileta kan med andre ord ikkje forklarast ut ifrå at ei av kjeldene kan tileignast meir eller mindre truverd enn den andre. Vi kan derimot ikkje utelukke at forklaringa kan vere at Absalon overdriv i sine skildringar av drap og anna umoral. Kanskje var det noko ved hans person som gjorde at han såg drap i situasjonar som i røynda var ulukke? Det kan òg hende at drap som kom opp for lagtinget ikkje vart førte referat frå i protokollen, at det vart slurva med innføringa. Drapsreferat kan òg ha vore førte på dei 41 sidene som manglar for at protokollen skal vere komplett. Av litteratur såg vi at ulikskapen i drapsbileta truleg ikkje kan forklarast ved 20 års perioden som skil kjeldene. Ingen opplysningar i litteraturen tyder på ein nedgang i valdsførekomsten i siste halvdel av 1500-talet. Tendensen var tvert imot auke i vald og lovbrøt fram til byrjinga av 1600-talet. Dermed kan ikkje nedgang i valdsførekomsten vere årsaka til at Absalon skildrar mange drap medan rådstueprotokollen inneheld eit fåtal. Det vi heller ikkje veit noko sikkert om, er om treårs-perioden 1592-94 verkeleg kan ha vore drapsfrie år. Vi finn ikkje døme på ei liknande drapsfri periode i dagboka, men kan likevel ikkje utelukke denne løysinga. Det kan òg hende at drapsmennene klarte å røme før ei eventuell pågriping, noko vi har sett av dagboka og av forordningar faktisk skjedde.

Gjennomgang av det tidlegare forskarar har skrive om drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet synte meg at dei tileigna Absalon stor grad av truverd. Etter ein kritisk gjennomgang av dagboka og diskusjon om Absalon sitt truverd som skribent fann eg ingen grunn til å ikkje gjere det same. Absalon skildrar bysamfunnet som heilskap, medan rådstueprotokollen berre syner dei sakene som kom opp for lagtinget og bylagtinget. Eg vel difor å sjå på drapsbiletet Absalon teiknar som det mest realistiske for Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Det måtte difor ha vorte begått fleire drap i Bergen 1592-94 enn det rådstueprotokollen syner. Kvar vart så disse drapa av?

Ved å ta for meg rettssystemet i siste halvdel av 1500-talet fann eg ut at oppgjer utanfor domstolane truleg vart praktisert. Av kjeldemateriale såg vi at lagmannen, utan råd og lagrette, dømde i drapssaker. Dessutan finn vi at byfogden truleg bøtela drapsmenn, utan å ha indikasjon på at sakene var oppe for domstol først. Eg har derimot ikkje funne noko prov på at ein kunne gjere opp drapssaker direkte med kanslaren. Av kongelege forordningar såg vi at private oppgjer, utan å dra inn rettsmakta, heller ikkje var uvanleg praksis. Dessutan veit vi at andre domstolar enn lagting og bylagting dømde i drapssaker. Frå kjeldemateriale som skriv seg ifrå andre stadar enn Bergen veit vi at drap kunne verte klaga direkte inn for herredagen. Av litteraturen kom det fram at overlagtinget, herredagen eller kongen og rådet òg kunne dømme som førsteinstans i drapssaker. Det er dermed mogleg at drapssaker frå Bergen 1592-94 kan ha gått direkte til overlagting, herredag eller kongen og rådet utan først å ha vore innom lagtinget eller bylagtinget i Bergen. Eg kan derimot, i det spinkle kjeldematerialet vi enno har bevart frå disse domstolane, ikkje finne døme på ein slik praksis ved drapssaker frå Bergen. Vi har òg sett at det i siste halvdel av 1500-talet eksisterte eit sommarlagting i byen. Eg kan ikkje finne spor etter referat frå denne typen lagting i rådstueprotokollen. Referata frå sommarlagtinget kan dermed ha vorte førte i ein eigen protokoll, som i teorien kan ha innehalde drapssaker. Av kjeldene ser vi at byrådet i Bergen handsama drapssaker utan at lagmannen var tilstades. Dette er den mest nærliggande løysinga på ein alternativ domstol til lagtinget. Byrådet var meir eller mindre permanent tilstades i byen året rundt og var tilgjengeleg som domstol om behovet melde seg. Dette sett i motsetning til overlagting, herredagar eller kongen og rådet, som enten ikkje var samla meir enn ein gong i året, kvart tiande år eller geografisk sett var langt unna.

Ved gjennomgangen av litteratur som er skriven om drap i Bergen i denne perioden, kom det fram at enkelte grupper i bysamfunnet utmerkte seg som drapsmenn; personar frå øvre samfunnslag og hanseatar. Dessutan skriv forskarane at mange born og kvinner gjorde seg til drapsmenn. Dette gav meg ideen til å sjå på om særtrekk ved drapsmennene kunne gi meg ei forklaring på kva som skjedde med drapa frå 1592-94. Kva etterspel fekk sakene i og med at dei ikkje kom inn for lagtinget? På grunn av at vi ikkje veit noko om etterspela i drapssakene frå disse tre åra, valde eg å gjere drapsmennene Absalon skildrar i si dagbok representative for drapsmenn i Bergen 1592-94. Etter å ha bygd opp databasar der eg plotta inn opplysningane kjeldene gav meg om drapa, føretok eg ei analyse av ulike trekk ved drapsmennene. Eg fann ut at verken alder eller kjønn hadde noka betydning for om eit drap vart handsama av lagtinget eller ikkje. Disse to faktorane kan dermed ikkje forklare det låge talet drapssaker i rådstueprotokollen. Dessutan såg eg på om sosiale band til medlemmane av lagtingsdomstolen skulle ha nokon verknad på om

drapsmenn vart dømde ved lagtinget eller fekk ordna opp for seg utan å verte stilt for lagtinget, eventuelt slappe unna straff. Resultatet vart at eg i kjeldematerialet mitt ikkje kunne spore nokon slik skilnad på dei drapsmennene som vart dømde ved lagtinget og dei som fekk idømt straff av andre representantar for rettsmakta. Ulikskapen i drapsbiletet kunne ikkje forklarast ved at dei fleste drapsmennene ikkje vart stilte for lagtinget på grunn av at dei hadde sosiale band til lagtingsmedlemmane. Eg kunne heller ikkje finne fellestrekk ved drapsmennene som vart dømde ved lagtinget, eller noko drapsmennene som ikkje vart stilte for lagtingsdomstolen hadde sams. Heller ingen særtrekk skilde disse to gruppene frå kvarandre. Når det gjaldt hanseatane fann eg ut at dei gjennom heile hansatida kjempa for jurisdiksjonsretten til sine eigne, og i fleire tilfelle klarte å ta sine folk ut av landet for å la dei straffast i Tyskland. Eg føretok ei analyse på kor mange av drapsmennene som faktisk var frå Kontoret og såg deretter på kva etterspel drapa dei stod bak fekk. Resultatet vart at berre ein svært liten del av drapsmennene var hanseatar, sett både i forhold til det samla talet drapsmenn og i høve til talet hanseatar i bysamfunnet samanlikna med resten av innbyggjarane i byen. Disse vart derimot, på lik line med andre innbyggjarar i byen, dømde av norsk rettsmakt. Gjennomgangen av domstolar som var aktuelle for døming ved drap synte meg at Slottet hadde ein eigen domstol som dømde etter ei eiga lov; gardsretten. Det vart dermed aktuelt å finne ut kor mange drapsmenn som hørte til ved Slottet og om dei verkeleg vart dømde av denne gardsretten. Analysen min viste meg at ein rimeleg stor del av drapsmennene faktisk hørte til under gardsretten. Etterspela ved drapa derimot synte meg at disse, på lik line med alle andre drapsmenn, vart stilte for lagtinget. Grunnen til at så få drap kom opp for lagtinget i Bergen 1592-94 var dermed truleg ikkje at drapa vart dømde ved Slottet eller at hanseatane sjølve tok seg av drapsmenn frå Kontoret. Vi kan likevel ikkje utelukke at ved enkelte drap kan sakene ha vorte handsama av gardsretten ved Bergenhus eller at hanseatane smugla gjerningsmennene ut av landet på sine skip.

Eg kan dermed ikkje sei å ha funne noko mønster ved straff og instansordningar i Bergen i denne perioden. Dette bekreftar det eg i utgangspunktet viste om rettsmakta på 1500-talet; at den ikkje fungerte etter noko klart definert system. Eit anna moment som vert viktig i denne samanhengen er at kjeldemateriale eg har å gå ut ifrå er spinkelt. I tillegg fortel ikkje dagboka i dei fleste sakene noko om kva etterspel sakene fekk eller kven som eventuelt dømde i sakene. Om vi hadde betre kjeldedekning og dermed viste meir om etterspela i sakene, kunne resultatene av ei undersøking vorte annleis enn det eg på grunnlag av Absalon si dagbok har funne fram til. Det er med andre ord mogleg at det er dårleg kjeldemessig dekning som gjer at teoriene mine ikkje stemmer. Ei undersøking i eit større og meir utfyllande kjeldemateriale ville kanskje syne at til dømes sosiale band til lagtingsmedlemmane faktisk hadde betydning for straffeutmålinga.

Når det gjeld taler på drap sit eg igjen med det same drapsbiletet som det tidlegare forskarar har teikna ut ifrå Absalon si dagbok. Òg når det gjeld Fossen sine skildringar av velståande menneske som drapsmenn har eg ingen innvendingar. Mine resultat syner også at mange drapsmenn kom frå den øvre gruppa i samfunnet. Størelsen på gruppa kan ikkje ha vore meir enn om lag 100 personar, medan talet drapsmenn frå gruppa er sett til 13. Talet på personar i denne gruppa sett i høve til talet på drapsmenn frå gruppa, gjer at resultatet vert høgt i forhold til talet drapsmenn frå andre og meir talrike samfunnsgrupper.

Ei anna gruppe som av forskarane vert utpeikt som drapsmenn er hanseatane. Av 53 drapsmenn totalt viser mine resultat at berre fem var frå Kontoret. Dette skulle tilsei 9,4%, noko som slett ikkje tyder på at hanseatar var innblanda i spesielt mange drap i siste halvdel av 1500-talet når ein tenkjer på at dei utgjorde ein stor prosent av innbyggjartalet i byen med sine 1-2000 personar. Resultata mine står i motsetnad til det inntrykket ein får av blant anna å lese Edvardsen. Denne ulikskapen trass i at både Edvardsen og eg har lagt Absalon si dagbok til grunn for oppfatningane våre. Eg er heller ikkje enig i at mange kvinner drap. Mine resultat syner at berre tre av i alt 53 drap, 5,7%, vart begått av kvinner. Til samanlikning fann Jørn Sandnes at minst 12-15% av drapsmennene i dagboka var kvinner. Forskarane framhevar dessutan at dei prostituerte utmerkte seg som drapsmenn. Dette strir òg imot mine resultat; berre ei av tre kvinner kan etter mine tolkingar av kjeldene karakteriserast som prostituert. Heller ikkje mange born gjorde seg til drapsmenn; tre av i alt 53 drapsmenn *kan* ha kome innanfor gruppa strafferettsleg mindreårige, noko som òg tilsvarar 5,7 %.

Vidare peikar forskarane på at dagboka er ei unik kjelde til perioden og skildrar samfunnet forfatternen levde i på mange ulike plan. Dessutan stemmer dagboka sitt bilete av vald overeins med våre førestellingar om 1500-talet som ei valdeleg tid. Det verkar som om disse to momenta blindar forskarane og gjer at dei ikkje stiller spørsmål ved dagboka som kjelde og det biletet den teiknar av drap. Min kritikk til tidlegare forskarar er dermed hovudsakleg at dei ikkje har problematisert drapsbiletet Absalon gir i dagboka si. Ingen av dei har til dømes brukt Bergen rådstueprotokoll når dei har tekje for seg emnet drap i Bergen i tidleg moderne tid. Protokollen har vore kjend, tilgjengeleg og nytta i andre emne innan historieforskinga i denne perioden. Som vi har sett er ulikskapen i

drapsbiletta oppsiktsvekkjande, noko som skulle tilseia at ein burde gå saka betre etter i saumane. Historikarane har utan å stille kritiske spørsmål godteke drapsbiletet Absalon skildrar i dagboka si. Problemet er at dei ikkje har vore kritiske nok til kjelda eller tekje for seg resten av kjeldematerialet som er relevant å sjå på i ei slik undersøking.

Der finnes ulike moment som er interessante når ein tek for seg drap i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Enkelte av disse momenta har eg på grunn av at dei kom på sida av problemstillinga mi, og dels på grunn av tidsnaud og eit avgrensa sidetal å forhalde seg til, måtta utelate i denne diskusjonen. Det ville derimot vore interessant å kunne ta til dømes spørsmålet om drapsfrekvens opp til nærare gransking. Ulike forskarar har presentert ein drapsfrekvens for Bergen i denne perioden. Ein slik frekvens er rekna ut ifrå talet på drap per år og folketalet i byen. Eg har kome over klare indikasjonar på at forskarane tek feil når dei set folketalet i Bergen til 6-7000 i denne perioden. Andre historikarar hevdar at folketalet var dobbelt så høgt, noko som til dømes vil halvere ein tidlegare utrekna drapsfrekvens. Eit anna spanande tema er rettsmakta sine straffemetodar; talet på offentlege drap, sett i forhold til forekomsten av private drap. Eg finn til dømes at for åra 1560-72 vert heile 11 drapsmenn avretta. Talet på personar som vart avretta for andre lovbrøt, til dømes tjuveri, gjer at det samla talet på avrettingar vert 30. Dette er eit rimeleg høgt tal i forhold til eit drapstal på 53.

Målet med å byggje databasar over kjeldematerialet mitt har vore todelt. Eg har for det første hatt nytte av basane sjølv i tilknytning til denne oppgåva. Basane vil frametter ligge tilgjengelege for andre forskarar som vil nytte Absalon si dagbok eller Bergen rådstueprotokoll som kjelder. For meg har byggjinga og bruken av databasane fungert som eit oversiktleg og systematiserande analysereiskap. Eg ville truleg ha kome fram til dei same resultatane ved å nytte penn og papir i staden for datatekniske hjelpemiddel. Effektiviteten i sjølve prosessen har nok derimot blitt styrka av søkefunksjonane i databasane, sjølv om det har tatt lang tid å bygge sjølve basane.

Absalon-basen er allereie brukt av mellomfagsstudentar i tilknytning til semesteroppgåver. Disse studentane har tekje for seg/kartlagt samtlige lovbrøt Absalon skildrar i dagboka si. Databasane er med andre ord brukbare ved andre emne enn drap. Til dømes kunne det vere spanande å sjå nærare på sedskapsakene og omstenda kring dei, i og med at Absalon ulike stadar i notatane sine kjem med hjartesukk over den dårlege moralen til bergensarane. Alle opplysningane han gir kjem fram ved søk i basen. Rådstuebasen kan til dømes brukast til å finne ut av kven rettsmedlemmar, tiltalte eller fornærma var. Det kunne til dømes vore interessant å sjå på om ein kan finne sosiale ulikskapar i kven som var tiltalte og kven som var fornærma, og vidare om ein spesiell type lovbrøt vart begått av menneske frå ei spesiell sosial gruppe. Det er òg enkelt å finne fram til kva straffeutmålingar lovbrøytarane fekk og om det forekom ulikskapar ved straff avhengig av kven den dømde var. Databasane er til dømes eit godt grunnlag/utgangspunkt om ein vil samanlikne til dømes straff eller lovbrøt i Bergen med liknande utmålingar og førekomst ein annan stad i landet, eller i utlandet for den del. Denne type samanlikning hadde vore interessant å gjere med det i minne at forskarar har peika ut Bergen som valdssamfunnet framom noko anna i Norge i tidleg moderne tid.

Etter denne diskusjonen sit vi att med Absalon si skildring av drapsbiletet som det mest realistiske. Om ikkje Absalon si dagbok var berga, eller skriven for den del, ville vi berre ha hatt Bergen rådstueprotokoll å gå ut ifrå når vi det gjeld drapsbiletet i Bergen i siste halvdel av 1500-talet. Ein rettsprotokoll er ei offentleg kjelde, av den sorten vi historikarar reknar som pålitelege, men gjennom denne oppgåva har vi sett at Bergen rådstueprotokoll mest sannsynleg eit prov på det motsette.



Vedlegg

Vedlegg 1

Sosialgruppe ein	Sosialgruppe to	Sosialgruppe tre	%
Jens - Erik Rosenkrants handskrivar (ID 55; Beyer 1552-72: 108, 127)	bartskjær på Bergenhus (ID 69; Beyer 1552-72: 125f)	Trondhjems Pinka (ID 100; Beyer 1552-72: 156)	Magge Kaas (ID 54; Beyer 1552-72: 107)
Mats skrivar (ID 187; Beyer 1552-72: 176)	Mester Greer (ID 48; Beyer 1552-72: 88)	to tenestekvinner hjå Erik Rosenkrants (ID 43; Beyer 1552-72: 84f, 113)	% (ID 14; Beyer 1552-72: 21)
Hemming Hemmingsson Due (ID 38; Beyer 1552-72: 73ff)	ein tysk borgar (ID 26; Beyer 1552-72: 29)	Anders Svenske (ID 4; Beyer 1552-72: 8)	ein drapsmann (ID 17; Beyer 1552-72: 22)
lagmann Christofer Nilsson (ID 95; Beyer 1552-72: 152, 212)	borgar Jon Davidsson Skotte (ID 10; Beyer 1552-72: 12)	tenar hjå den skotske buntmakar Bertil (ID 1; Beyer 1552-72: 5)	ein mann fødd i Blekinge (ID 44; Beyer 1552-72: 85)
fogd Lasse Sjursson (ID 63; Beyer 1552-72: 114f)	borgar Hans Olsson (ID 121; Beyer 1552-72: 167f)	ein tysk båtsmann (ID 141; Beyer 1552-72: 214f)	denne (ID 75; Beyer 1552-72: 131)
fogd Christofer Falvater (ID 62; Beyer 1552-72: 114f)	hoffmann Henrik Holst (ID 155; Beyer 1552-72: 220f, 225)	ein dansk båtsmann (ID 47; Beyer 1552-72: 88)	Severin Kruse (ID 149; Beyer 1552-72: 218)
fogd Christiern Jensson (ID 85; Beyer 1552-72: 141f)	ein vismersk skipper (ID 161; Beyer 1552-72: 226)	ein båtsmann på Slottet (ID 13; Beyer 1552-72: 20)	ein tysk ved namn Casper (ID 81; Beyer 1552-72: 138)
Baltzer Torberntson (ID 188; Beyer 1552-72: 220f)	Garp (ID 126; Beyer 1552-72: 174)	ein båtsmanns værelseskamerat (ID 77; Beyer 1552-72: 133)	ein tysk som heitte Davis (ID 71; Beyer 1552-72: 127)
Cornelius Pålsson – borgarmeisters steson (ID 151;	ein garp (ID 86; Beyer 1552-72: 142)	ein norfarar (ID 177; Beyer 1552-72: 233)	

Beyer 1552-72: 219)			
ein prest (ID 175; Beyer 1552-72: 232)	ein dreng ved Kontoret (ID 8; Beyer 1552-72:11)	ein bøsseskytter (ID 16; Beyer 1552-72: 22)	
ein prest (ID 176; Beyer 1552-72: 232)	Dreng ved Kontoret (ID 42; Beyer 1552-72: 82)	ein bøsseskytter (ID 70; Beyer 1552-72: 126f)	
Jens - borgarmeisters brorson (ID 20; Beyer 1552-72: 24ff, 28f, 34)	ein garpedreng (ID 122; Beyer 1552-72: 169f)	ein bøsseskytter (ID 163; Beyer 1552-72: 228)	
Hans Pålsson (ID 134; Beyer 1552-72: 188)	Jacob Krus – skomakar (ID 133; Beyer 1552-72: 188)	Laurits på Solheim - bonde (ID 2; Beyer 1552-72:6)	
	Olaf Lifsson – snekkar (ID 37; Beyer 1552-72: 63)	ein bonde (ID 9; Beyer 1552-72: 11)	
	Michel finsmed (ID 61; Beyer 1552-72: 114)		
	ein dreng ved namn Påske (ID 118; Beyer 1552-72: 165)		
	Mattis Tollar (ID 23; Beyer 1552-72: 29, 127)		
	Pikens husbonde (ID 30; Beyer 1552-72: 37)		

Vedlegg 2

Slottet	Kontoret	Lagtinget	%
lagmann Christofer Nilsson (ID 95; Beyer 1552-72: 152,	garp Claus Bomersie (ID 86; Beyer 1552-72: 142)	Michel finsmed (ID 61; Beyer 1552-72: 114)	ein tysk ved namn Casper (ID 81; Beyer 1552-72: 138)

169, 212)			
ein bøsseskytter på Slottet (ID 16; Beyer 1552-72: 22)	ein garp frå Einarsgården (ID 126; Beyer 1552-72: 174)	Hemming Hemmingsson Due – byskrivar (ID 38; Beyer 1552-72: 73ff)	ein drapsmann (ID 17; Beyer 1552-72: 22)
ein bøsseskytter på Slottet (ID 70; Beyer 1552-72: 126f)	ein garpedreng i Engelgården (ID 8; Beyer 1552-72: 11)	Severin Kruse (ID 149; Beyer 1552-72: 218)	ein tysk båtsmann (ID 141; Beyer 1552-72: 214f)
ein båtsmann på Slottet (ID 13; Beyer 1552-72: 20)	ein garpedreng i Dramshusen (ID 122; Beyer 1552-72: 169f)	Oluf Lifsson – snekkar (ID 37; Beyer 1552-72: 63)	% (ID 14; Beyer 1552-72: 21)
Las Skytt (ID 163; Beyer 1552-72: 228)	ein dreng i Solegården (ID 42; Beyer 1552-72: 82)	borgar Hans Olsson (ID 121; Beyer 1552-72: 167f, 170f)	ein vismers skipper (ID 161; Beyer 1552-72: 226)
hoffmann Henrik Holst (ID 155; Beyer 1552-72: 220f, 225)		Magge Kaas (ID 54; Beyer 1552-72: 107)	ein tysk ved namn David (ID 71; Beyer 1552-72:)
eo tenestekvinner hjå Erik Rosenkrants (ID 43; Beyer 1552-72: 84f, 113)		Påske – elev ved Latinskulen (ID 118; Beyer 1552-72: 165, 198)	
Mattis Tollar (ID 23; Beyer 1552-72: 29, 127)		Jens – borgarmeisters brorson (ID 20; Beyer 1552-72: 24ff, 28f, 34)	
Erik Rosenkrants handskrivar – Jens (ID 55; Beyer 1552-72: 108, 127)		ein bonde (ID 9; Beyer 1552-72: 11)	
Mats Skrivar (ID 187; Beyer 1552-72: 176)		ein mann fødd i Blekinge (ID 44; Beyer 1552-72: 85)	
Anders Svenske (ID 4; Beyer 1552-72: 8)		ein prest (ID 175; Beyer 1552-72: 232)	
denne (ID 75; Beyer 1552-72: 131)		ein prest (ID 176; Beyer 1552-72: 232)	
Meister Jacob -		Lasse Sjursson	

bartskjærar på Bergenhus (ID 69; Beyer 1552-72: 125f, 140)		(ID 62; Beyer 1552-72: 114f)	
		Christofer Falvater (ID 63; Beyer 1552-72: 114f)	
		Christiern Jensson (ID 85; Beyer 1552-72: 141f)	
		Laurents på Solheim – bonde (ID 2; Beyer 1552-72: 6)	
		tenaren til den skotske buntmakar Bertil (ID 1; Beyer 1552-72: 5)	
		ein tysk borgar (ID 26; Beyer 1552-72: 29)	
		borgar Jon Davidsson Skotte (ID 10; Beyer 1552-72: 12)	
		Cornelius Pålsson – borgarmeisters steson (ID 151; Beyer 1552-72: 219)	
		ein båtsmanns værelseskamerat (ID 77; Beyer 1552-72: 133)	
		ein dansk båtsmann (ID 47; Beyer 1552-72: 88)	
		Trondhjems Pinka (ID 100; Beyer 1552-72: 156, 187)	
		Baltzer Torbernsson (ID 188; Beyer 1552-72: 220f)	
		Hans Pålsson	

		(ID 134; Beyer 1552-72: 188)	
		Pikens husbonde (ID 30; Beyer 1552-72: 37)	
		Mester Greer (ID 48; Beyer 1552-72: 88)	
		Jacob Krus (ID 133; Beyer 1552-72: 188)	
		ein norfarar (ID 177; Beyer 1552-72: 233)	

Trykte kjelder og litteratur

Aschehougs konversasjonsleksikon (red. A.Holmesland, L.Størmer, E.Tveterås, H.Vogt). Bind 8 og 12. Femte utgåve. Oslo 1970.

Aschehoug og Gyldendals Store Norske leksikon (red. O.Kortner, P.Munthe, E.Tveterås). Bind 1, 6 og 8. Andre utgåve. Oslo 1988.

Beyer, A.P.: *Absalon Pederssøns dagbok 1552-1572*. I Iversen, R. *Absalon Perderssøn dagbok og oration om mester Geble*. Tekstbind. Oslo-Bergen 1963.

Bagge, S. og K.Mykland.: *Norge i dansketiden 1380-1814*. Oslo 1987.

Bastiansen, G.: *En analyse av utenomekteskapelige forhold i Bergen 1597-1669*. Upublisert hovudfagsoppgåve i historie, UiB våren 1995.

Bergens Borgerbok 1550-1751. (utgåve ved N.Nicolaysen). Kristiania 1878.

Bergens Fundas (utgåve ved M.Sørli). Bergen 1957.

Bergens Rimkrønike (utgåve ved G.Vislie). Oslo 1925.

Bing, J.: "Bergens-litteratur i der 16de aarhundrede". *Bergens Historiske Forenings Skrifter nr.17.1911*. Bergen 1911.

Bjelke, J.: *Termini Juridici* (1634). Oslo 1952.

Bloch, K.: "Herreds- og byrettenes organisatoriske utvikling. En historisk oversikt." I *NOU/Norges offentlige utredninger* 1980:12. Oslo-Bergen-Tromsø 1980.

Bloch, K., K.Helle, A.Kiil, G.Sandvik: *Utvalde emne frå norsk rettshistorie*. Oslo-Bergen-Tromsø 1981.

Blom, G.Authén: *Hellig Olavs by. Middelalder til 1537. Trondheims historie 997-1997. Bind 1*. Oslo 1997.

Blom, I. og S.Sogner (red.): *Med kjønnsperspektiv på Norsk Historie. Fra vikingtid til 2000-årsskiftet*. Oslo 1999.

- Blomstedt, Y., P.Frohnert, H.Gustafsson, H.Jørgensen, A.-H.Nagel, C.Peterson, S.Supphellen, H.Vuorensola: *Administrasjon i Norden på 1700-talet*. Oslo – Bergen – Stavanger – Tromsø 1985.
- Briggs, J., C.Harrison, A.McInnes, D.Vincent: *Crime and Punishment in England. An introductory history*. London 1996.
- Cappelens leksikon*. (red. W.Brøgger) Bind 1 og 4. Oslo 1983.
- Danielsen, R., S.Dyrvik, T.Grønlie, K.Helle, E.Hovland: *Grunntrekk i norsk historie fra vikingtid til våre dager*. Oslo 1991.
- Edvardsen, E.: *Bergen*. Bergens Historiske Forenings Skrifter nr.55/56.1949/50. Bergen 1951.
- Edvardsen, E.: *Bergen*. Bergens Historiske Forenings Skrifter nr.57/58.1951/52. Bergen 1952.
- Ersland, G.A. og H. Sandvik: *Eit rike tek form. Norsk historie 1300-1625*. Oslo 1999.
- Fladby, R.: *Fra lensmannstjener til Kongelig Majestets Foged*. Oslo 1963.
- Fladby, R.: *Samfunn i vekst under fremmed styre 1536-1660*. Bergen-Oslo-Stavanger-Tromsø 1986.
- Fladby, R., S. Imsen, H.Winge: *Norsk Historisk Leksikon. Næringsliv, rettsvesen, administrasjon, mynt, mål og vekt, militære forhold, byggeskikk m.m. 1500-1850*. Oslo 1974. (NHL)
- Fossen, A.B.: *Borgerskapets by 1536-1800. Bergen bys historie bind II*. Bergen - Oslo - Tromsø 1979.
- Fossen, A.B., E. Ertresvaag: *Til Indvohnernes større Sikkerhed. Bergen politikammer 1692-1992*. Bergen 1992.
- Fredrikstad lagtingsprotokoll 1607-1615*. (utgåve ved O. Sandaaker) Oslo 1989.
- Friis, P.C.: *Bergens Stifts Beskrivelse (1600)*. I serien "Norrigis Bescripfuelse". Bergen 1985.
- Geelmuyden, C. og H.Schetelig: *Bergen 1814-1914. Bind I*. Bergen 1914.
- Hagen, R.M., K.Johannessen, L.Marthinsen, E.Mikkelsen, H.F.Skram, A.-H.Nagel: *Norsk Historisk Atlas*. Oslo 1980.
- Hansen, T.: *Bergen lagting som straffedomstol i appellsaker 1702-1737. En undersøkelse av appellordningen og domspraksis*. Bergen 1993.
- Hartvedt, G.H.: *Bergen byleksikon*. Oslo 1994.
- Helle, K.: *Kongssete og kjøpstad. Fra opphavet til 1536. Bergen bys historie bind I*. Bergen - Oslo - Tromsø 1979.
- Holmsen, A.: *Norges historie. Første bind. Fra de eldste tider til 1660*. Oslo 1949.
- Kiil, A.: *Arkivkunnskap. Statsarkiva*. Oslo 1969.
- Kjelstadli, K.: *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo 1992.
- Kong Christian den femtes norske lov. 15de april 1687. Med kongeloven 1665*. Oslo 1982.
- Kong Christian den fjerdes norske lovbog af 1604*. (utgåve ved F.Hallager og F.Brandt) Christiania 1855.
- Koren-Wiberg, J.: *Det Norske Kontor. En orientering*. Det hanseatiske museums skrifter nr.9, 1934. Bergen 1934.
- Koren-Wiberg, C.: *By og brygge. Billeder fra Bergen*. Kristiania 1912.

- Koren-Wiberg, C.: *Det hanseatiske museums manuskriptsamling*. Det hanseatiske museums skrifter nr.5, 1926. Bergen 1926.
- Koren-Wiberg, C.: *Hanseaterne og Bergen. Forholdet mellem de kontorske og det bergenske bysamfund*. Bergen 1932.
- Kraft, J.: *Historisk-topographisk Haandbog over Kongeriget Norge*. Christiania 1848.
- Kraft, J.: *Topographisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge. Fjerde Deel. Det Vestenffjeldske Norge*. Christiania 1830.
- Leinaas, K.: *Hanseatenes sosiale forhold til bergenserne. En historiografisk undersøkelse*. Upublisert hovudfagsoppgåve i historie, UiB våren 1979.
- Lund, T.: *Daglig liv i Norden i det sekstende århundre. Første bind*. Oslo 1939.
- Magnus Lagabøters bylov av 1276*. (utgåve ved K. Robberstad) Kristiania 1923.
- Magnus Lagabøters landslov av 1274*. (utgåve ved A. Taranger) Kristiania 1915.
- Nedrebø, Y.: "Bergen – frå Skandinavias største by til strilane sin hovudstad. Om folketalsutvikling og flytting 1600-1900" I *Frå Fjon til Fusa. Årbok 1990/91*. Hordamuseet og Nord- og Midthordland Sogelag. 43. og 44. årgang.
- Nicolaysen, N.: *Norske magasin I. Skrifter og optegnelser angaaende Norge og forfattede efter reformationen*. Christiania 1858.
- Nicolaysen, N.: *Norske magasin II. Skrifter og optegnelser angaaende Norge og forfattede efter reformationen*. Christiania 1868.
- Nielsen, Y.: *Bergen fra de ældste tider indtil nutiden. En historisk-topografisk skildring*. Christiania 1877.
- Nielsen, Y.: *Tidsrummet 1537-1588. Norges historie. IV binds første del*. Kristiania 1909.
- Nielsen, Y.: *Tidsrummet 1588-1660. Norges historie. IV binds anden del.*. Kristiania 1911.
- Nilsen, H.: *Absalon Pederssøns dagbok 1552-1572. I Dagbok og oration om Mester Geble*. Kommentarbånd. Andre utgåve. Oslo-Bergen-Tromsø 1970.
- Norske herredags-dombøger. Første række (1578-1604). I-III*. Christiania 1893.
- Norske herredags-dombøger. Første række (1578-1604). IV-VI*. Christiania 1895.
- Norske lensrekneskapsbøker 1548-67. Bind IV*. Oslo 1941. (NLR IV)
- Norske lensrekneskapsbøker 1548-67. Bind V*. Oslo 1943. (NLR V)
- Norske rigs-registranter tildeels i uddrag. I* (utgåve ved Edv.O.Heiberg og S.Petersen). Christiania 1861. (NRR I)
- Norske rigs-registranter tildeels i uddrag. II* (utgåve ved O.Gr.Lundh og S.Petersen). Christiania 1863. (NRR II)
- Norske rigs-registranter tildeels i uddrag. III* (utgåve ved O.Gr.Lundh og I.E. Sars). Christiania 1865. (NRR III)
- Norsk riksmålsordbok*. (T.Knudsen og A.Sommerfelt) Bind 2 og 3. Oslo 1983.
- Næss, H.E.: "Lagtingsprotokoller – gullgruber med feller." I *Heimen* 1 – 1984. Oslo 1984.

Næss, H.E.: *Trolldomsprosessene i Norge på 1500-1600 tallet. En retts- og sosialhistorisk undersøkelse.* Doktoravhandling. Oslo 1982.

Ordbog over det danske sprog. Femtende bind.(red.V.Dahlerup) København 1934.

Oslo lagtingsprotokoll nr.II-VII, 1608-1616. Oppland lagtingsprotokoll nr.I, 1611-1613. (utgåve ved K.L. Kleivane) Oslo1987.

Platou, O.: *Forelæsninger over retskildernes teori.* Kristiania 1915.

Rian, Ø.: *Den nye begynnelsen 1520-1660.* Bind V i Helle, K.(red.) *Aschehougs Norges historie.* Oslo 1995.

Robberstad, K.: *Frå gamal til ny rett, I.* Oslo 1950.

Robberstad, K.: *År og hendingar i rettsoga.* Oslo 1960.

Robberstad, K.: *Fyrelasingar um rettsoga i millomalder og nytid II.* Oslo 1966.

Robberstad, K.: *Rettsoga I.* Oslo-Bergen-Tromsø 1970.

Salmonsens konversations leksikon. (Blangstrup, C.(red.)) Bind 2, 18 og 22. Andre utgåve. København 1915.

Sandmo, E.: *Voldssamfunnets undergang. Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet.* Oslo 1999.

Sandnes, J.: *Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500- og 1600-tallet.* Oslo 1990.

Schreiner, J.: *Hanseatene og Norge i det 16.århundre.* Oslo 1941.

Secher, V.A.: *Gårdsretten. I Forordninger, recesser og andre kongelige breve, Danmarks lovgivning vedkommende, 1558-1660. 1.bind, 1558-75.* København 1887-88.

Seip, J.A.: *Lagmann og lagting i senmiddelalderen og det 16de århundre.* Oslo 1934.

Seip, J.A. og O. Aurenes: *Tingbøker frå Jæren og Dalane 1613-1663. Band I (1613-1625).*

Skeie, J.: *Den norske strafferett. Første bind.* Oslo 1937.

Sollied, O.og P.R.Sollied: "Bergens Bartskerere og Kirurger 1500-1800." *Bergens Historiske Forenings Skrifter nr.28-30.1922-24.* Bergen 1922.

Sprauten, K.: *Byen ved festningen. Oslo bys historie. Bind 2.* Oslo 1992.

Stavanger domkapitels protokoll 1571-1630. (utgåve ved A.Brandrud) Christiania 1897.

Steen, S.: *Det norske folks liv og historie gjennom tidene. Tidsrummet fra omkring 1500 til omkring 1640. Bind IV.* Oslo 1935.

Steen, S.: *Bergen - byen mellom fjellene. Et historisk utsyn.* Bergen 1969.

Størssøn, M.: "Mats Størssøns beretning (1560-1569). Om de tydske Kjøbmænd i Bergen" *Norske Magasin I.* Christiania 1860.

Supphellen, S.: *Frå Vincents Lunge til Christoffer Valkendorf. Om lensmenn på Bergenhus, deira maktgrunnlag og funksjonar i tida kring reformasjonen.* Upublisert hovudfagsoppgåve i historie, UiO hausten 1966.

Supphellen, S.: *Innvandrerne by. 1537-1800. Trondheims historie 997-1997. Bind 2.* Oslo 1997.

Taranger, A.: *Tidsrummet 1443-1537. Norges historie. Tredje binds anden del.* Kristiania 1917.

Taranger, A.: *Utsikt over den norske retts historie I.* Oslo 1935.

Thime, T.: "Sorenskriverens plass i den norske instansordningen." I Næss H.E.(red.) *For rett og rettferdighet i 400 år. Sorenskriverne i Norge 1591-1991.* Oslo 1991.

Thomle, E.A.: *Norske herredags-dombøger. Første række (1578-1604) I.R.-I-III.* Utgitt av Det Norske Historiske Kildeskriftfond. Christiania 1893.

Thomle, E.A.: *Norske herredags-dombøger. Andre række (1578-1604) I.R.-IV-VI.* Utgitt av Det Norske Historiske Kildeskriftfond. Christiania 1895.

Tyvoll, L.: *Bergen Byfogdembete og Bergen Byskriverembetes historie.* Bergen 1993.

Tønnesson, K.: *Rapport II. Normer og sosial kontroll i Norden ca.1550-1850. Domstolene i samspill med lokalsamfunnet.* Det 22.nordiske historikermøte. Oslo 13.-18. August 1994. Oslo 1994.

Wahl, : "Da Bergenhus blev en fæstning". *Bergens Historiske Forenings Skrifter.* Bergen 1925.

Winge, H.(red.): *Lover og forordninger 1537-1605. Norsk lovstoff i sammendrag.* Oslo 1988.

Utrykte kjelder

Bergen rådstueprotokoll 1592-94. Transkribert av Gro Bastiansen for Ættehistorisk institutt, Bergen 1996. Frå Statsarkivet i Bergen.

Sakefallslistene i Bergenhus lensreknskap 1597/98. Utskrift av microfilm frå Statsarkivet i Bergen. Original i Riksarkivet i Oslo.

Kjelder tilgjengelege på internett

Diplomatarium Norvegicum. Oldbreve til Kundskap om Norges indre og ydre Forholde, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen. Bind I-XXI. www.dokpro.uio.no/dipl_norv/diplom_felt.html (mars 2000)

